

# Hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen

*1250 - 1600*

Åsmund Skaar



Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

15. mai 2014



# Hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen

*1250 - 1600*

Åsmund Skaar

© Åsmund Skaar

2014

<http://bora.uib.no/>

# Forord

Eg vil med dette takke min rettleiar Geir Atle Ersland for alltid å ha vore tilgjengeleg, uansett når på døgnet eg har trengt det, og for god hjelp gjennom desse åra eg har vore masterstudent.

Eg vil og rette ei takk til mellomalderseminaret, for gode og konstruktive tilbakemeldingar på alle utkasta eg har lagt fram.

I tillegg vil eg takke mine foreldre for økonomisk støtte, og mine medstudentar for moralsk og mindre moralsk støtte gjennom desse åra vi har budd på Sydnes.

# Innholdsliste

## Føreord IV

## Innholdsliste V

<b>Kapittel 1 – Innleiingskapittel</b>	<b>1</b>
- <b>Problemstilling</b>	<b>1</b>
- <b>Historiografi</b>	<b>1</b>
○ Tidlegare forskning rundt hanseatar og norsk lokalhandel	1
○ Tidlegare forskning med hanseatane som emne	5
▪ Ein norsk handelsstand før hanseatane	6
▪ Historikarane sine syn på hanseatane sitt inntog	8
▪ Debatten om korleis hanseatane oppnådde den dominerande rolla innanfor norsk handel	10
• Hansaen som teknisk overlegne	10
• Norsk handelspolitikk	11
• Det norske behovet for tysk korn	12
- <b>Kjelder</b>	<b>13</b>
○ Norges gamle love	13
○ Diplomatarium Norvegicum	14
○ Norske Rigs-Registranter	15
○ Olav Engelbriktssons Rekneskapsbøker 1532-1538	15
○ Norske Regneskaber og Jordebøger	16
- <b>Kjelder frå det hanseatiske byarkivet i Lübeck</b>	<b>16</b>
- <b>Avgrensing og metode</b>	<b>21</b>
- <b>Omgrep og avklaringar</b>	<b>23</b>
<b>Kapittel 2 - Norsk lovgjeving for hanseatane si deltaking i lokalhandel</b>	<b>25</b>
- <b>Innleiing</b>	<b>25</b>
- <b>Lovgrunlaget i den hanseatiske etableringsfasen 1250 til rundt 1300</b>	<b>26</b>

○ Oppsummering	31
- Ekspansjonsfasen rundt 1300 – 1380	32
- Kampen om lokalhandelen	37
<b>Kapittel 3 – Lovgrunnlag i seinmellomalder og tidleg ny-tid</b>	<b>40</b>
- Innleiing	40
- Lovgrunnlaget frå Det hanseatiske kontoret vart etablert og fram til 1600	40
- Overgangen til tidleg ny-tid (1530-talet fram mot 1600)	47
- Konklusjon	54
<b>Kapittel 4 – Utviklinga i seinmellomalder</b>	<b>56</b>
- Innleiing	56
- Handheving av lova	56
- Notov	61
- Konklusjon	65
<b>Kapittel 5 – Rekneskapsbøker og nytt kjeldemateriale frå byarkivet i Lübeck</b>	<b>67</b>
- Innleiing	67
- Olav Engelbriktssons Rekneskapsbøker 1532 – 1538	67
- Rekneskapsbøker frå Det hanseatiske kontor	78
○ Innleiing	78
○ Varer sendt til Bergen	79
○ Varer sendt frå Bergen	82
- Konklusjon	84
<b>Kapittel 6 – Avslutning og konklusjon</b>	<b>85</b>
<b>Abstract</b>	<b>89</b>
<b>Litteratur og Kjelder</b>	<b>91</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>94</b>

## Kapittel 1 – Innleiingskapittel

I *Bergen bys historie* band 1 skisserer Knut Helle at vareomsetjinga som gjekk føre seg i Bergen i mellomalderen, grovt sett kan bli delt inn i tre hovudtypar. Den første er fjernhandelen mellom Bergen og utlandet, og mellom Bergen og Nordnorge/skattlanda. Dette er den typen handel som har blitt kalla for eksporthandel. Den andre typen er mellomhandel, som omfatta alle former for oppkjøp med sikte på vidareasal i Bergen til andre kjøpmenn, noko som kan minne om moderne grossistverksemd. Den siste typen Helle nemner i denne samanheng er detaljhandel eller kjøp og sal i smått frå kjøpmann eller produsent og forbrukar.<sup>1</sup> Mellomhandel og detaljhandel er to typar handel som eg vil slå i hop til ein eigen kategori, lokalhandel. Medan eksporthandel og hanseatar har vore eit sentralt tema i norsk mellomalderforskning, meiner eg at lokalhandel har kome i skuggen av denne. Grunnen til dette er at tidlegare forskning verkar å ha sett på ei hanseatisk deltaking i norsk lokalhandel som ei sannheit. Dette heilt utan å nytte empiri som grunnlag til kvifor hanseatane har deltatt i slik handel, eller ved å drøfte om lovstoffet kan tolkast annleis. Eg vil med dette arbeidet undersøke norsk lokalhandel i mellomalderen, då i samband med ei hanseatisk deltaking i denne, med utgangspunkt i Bergen. Med dette arbeidet skal eg nytte tidlegare forskning sine påstandar i lag med nye kjelder og mine egne tolkingar av kjeldene, for å undersøke om det tilgjengelege kjeldematerialet kan bevise om hanseatane var delaktige i norsk lokalhandel. Som problemstilling har eg valt å ta føre meg:

*Kva rolle hadde hanseatane innanfor bergensk lokalhandel mellom 1250 og fram til rundt 1600, og kan det tilgjengelege kjeldematerialet fortelje noko om kor viktig ei eventuell deltaking i denne handelen var for hanseatane?*

## Historiografi

*Tidlegare forskning rundt hanseatar og norsk lokalhandel*

Sidan eg meiner at tidlegare forskarar ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å uttale seg om hanseatar og lokalhandel, ser eg det som naudsynt å nemne kva forskarar som har skrive om

---

1 Helle, 1982: 414

dette emnet, og kva som så langt har kome fram i denne samanheng. Det er særleg fire forskarar som har uttalt seg om hanseatane si rolle i norsk lokalhandel, og som kjem til å bli nytta gjennom dette prosjektet. Desse er:

- Schreiner, Johan (1903-1967) med bøkene *Hanseatene og Norges nedgang 1935* og *Hanseatene og Norge i det 16. Århundre* 1941.

- Fossen, Anders Bjarne (1935-2013) og *Bergen bys historie* bd. 2. 1979.

- Helle, Knut (1930- ) og *Bergen bys historie* bd. 1. 1982.

- Nedkvitne, Arnved (1947- ) med doktoravhandlinga *Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100 – 1600* 1983.

Schreiner tar for seg i boka *Hanseatene og Norges nedgang* at hanseatane stod fritt til å drive med lokalhandel på same måte som norske innbyggjarar på 1200-talet og delar av 1300-talet. Lokalhandelen skulle slik ikkje vere avgrensa til nordmenn, og hansaen stod slik fritt til å kunne utkonkurrere den handel som nordmennene dreiv. Dette var så eit tydeleg bevis på det faktum at hanseatane ytterlegare hadde festa si stilling i Noreg, og slik førte til ein nedgangsperiode for landet.<sup>2</sup> I store delar av sin argumentasjon, har Schreiner nytta Norges gamle love og *Diplomataricum Norvegicum* som kjelder for å kunne uttale seg om norsk lokalhandel. Her dreg han fram spesielt dei vedtektene som gjekk inn for å avgrense hanseatane si stilling innanfor norsk handel, som til dømes vedtektene frå 1282, der det vart sett forbod for hanseatiske kjøpmenn å drive oppkjøp av kveg i bygder.<sup>3</sup> Vedtektene frå 1282, og lovgrunnlaget i si heilheit vil bli gått gjennom i detalj i kapittel 2 og 3. Eg vil her nøye meg med å nemne at i Schreiner sin argumentasjon, verkar det etter mitt syn som han argumenterar for at hanseatane ikkje følgde norsk lov, og dreiv med lokalhandel etter at det vart sett opp forbod mot ei hanseatisk deltaking i norsk lokalhandel. I tillegg verkar det som han sett på dei ulike forboda mot at hanseatar dreiv med lokalhandel som bevis på at hanseatane faktisk var involverte i norsk lokalhandel.

Knut Helle meiner at lokalhandelen var så viktig at òg utanlandske kjøpmenn søkte etter å arbeide seg inn i den. Det var i første rekke dette som var grunnen til at dei slo seg ned i

---

2 Schreiner, 1935: 32

3 NgL III nr 2, her etter NMD nr 30, s. 154



Bergen som vintersitjarar, eller sende andre på vegne av seg sjølv for å sitje i Bergen over vinteren. I første rekke var vintersitjinga ein organisert lokalhandel, eit middel til å kunne kjøpe opp og selje ut over lengre tid enn ein utanlandsk gjest hadde moglegheit til i seglingssesongen. I tillegg meiner Helle at heile fundamentet for vintersitjinga var å gjere hanseatane mest mogleg uavhengige av norskdriven lokalhandel.<sup>4</sup>

Den historikaren som har flest meiningar om ei hanseatisk deltaking i norsk lokalhandel, er Anders Bjarne Fossen. I *Bergen bys historie* band 2 kom han med fleire utsegn som dreia seg om dette. I det andre kapittelet av denne boka, nemner han at fundamentet for den hanseatiske eksistens var import av korn og øl, og byting av desse varene mot tørrfisk frå Nordland.<sup>5</sup> På same tid nemner han eit anna moment som grunnlag for den hanseatiske eksistensen. «Av sekundær art, men like fullt viktig nok, var Kontorets handel med bøndene på Vestlandet med oppkjøp av matvarer til eget underhold, til salg i byen og til eksport, samt omsetningen av kramvarer innen byens grenser.»<sup>6</sup> Vidare skriv han: «At Kontorets rett til mye av denne handelsvirksomheten var ytterst tvilsom, skal vi vende tilbake til senere. Her er det nok å understreke at handelen var ganske betydelig.»<sup>7</sup> Det han skal komme tilbake til, er i kor stor grad hanseatane hadde rett til å drive med lokalhandel etter norsk lov. Dette er noko han gjere ved å ta for seg ulike delar av lov materialet, og kjem fram til konklusjonen «men småhandelen skulle de stå helt utenfor.»<sup>8</sup> Det som er problematisk med framstillinga til Fossen, er at han understrekar at handelen var ganske betydeleg, og at omsetjinga av kramvarer innanfor byen sine grenser var like viktig som eksporthandelen. Dette heilt utan å gi nokon vidare grunn til kvifor han meiner dette. Han kjem slik med utsegner som for meg verkar å vere ei personleg meining utan grunnlag i kjeldematerialet. I tillegg er det høver der han direkte har feiltolka kjelder. Eit godt døme på dette er då han meiner at hansakjøpmenn eller andre utlendingar dreiv med ein utstrekt detaljhandel i Bergen, og at desse kjøpmennene ikkje var interesserte i å virke som grossistar for bergensarane.<sup>9</sup> Det han legg som grunnlag til å hevde dette, er side 290 i Johan Schreiner si bok *Hanseatene og Norge i det 16. Århundre*. På denne sida diskuterer Schreiner den nederlandske handelen i Bergen, der han dreg fram ei klage frå oldermennene på ved Det hanseatiske kontor, som går på at nederlendarane driv

---

4 Helle, 1982: 416. Helle nyttar her ordet «mellomhandel» i staden for «lokalhandel».

5 Fossen, 1979: 14

6 Fossen, 1979: 14

7 Fossen, 1979: 14

8 Fossen, 1979: 28

9 Fossen, 1979: 24

«høkerhandel i alen og småvekt» i stort sett alle boder på Stranden.<sup>10</sup> Det som er interessant er at klaga er frå hanseatane sjølv, og handlar om at nederlendarar i strid med privilegia frå den norske kongen dreiv med utstrekt detaljhandel. Ut av det hanseatiske klagebrevet på framferda til nederlandske kjøpmenn, har altså Fossen konkludert med at hanseatane var delaktige i ein utstrekt detaljhandel i Bergen.

Ein anna historikar som meiner hanseatane var delaktige i lokalhandel, er Arnved Nedkvitne. Sjølv om Nedkvitne si avhandling går primært mot eksporthandelen, nemner han og lokalhandel. I samband med ein gjennomgang av norsk handelspolitikk og lovverk, meiner han det er openbart at hanseatane helst ville ha full fridom til landkjøp.<sup>11</sup> I denne samanheng meiner han at hanseatane prøvde å omgå forbodet mot landkjøp og segling nord for Bergen ved å bruke norske mellommenn. Han viser til at det allereie i 1302-1313 vart sett forbod mot at utlendingar gjorde felag med nordmenn som skulle bringe varene deira til Island eller andre skattland.<sup>12</sup> I denne samanheng viser han til Norges gamle love.

Geir Atle Ersland skriv i artikkelen «Torget i Bergen fra opphavet og til 1733» frå 2012, om debatten kring flyttinga av torget i Bergen på midten av 1500-talet. Han tar for seg grunnar til kvifor borgarane i Bergen meinte at ei flytting måtte gjennomførast. Den tidlegaste plasseringa av torget i Bergen låg på Breidallmenningen. Dette var eit område som låg midt på Bryggen ved sidan av Det hanseatiske kontor, eit område der medlem av den hanseatiske handelsorganisasjonen dominerte fullstendig. Ersland meiner at torget var vesentleg for dagleg tilgong på matvarer i eit kvart bysamfunn. I Bergen klaga borgarane over at hanseatane kjøpte varer til dagleg bruk før borgarane rakk fram til torget. .<sup>13</sup> Plasseringa av det hanseatiske kontoret og torget kan ha gjort det mogleg for hanseatane å få ta del i varer frå torget, før dei bergenske borgarane frå Vågsbotnen eller Strandsida fekk moglegheit til det same. Slik kan det vere at lokalhandel for hansaen kanskje var avgrensa til handel av matvarer og bruksvarer til eige bruk, i strid med andre historikarar sine tidlegare nemnde syn på dette.

Ut i frå denne korte gjennomgangen av tidlegare forskarar sine syn på hanseatar og lokalhandel, ser ein at det er likskapar. Fire av historikarane meiner at hanseatane var særskild delaktige i lokalhandelen i Bergen, medan Ersland sin artikkel kan opne for at hanseatane kun nytta lokalhandel for å dekke eige behov av matvarer og bruksvarer. På same tid, så vert det

---

10 Schreiner, 1941: 290

11 Nedkvitne, 1983: 207

12 Nedkvitne, 1983: 207

13 Ersland, 2012: 8-9

ikkje nytta empiri for å kunne støtte opp om dei ulike meiningane om hanseatane si rolle i bergensk lokalhandel. Som eg har vist i dei ulike døma eg har drege fram, ser vi at det er lov materialet som i høg grad vert nytta når det kjem til å skulle uttale seg om hanseatar og lokalhandel. Fossen støttar seg på Schreiner si forskning, som igjen støttar seg på lov materialet. Helle nemner at hanseatane må ha vore delaktige i norsk lokalhandel, men viser ikkje til kjelder der det eksplisitt står at dei faktisk var delaktige i denne typen handel. Nedkvitne støttar seg til lov materialet. Eit anna moment er at dei ulike bøkene der det vert hevda at hanseatane dreiv med lokalhandel, dreiar seg om ulike delar av perioden hanseatane var ei leiande makt innanfor handelen i Bergen. Schreiner med boka *Hanseatane og Norges nedgang* og Helle med boka *Bergen bys historie* band 1 fokuserar på tida fram mot 1536. Fossen fokuserar med boka *Bergen bys historie* band 2 på tida etter 1536, medan Schreiner si bok *Hanseatane og Norge i det 16. Århundre* tar for seg 1500-talet. Nedkvitne si avhandling og Ersland si bok *Das Kaufmannshaus* tar for seg begge desse periodane. Slik det kjem fram av desse arbeida, verkar det altså som at hanseatane vore delaktige i norsk lokalhandel gjennom mellomalderen og ut i tidleg ny-tid. I tillegg verkar det som at norske styresmakter har freista å gjere slik handel ulovleg for hanseatane å delta i. Var så hanseatane delaktige i norsk lokalhandel, og i så fall, dreiv dei då med ulovleg handel? Dette har eg lyst å ta vidare, og gjennom mitt prosjekt finne ut kva grunnlag det er for å kunne hevde dette.

#### *Tidlegare forskning med hanseatane som emne*

Kva har så vore fokus for norske historikarar si forskning med hanseatane som emne? I rapporten frå historikarmøtet i Århus i 1957, der hansaen og Norden var tema, vart det skissert tre hovudemne som har vore særleg diskutert av norske historikarar.<sup>14</sup> Det første hovudemne er om det var ein allereie etablert norsk handelsstand i norske byar før hanseatane vart ei dominerande makt innanfor den norske utanrikshandelen. Det andre emnet går på kva konsekvensar det hanseatiske inntoget hadde å seie for den norske utanrikshandelen. Det tredje emnet går på debatten rundt korleis det var mogleg for hanseatane å oppnå den leiande rolla som dei fekk. Det første emnet har vore utgangspunktet for å drøfte dei to andre, og forskningstradisjonen går tilbake til 1800-talet. Dei arbeida og historikarane som eg har nytta som bakgrunn for mitt arbeid, er:

---

14 Blom, 1972: 2

- Bugge, Alexander (1870-1929) si avhandling frå 1899, *Studier over de norske byers selvstyre og handel før hanseaternes tid*.
- Johnsen, Oscar Albert (1875-1954) med boka *Norgesveldets undergang* frå 1924.
- Schreiner, Johan (1903-1967) med bøkene *Hanseatene og Norges nedgang* frå 1935 og *Hanseatene og Norge i det 16. Århundre* frå 1941.
- Lunden, Kåre (1930- ) og «Hanseatane og norsk økonomi i seinmellomalderen» i *Historisk tidsskrift* bd. 46 frå 1967.
- Steen, Sverre (1898-1983) med boka *Bergen byen mellom fjellene* i 1970.
- Fossen, Anders Bjarne (1935-2013) og *Bergen bys historie* bd. 2 frå 1979.
- Helle, Knut (1930- ) og *Bergen bys historie* bd. 1 frå 1982.
- Nedkvitne, Arnved (1947- ) med doktoravhandlinga *Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600* frå 1983.

Når det kjem til den tidlegaste forskinga rundt emnet på 1800-talet, valte eg å ikkje ta i bruk arbeida til Ernst Sars og Peter Andreas Munch. På historikarmøtet i Århus i 1957, vart det slått fast at dei tidlegaste bidraga til diskusjonen har ein generell karakter, grunna eit fråvær av spesialundersøkingar.<sup>15</sup> Slik vart den tidlegaste historikaren for mitt prosjekt Alexander Bugge, med avhandlinga *Studier over de norske byers selvstyre og handel før hanseaternes tid* frå 1899. Ved å gjennomføre ei empirisk undersøking av den norske utanrikshandelen på grunnlag av engelske tollrullar frå tidleg på 1300-talet, meinte han å ha funne bevis for ein norsk handelsstand. «ogsaa denne store og betydelige handel, Norges viktigste, var omkring 1300 for største delen i borgerenes egne hænder.»<sup>16</sup> Slik var det han som verkeleg sette i gong det første av dei tre tidlegare nemnde hovudpunkta innanfor norsk historieforskning med hanseatane som emne.

### 1. Ein norsk handelsstand før hanseatane

Medan Bugge meinte at det var norske borgarar som stod for den norske utanrikshandelen, kom Oscar Albert Johnsen i 1924 med eit anna syn i boka *Norgesveldets undergang*. Han var

---

<sup>15</sup> Blom, 1972: 2

<sup>16</sup> Bugge, 1899: 138

einig med Bugge i at det verkeleg var ein etablert klasse av kjøpmenn i dei norske byane, og då særleg i Bergen. Han var likevel ueinig i eit sentralt punkt. Han meinte at desse kjøpmennene ikkje var borgarstyrte, men at handelen og skipsfarten i eldre tid var styrt direkte av aristokratiet. Ut over 1300-talet endra dette seg, ved at stormennene gradvis byrja å trekke seg ut av handelen, og slik gav plass til ein borgarleg handelsstand.<sup>17</sup> Johan Schreiner kom med boka *Hanseatane og Norges nedgang* i 1935. Han nyttar og tollrullane i frå Lynn, men han argumenterar for at hanseatane ikkje berre hadde negativ innverknad på den norske handelsstanden. Han meinte at fram til rundt 1307 haldt den norske skipsfarten seg temmeleg uforandra, og at norsk skipsfart må ha hatt sin rikaste blomstringsperiode rundt 1300. Etter denne blomstringsperioden byrja ein nedgang, men nordmennene tok fortsatt del i denne handelen. Vidare skriv han at høgkonjunktoren i den Nord-Europeiske handelen på 1200- og 1300-talet kom norsk skipsfart til gode.<sup>18</sup> Når det kom til kven desse nordmennene som dreiv handel var, skreiv han: «men ellers er det også tydelig at de 'kjøbmenn fra Norge' (...) gjennomgående ikke kan ha vært selvstendige, men har representert andre.»<sup>19</sup> Slik verkar det som at Schreiner er samd med Johnsen i synspunktet om at det var ein norsk handel styrt av aristokratiet. Han var òg den første som byrja å sjå på ringverknadane rundt hansaen, og ikkje berre argumentere for at tyskarane tok over norske handelsmenn si rolle innanfor eksporthandelen. Sverre Steen argumenterar i boka *Bergen byen mellom fjellene* frå 1970 for at det var ein norsk utanrikshandel frå Bergen. Han presiserar at den fortrenge gruppa først og fremst var godseigarkjøpmenn, verdslege og geistlege, i tråd med Johnsen og Schreiner. Der i mot vil han ikkje kalle dei for ein borgarskap i europeisk forstand, då dei ikkje var organiserte under faste rammer.<sup>20</sup> Den siste historikaren som eg vil ta for meg innanfor denne debatten, er Knut Helle. I boka *Bergen bys historie* bd. 1 frå 1982, er han einig med tidlegare forskarar i at det har vore ein etablert norsk handelsstand i Noreg før hanseatane sitt inntog. Utanrikshandelen var det som skapte Bergen sin eineståande posisjon, og at norsk handel med utlandet går langt tilbake.<sup>21</sup> Helle meiner at diskusjonen rundt ein norsk handelsstand har lidd under det faktum at ein ikkje har sett på korleis den norske utanrikshandelen var organisert på i høgmedalderen.<sup>22</sup> Kjeldematerialet frå perioden har lite å seie om dei norske kjøpmennene sin bakgrunn. Av denne grunn kan ein ikkje avgjere om det er sjølvstendige

---

17 Johnsen, 1924: 31

18 Schreiner, 1935: 48, 49

19 Schreiner, 1935: 17

20 Steen, 1970: 63

21 Helle, 1982: 304

22 Helle, 1982: 372, 373

kjøpmenn, eller om desse kjøpmennene var underordna andre som til dømes kyrkje eller krone. Det som ein kan konkludere med ut i frå kjeldematerialet, er at det har vore ei gruppe profesjonelle kjøpmenn tilstades i Noreg som engasjerte seg i utanrikshandel. Desse har og mest truleg samarbeida med aristokratiet om utskiping av varer for dei.<sup>23</sup>

## 2. Historikarane sine syn på hanseatane sitt inntog.

Rundt hanseatane sitt inntog er det særleg to syn som er blitt trekt fram og diskutert. På eine sida var Ernst Sars og Peter Andreas Munch, som meinte at dei utanlandske kjøpmennene fylte eit tomrom innanfor norsk handelsverksemd. Alexander Bugge var ikkje einig i dette, og meinte det hadde vore ein sjølvstyrt borgarstand som dreiv med handel i Noreg. Det hanseatiske inntoget vart etter hans syn «fremforalt Hanseaternes komme dræbte den lovende begynnelse.»<sup>24</sup> Dette negative synet var ikkje noko nytt. Heilt frå *Bergen Fundas*, ei oversikt over Bergen si historie frå dei tidlegaste tider og fram til midten av 1500-talet, som vart forfatta i andre halvdel av 1500-talet var dette synet gjeldande. «Og på denne tid har landet vore mektig og almuen rik. Men med ein gong dei tyske kom til landet, då vart slik handel til intet.»<sup>25</sup> Johnsen slutta seg til Bugge sitt negative syn, men meinte at Bugge hadde overvurdert denne borgarstyrte samfunnsklassen si rolle innanfor utanrikshandelen. Det var ikkje utenkjeleg at somme borgarar makta å oppnå velstand frå handelen. Det Johnsen meinte var viktig, var at desse borgarane må ha vore økonomisk avhengige av aristokratiet.<sup>26</sup> Han meinte og at dette aristokratiet hadde ei hovudinteresse i forvaltinga av jordegodset, og at handelen spelte ei sekundær rolle. Denne sekundære rolla meiner han viser til at godseigarane var meir interesserte i ei hanseatisk overtaking av den norske handelsmarknaden.<sup>27</sup> Medan Bugge fokuserte på at hanseatane hadde tatt over den norske utanrikshandelen med makt, meinte Johnsen at ein passivitet ved det norske aristokratiet gav hanseatane ei gyllen moglegheit til å kunne ta over denne handelen.

Noko nytt innanfor denne debatten vart ikkje lagt fram før Schreiner tok del i diskusjonen.<sup>28</sup> Han meinte at det er umogleg å komme utanom debatten om hanseatane fylte eit tomrom, eller utkonkurrerte ein allereie etablert norsk handelsstand. Likevel hevda han at det er endå

---

23 Helle, 1982: 373, 374

24 Bugge, 1899: 109

25 *Bergen Fundas*, 1954: 45 «Och paa denne tiidt haffuer landit verit Weldigt och Allmuen haffuer Werit Riige. Menndt Strax de Tydske erre komme vdi Lanndit, da er saadan hanndel bleffuen till Inndtet.»

26 Johnsen, 1924: 32

27 Johnsen, 1924: 32, 33

28 Blom, 1972: 6

viktigare å sjå på dei vilkåra som betinga hanseatane sitt herredøme innanfor handelen i Noreg.<sup>29</sup> Han tok for seg fleire vilkår, men hovudvilkåret var etter hans syn ei norsk avhengigheit av korn.<sup>30</sup> For å oppretthalde ein jamn straum av korn til landet, meiner han at Noreg kom i ein situasjon der landet sitt sjølvstende gjekk tapt.<sup>31</sup> Slik meiner han at debatten om inntoget av hansaen måtte forklarast på andre måtar enn det som forskarar før han hadde sett på. Han vart slik ein av dei første som såg på kva som skjedde rundt hansaen, og kva følgjer dette fekk for Noreg. Grete Authèn Blom tok dette vidare, og meinte at utanrikshandelen som hanseatane vart involverte i, var ein ny type for handel. Denne handelen var import og eksport av massevarer, med korn og tørrfisk som hovudvarer. Etter hennar syn var det ikkje lenger snakk om at hanseatane overtok for eller fortrenge norske handelsmenn. Denne handelen med massevarer var noko som norske handelsmenn aldri hadde drive med, og slik vart hanseatane aktørar i ein ny handel i Noreg.<sup>32</sup> Kåre Lunden kom med artikkelen «Hanseatane og norsk økonomi i seinmellomalderen» i *Historisk tidsskrift* bd. 46 frå 1967. I denne artikkelen tok han for seg prisforhold i mellomalderen, og meiner at handelen som hanseatane dreiv på Noreg, knapt fekk noko utslag for dei store produsentgruppene i landet.<sup>33</sup> Arbeidet til Lunden skulle kome til å dreie debatten bort frå det tradisjonelle spørsmålet om Noregs nedgang, og i staden sette fokus på kva hansahandelen fekk å seie for folk flest.<sup>34</sup>

I boka *Bergen byen mellom fjellene* nemner ikkje Steen namn, men kjem med kritikk mot synet om hanseatane som ein negativ faktor for det norske riket. «Folk i vår tid ser gjerne på korninnførselen i seinmiddelalderen som et onde: Norge ble avhengig av utlandet. Og enkelte dømmes de gamle kongene hårdt som ofret 'de nasjonale interesser' for korn.»<sup>35</sup> Etter gjennomgangen av tidlegare forskning, er det nok tenkeleg at han har både Bugge, Johnsen og Schreiner i tankane. Steen meiner at når importen av korn var eit faktum, hadde dette ikkje negative ringverknadar på det norske samfunnet. Det var heller eit økonomisk framsteg.<sup>36</sup> Hansaen sitt inntog gav slik etter Steen sitt syn positive ringverknadar i samfunnet, med eit

---

29 Schreiner, 1935: 7

30 Schreiner, 1935: 38

31 Schreiner, 1935: 60

32 Blom, 1972: 8

33 Lunden, 1967: 127

34 Imsen, 2002: 93

35 Steen, 1970: 57

36 Steen, 1970: 58

meir variert næringsliv, der det var større arbeidsdeling og spesialisering.<sup>37</sup> Dette var noko som Knut Heller vidareførte i *Bergen bys historie* band 1. Her freista han å sjå etter kva hanseatane faktisk gav samfunna dei var i kontakt med. I følgje Helle er det for drastisk å hevde at hanseatane knekte ein allereie etablert handelsstand, noko som han gjev tre grunnar til. For det første er det ikkje mogleg å sjå bort frå det faktum at hanseatane opparbeida marked for norske varer i utlandet. Dette må norske utanrikshandlande ha hatt direkte fordelar av. For det andre var det på 1300-talet eit visst samarbeid mellom nordmenn og tyskarar i handelen med England, noko som han meiner begge aktørar må ha tent på. Som det tredje og siste punktet var det meir enn noko anna hanseatane si verksemd som førte til ei volumauke i den bergenske utanrikshandelen. Dette førte til ei auke i næringane i Bergen.<sup>38</sup> I Arnved Nedkvitne si avhandling frå 1983, *Utenrikshandelen fra det vestafjellske Norge 1100-1600*, argumenterar han for at hanseatane kopla Bergen inn i det internasjonale handelssystemet.<sup>39</sup>

### 3. Debatten om korleis hanseatane oppnådde den dominerande rolla innanfor norsk handel

I denne debatten har det vore drege fram fleire grunnar av norske historikarar til kvifor hanseatane fekk den dominerande rolla innanfor norsk handel. Eg vil konsentrere meg om særleg tre hovudpunkt som har blitt dratt fram i denne debatten. Det første er at hansaen var teknisk overlegne i forhold til norske handelsmenn. Som det andre punktet er det handelspolitikk, og til slutt som det tredje er det den norske avhengigheita av tysk korn.

Hansaen som teknisk overlegne:

Tidleg forskning rundt hanseatane la stor vekt på at dei var teknisk overlegne i forhold til norske kjøpmenn innanfor handel. Eit emne som har blitt dratt fram heilt frå 1800-talet, er at hanseatane hadde overlegne skip i forhold til nordmennene. Dette er ein teori som Helle meiner at ikkje er haldbar. Han meiner at norske handelsfarty kunne byggast, og på same tid som dei tyske vart bygd like store. Slik var det ikkje overlegen skipsteknologi som førte til at hanseatane fekk kontroll over den norske utanrikshandelen.<sup>40</sup> Ein må i staden heller sjå på

---

37 Steen, 1970: 58

38 Helle, 1982: 390

39 Nedkvitne, 1983: 161

40 Helle, 1982: 397, 398



andre faktorar for å kunne finne grunnar til hansaen sitt monopol. Nedkvitne førte denne debatten vidare. Han meiner at det som verkeleg sette dei tyske kjøpmennene i ei særstilling i forhold til andre kjøpmenn, var deira store handelsnettverk. Det var stor mobilitet mellom hansabyane, og i byar langt frå tyske områder, oppretta dei kontor og faktorier. Ein hansakjøpmann i Lübeck kunne gjennom mellommenn ha fast kontakt med ulike kundegrupper over heile Nord-Europa. Det var til dømes faste representantar for hansaen i Bergen, som hadde kontakt med fiskarar som skulle sikre leveransar av fisk.<sup>41</sup> Nordmennene sin handel var der i mot ei heilt anna historie. Som Bugge og Johnsen, meiner Nedkvitne at norsk handel hadde sterke innslag av jordeigarar og bønder. Desse kjøpmennene var ikkje avhengige av å sende skip utanlands kvart år. I tillegg hadde det norske kontaktnettet ikkje den same geografiske utstrekninga som hansaen hadde. Medan nordmennene konsentrerte seg om den skånske marknaden og hamner i Aust-England, hadde hanseatane sikra seg kontaktar frå Baltikum og heile vegen til England. Slik meiner Nedkvitne at dei hadde eit kontaktnett som ingen andre grupper av kjøpmenn kunne konkurrere mot.<sup>42</sup> Dette er Helle einig i, og han vel å nytte stikkorda «organisasjon og kapital».<sup>43</sup> Hansaen var meir kapitalsterke enn nordmennene, og med det omfattande kontaktnettet, kom dei til å dominere den norske utanrikshandelen. Dette fordi dei hadde heilt andre moglegheiter enn norske kjøpmenn til å opparbeide marked i utlandet for dei norske eksportvarene.<sup>44</sup>

#### Norsk handelspolitikk:

Eit anna moment som har blitt nytta for å diskutere hansaen sin sterke posisjon innanfor norsk handel, er den norske handelspolitikken. Schreiner er den historikaren som gjorde den mest grundige undersøkinga rundt dei norske kongane sin handelspolitikk i den tidlege forskinga om hanseatane. Han og forskarar før han har kome fram til at handelspolitikken hadde lite eller ingen innverknad på hanseatane si sterke stilling innanfor norsk handel. Dette er noko som Nedkvitne delvis sluttar seg til. «Det kan være liten tvil om at tradisjonell historieforkning har rett når den tillegger kongenes handelspolitikk minimal betydning for hanseatenes økonomiske maktstilling i høymiddelalderen.»<sup>45</sup> Nedkvitne meiner der i mot på

---

41 Nedkvitne, 1983: 243, 244

42 Nedkvitne, 1983: 243, 244, 245

43 Helle, 1982: 388

44 Helle, 1982: 390

45 Nedkvitne, 1983: 245

den andre sida at handelspolitikken fekk mykje å seie for den politiske stillinga i Noreg og Bergen. Som døme på dette dreg han fram den restriktive gjesteretten i Noreg. Denne gjesteretten hindra hanseatar frå å vekse i hop med borgarskapet i dei norske byane. Svaret til hanseatane på dette vart å organisere kontor og faktori i Noreg, og slik var den politiske stillinga styrka.<sup>46</sup> Dette er moment som eg ved eit seinare høve skal diskutere i detalj.

Det norske behovet for tysk korn:

Som det siste punktet eg vil dra fram om tidlegare historieforsking sine grunnar for hanseatane sin suksess, er det norske behovet for korn. Dette fordi det har vore ein sentral del av debatten på 1900-talet. Tidlegare var eg inne på at Schreiner meinte at Noreg var komen i ein situasjon der landet var avhengig av varer utanifrå.<sup>47</sup> På grunn av eit auka behov for arbeidskraft i byane, meinte Schreiner at dette trekte folk bort frå landsbygda. Med lite arbeidsfolk att på gardane, og eit jordareal som verka å krympe, meiner han at «Norge var ikke i stand til å brødfø så mange mennesker som tidligere.»<sup>48</sup> På grunn av hungersnød vart behovet for korn den viktigaste faktoren til å forstå kvifor hanseatane fekk den sentrale stillinga innanfor norsk handel. Steen er einig med Schreiner. Det var eit tydeleg behov for import av korn til landet, men han meiner vi ikkje kan vite kvifor det vart eit behov for denne importen.<sup>49</sup> Kåre Lunden kom med nye moment til denne diskusjonen i 1967. Han såg på energimengda i kosten til mennesket i mellomalderen. Ut i frå dette meinte han at den hanseatiske importen av korn ikkje dekkja noko vitalt næringsbehov hos fiskarane. Slik var ikkje kornet eit pressmiddel. I tillegg såg han at korn var vesentleg billegare enn tørrfisk. Av desse grunnane måtte slik hanseatane sitt motiv med kornimporten vere å få tilgang til eksporthandelen med tørrfisk.<sup>50</sup> Lunden braut slik med den tradisjonelle forskinga som Schreiner var ein del av. Helle meiner at kornet var viktig for handelen med Noreg, og at hanseatane sitt grep om utanrikshandelen aldri var trua. Dette fordi det ikkje fanst noko alternativ blant andre grupper av kjøpmenn som kunne erstatte hansaen når det gjaldt å finne marknader for norske eksportvarer.<sup>51</sup> Nedkvitne meiner at hungersnouden som Schreiner skriv

---

46 Nedkvitne, 1983: 245

47 Schreiner, 1935: 8

48 Schreiner, 1935: 47

49 Steen, 1970: 57

50 Lunden, 1967: 102-104

51 Helle, 1982: 776

om ikkje skuldast kornmangel, men heller dårleg fiske.<sup>52</sup> I tillegg meiner Nedkvitne at det ikkje var eit større behov for import av korn til Noreg i forhold til andre land i Europa. Kornbehovet er slik ikkje ei dekkande forklaring til hansaen si stilling. Det er andre moment som kan forklare dette, som den politiske og økonomiske organisasjonen til hansaen.<sup>53</sup>

## Kjelder

For å kunne sjå på om tidlegare forskarar har grunnlag for å kunne hevde at hanseatane var delaktige i norsk lokalhandel, er det naudsynt å gå inn i det same kjeldematerialet som desse forskarane har tatt for seg. I samband med dette har eg kome fram til kjeldesamlingar som har blitt nytta av samtlege av dei fire historikarane eg tidlegare har drege fram i samband med problemstillinga for prosjektet. Desse kjeldesamlingane er Norges gamle love, Diplomatarium Norvegicum, Norges rigsregistrarer, Olav Engelbriktssons Rekneskapsbøker og Norske Regneskaber og Jordebøger. Desse vil eg òg ta for meg i denne rekkefølga.

### *Norges gamle love*

Dette er ei historisk kjeldesamling av norske lover frå dei eldste tider og fram til 1536. Serien består av to rekker, der den første tar for seg lover fram til 1387. Den andre rekka tar for seg lover frå 1388 til 1536. Den første rekka består av fem band som kom ut mellom 1846 og 1895. Initiativet til å samle inn og gje ut desse lovene, var det Gregers Fougner Lundh som stod bak i 1830, då han bad stortinget om økonomisk støtte til dette arbeidet. I mai 1835 tok arbeidet til, og det praktiske arbeidet med å samle inn og katalogisere lovene, var det Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch som stod bak. Dei byrja arbeidet i Danmark, før dei reiste til Sverige og fortsette innsamlingane der. Til slutt reiste dei tilbake til Noreg der arbeidet vart avslutta.<sup>54</sup> Dei banda som første rekke består av er:

- Band 1: Gamle Norske lover eldre enn 1263. Dette vart utgjeve i 1846.
- Band 2: Frå 1263 til 1280, og kom ut i 1848.

---

52 Nedkvitne, 1983: 251

53 Nedkvitne, 1983: 252

54 NgL I forord

- Band 3: Frå 1280-1387, som kom ut i 1849.
- Band 4: Supplement samt handskriftsbeskrivelsar med facsimiler. Dette bindet kom ut i 1885 med Gustav Storm som forfattar.
- Band 5: Supplement og facsimiler samt glossarium med register. Dette kom ut i 1895 med Ebbe Hertzberg og Gustav Storm som forfattarar.

Den andre rekka vert i dag utgjeve av kjeldeskriftsavdelingen, og består av fire band.

- Band 1: frå 1388 til 1447, utgjeven ved Absalon Taranger i 1912.
- Band 2: frå 1448 til 1482, utgjeven ved Oscar Albert Johnsen, Oluf Kolsrud og Absalon Taranger mellom 1914 og 1918.
- Band 3: frå 1483 til 1513, utgjeven ved Grethe Authèn Blom, Halvor Kjellberg, Ferdinand Linthoe Næshagen og Gösta Åqvist i 1981.
- Band 4: frå 1513 til 1536 utgjeven av Halvor Kjellberg i 1995.

Både første og andre rekke av Norges gamle love er i all hovudsak den kjeldesamlinga som vert mest nytta av tidlegare forskarar, når det kjem til å skulle uttale seg om den hanseatiske rolla innanfor norsk lokalhandel.

### *Diplomatarium Norvegicum*

Diplomatariet er ei av hovudkjeldene for informasjon om norsk mellomalder. Denne kjeldesamlinga inneheld diplom frå den eldste tid til rundt 1570. Verket vart påbyrja i 1847 av riksakivar Christian Lange og professor C.R. Unger. Denne kjeldeserien består så langt av 23 band. Dei fleste diploma er skrivne på gammalnorsk, mellomnorsk, mellomdansk, mellomnedertysk og latin. I denne kjeldesamlinga kvan vi til fømes finne kongebrev, som formidla politiske og administrative avgjerdsle til lokale og regionale tenestemenn og andre i

byane. I tillegg er det meir lokalt materiale, der vitnebrev om ulike økonomiske transaksjonar og rettslege dokument spelar ei hovudrolle.<sup>55</sup>

### *Norske Rigs-Registrarer*

Dette er ei trykt kjeldesamling av brev og forordningar som er utferda av kongen gjennom det danske kanselli. Samlinga er på 12 band, og vart utgjeve for det norske kjeldeskriftfond i tidsrommet 1861 til 1891. Som grunnlag for avskriftene er det kopibøker, norske teignelsar for missiv og norske register for opne brev. Innhaldet i denne kjeldesamlinga har eit tidsspenn frå rundt 1500- til midten av 1600-talet. Den tidlegaste kjelda er datert til rundt 1480, men der er ikkje før ved slutten av Christian den tredje si regjering og etter Fredrik den andre sin tronebestigelse at kopibøkene er førte ordentleg, og ei nokonlunde fullstendig fortløpande rekke av kongebrev er til stades.<sup>56</sup> For dette prosjektet vil eg konsentrere meg om det første bandet, som dreiar seg om tidsrommet 1523-1571. Arbeidet bak dette bandet er det Christian C. A. Lange som har gjort, med bistand av Edv. O. Heiberg og Siegw. Petersen, og bandet vart utgjeve i 1861.

### *Olav Engelbrikssons Rekneskapsbøker 1532-1538*

Arkivet etter erkebisp Olav Engelbriktsson i Noregs riksarkiv inneheld brev og andre oppteikningar som har blitt utgjeve gjennom *Diplomatarium Norvegicum*. I tillegg inneheld det jordebøker og rekneskapsbøker. Jordebøkene har blitt utgjeve gjennom Olav Engelbrektssøns jordebog, då av Norges Rigsarkiv ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt i 1926.<sup>57</sup> Arbeidet med rekneskapsbøkene var det Jens Arup Seip som stod bak, etter oppmoding og i samråd med Asgaut Steinnes. Slik vart Olav Engelbriktssons rekneskapsbøker frå 1532-1538 utgjevne av Noregs riksarkiv ved Jens Arup Seip i 1936.<sup>58</sup> Sjølv manuskripta frå dette rekneskapet, er delt inn i sju ulike delar. Den delen som er sentral for mitt prosjekt er del fire, som er rekneskap i Bergen frå 1536. I første del av den utgjevne rekneskapsboka kan vi lese om originalmanuskriptet. Originalt er denne kjelda frå München

---

55 Helle, 1982: 694

56 NRR I forord.

57 OER forord.

58 OER forord.

samlinga med nummeret 4297. Det er ei tjukk bok der det er skriva på 54 av 384 sider. Det har ingen tittel, men på permen er det skriva årstalet 1536. I første del av rekneskapen kan vi lese om løna til sveinar, som vart utbetalt på våren 1536. Den andre delen tar for seg mellomrekneskapen med kjøpmennene, som vart oppgjort 14. og 15. september same år. Til slutt i den siste delen er det inntektssummar og utgiftssummar for heile året, og boka inneheld slik ein fullført rekneskap for 1536.<sup>59</sup>

### *Norske Regneskaber og Jordebøger*

Norske Regneskaber og Jordebøger frå det 16de århundre, er ei kjeldeskrift utgjeve av kjeldeskriftfondet. Det er ei samling av bøker i fem band, der dei første fire banda kom ut i perioden 1887-1906, medan de siste bandet kom ut i 1983. I denne samlinga er det trykt gamle rekneskap og jordebøker frå 1514-1570. Ved planlegginga av det norske diplomatariet (Diplomatarium Norvegicum), skulle dei mindre rekneskap og jordebøker frå mellomalderen takast med i denne samanheng. Det viste seg der i mot at mengda av desse rekneskapa og jordebøkene ville fylle fleire bind av diplomatariet. Av denne grunn vart det avgjort at det måtte lagast ei eiga rekke av dette materialet, som skulle nyttast som eit supplement til diplomatariet. Arbeidet med dette materialet for å få gitt det ut, var det Henrik Jørgen Huitfeldt-Kaas som stod bak. Han var og den som gav ut dei fire første banda i tidsrommet 1887-1906.<sup>60</sup> Når det kjem til innhaldet i desse bøkene, er det rekneskap over skatteytarar sine namn i til dømes tiendepengskatten rundt 1520 frå Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg i band 2 og 3. Gjengjerda frå austlandet 1514 i band 1 og 4. I tillegg inneheld serien jordebøker og mindre slottsrekneskap og lensrekneskap.

### Kjelder frå det hanseatiske byarkivet i Lübeck

Då det hanseatiske kontoret i Bergen vart avvikla, vart arkivet ved dette kontoret flytta til Bergensfarerkompaniet i Lübeck. I dag er dette arkivet forvart ved Byarkivet i Lübeck.<sup>61</sup> Ved arkivet er det 32 hyllemeter med dokument og skrifter frå ulike sider ved den hanseatiske organisasjonen. Den kjeldesamlinga som er mest relevant for mitt emne, er den samlinga som

---

59 OER 13\*

60 NRJ I forord

61 Ermland 2011: 5 og Koren-Wiberg, 1921:5 «Bergenfarer-Dokumenter i tyske arkiver».

er kalla for Bergenfahrer. Kjeldene innanfor denne samlinga, er nummererte med ein talkode, og er ført opp i ein oversiktskatalog. I denne katalogen er det ført opp 3058 arkivnummer, som inneheld alt frå rekneskapsbøker til personlege brev. Desse er sorterte i åtte hovudemne, etter kva delar av den hanseatiske handelsverksemda dei tar føre seg. Til dømes er skrifter og dokument frå Det tyske kontor i Bergen innordna under del 2 i denne katalogen, kalla «Kontor in Bergen». Innanfor denne delen er det 799 oppføringar. Sidan dette kjeldematerialet er så rikt, har eg sett det som naudsynt å gjere eit utval av kjelder som eg vil sjå nærare på. I samband med problemstillinga for dette prosjektet, har eg avgrensa meg til sju kjelder totalt. Frå del 2 av Bergenfahrerarkatalogen har eg valt ut fire kjelder eg vil sjå nærare på. Desse er nummererte med 0507, 0508, 0711 og 0712. Den tredje delen i oversiktskatalogen for Bergenfahrerarsamlinga er kalla for «Privilegie, Erlasse, Verordnungen, Befehle und Verträge». Innanfor denne delen er det 55 ulike kjelder, og her er det to kjelder eg vil sjå nærare på. Dette er dokumenta med nummer 1313 og 1434. Til slutt har eg valt ei kjelde frå ei anna kjeldesamling som heiter «Altes senatsarchiv Externa Danica». Externa viser her til saker utanfor Lübeck, og Danica fordi Noreg var i union med Danmark. Kjelda har nummeret 0894 innanfor delen som høyrer til «Stadt Bergen (Handelsrechte, Zoll, Messtonnen und so weiter».

*Bergenfahrer 0507: Verzeichnis der Bauern, Nordfahrer un Bürger des Hansekontors in Bergen z.Z Christians IV. (1588-1648) (Vorzeichnuß der Teutschen Antese Cunthorß zue Bergen in Norwegen an bauwren, Nordfahrer unnd Bürger Außstehender unnd bey Regierung Deß itzig konigeß des durchl.. unnd wolmecht. Christiani deß vierdten gemachter schuldt etc.)*

Kjelda er på totalt 21 sider og er datert til mellom 1625 og 1648. Det er ein katalog over Nordfararar, borgarar og bønder som handla med Det hanseatiske kontoret i Bergen. Det er innordna etter ulike bygardar i Bergen, og tar for seg kor mykje pengar og varer ulike personar skulda hanseatane. Skulda er først sett opp i varer for så å bli sett opp kva dette betyr i pengar. Sjølv om varene ikkje er spesifiserte, kan det viser det noko om kva størrelse det er på varelastene med tanke på pengeverdi.

*Bergenfahrer 0508*: Supplik einiger Bauern asu Versterålen-lehn (Norwegen) an den Ältermann Dietrich Oasche am Kontor in Bergen um so große Lieferungen an öl, Mehl, Malz und verschiedenen Tuchen wie 1625 (Abschrift mit Begleitschreiben vom 12. Juli 1626 von Frantz Kaaß, Huusby.)

Dette dokumentet er datert til 1628, og består av to tekstar på to sider kvar. Det er slik fire sider langt, og er eit brev frå bønder i Vesterålen til oldermannen Dietrich Pasche ved Kontoret i Bergen. Den første delen av kjelda går ut på at prisen på öl, mjøl og malt er så stor, at det ikkje er mogleg å kunne kjøpe dette for vanlege folk. Den andre delen er eit reint skrytebrev over oldermann Pasche, der det allerunderdanigst vert bedt om at klaga skal bli tatt til rette, og at hjelpa må komme.

*Bergenfahrer 0711*: Rechnungsbuch des handelsverwalters am Kontor in Bergen, Gerdt Knöcker, für seinen Herrn Diedrich Gravenstede, Ältermann der Bergenfahrer in Lübeck (1576 – 1623), 1624 – 1625 Enthält: Einkauf und Verschiffung von Waren nach Lübeck und Ankunft von Waren aus Lübeck; Schulden und Guthaben der Nordfahrer und Bergenfarher («Borger») (1576-1625)

Denne kjelda er rekningsboka til handelsforvaltaren ved Kontoret i Bergen, Gerdt Knöcker, på vegne av sin prinsipal Diedrich Gravenstede for Bergenfararane i Lübeck i 1624 – 1625. Det er eit rekneskap over inntekter og utgifter som hanseatane har hatt innanfor bergenshandelen. Det er ei innbunden bok med lærtrådar til å knyte igjen permene på boka. Kjelda er totalt på 35 sider, der det er 9 sider som tar for seg inntekter, og 26 sider som tar for seg utgifter. Boka er ført slik at inntektene er ført opp på byrjinga, medan utgiftene vart ført slik at ein snudde boka og byrja frå den andre sida. Kjelda viser spesifikt til kor mykje hanseatane i eit bestemt tidsrom har tent på ulike varer, og på same tid kva utgifter dei har hatt. På kvar side er det eit samandrag, slik at det til ei kvar tid skal vere klart kor mykje pengar som er tent eller brukt. Tala er innordna i kolonner, og alle summene er ordna etter datoar og varer.

*Bergenfahrer 0712*: Rechnungsbuch des Handelsverwalters am Kontor in Bergen, Peter Keijatz, für seinen Herrn Diedrich Gravenstede, Ältermann der Bergenfahrer in Lübeck (1576



– 1624), 1625 – 1626 Enthält: Einkauf und Verschiffung von Waren nach Lübeck und Ankunft von Waren aus Lübeck; Schulden und Guthaben der Nordfahrer und Bergenfahrer («Borger») (1576-1626)

Denne kjelda er rekningsboka til handelsforvaltaren ved Kontoret i Bergen, Peter Kijatz, på vegne av sin prinsipal Diedrich Gravenstede for Bergenfararane i Lübeck i 1625 – 1626. På same måte som 0711, er det ei innbunda bok med lærtrådar til å knyte igjen permane på boka. Det er eit rekneskap over inntekter og utgifter ordna etter datoar, spesifikke varer og toll. Totalt er kjelda på 55 sider, der 27 sider er inntekter og 28 sider er utgifter, med ei side som innleiing til kva boka handlar om. Den er ført på same måte som 0711, og er slik ordna etter datoar, varer og namn. Sidan 0711 dreiar seg om 1624 – 1625, og 0712 dreiar seg om 1625 – 1626, er desse kjeldene i lag eit samla rekneskap for Det tyske kontor over ein tidsperiode på to år.

*Bergenfahrer 1313:* Neue Zollsätze für Bergener Bürger, Bauern und Nordfahrer beim Einkauf von Waren beim deutschen Kaufmann in Bergen. (Verordnung König Friedrichs II. Von Dänemark und Norwegen) (Abschrift).

Denne kjelda er ei forordning frå den dansknorske kongen Fredrik den andre, med dei nye tollsatsane for borgarane i Bergen, bønder og nordfararar. Brevet er eit ark som er bretta i to, og slik består den av totalt fire sider, der to av desse er nytta til tekst. Først i brevet kjem ein presentasjon av alle titlane til kongen, som så vert følgd av ei oppmoding om at denne forordninga må følgjast. Etter dette følgjer alle dei ulike tollsatsane, før det vert avslutta med at det er desse som gjeld for all handel.

*Bergenfahrer 1434:* Gegensätze des kontors zu den Praktiken der Nordfahrer und Bergener Bürger und Empfelungen an die Bergenfahrer in Lübeck für eine Klage der Hasestädte gegen die Nordfahrer (Abschriften) 1569, 1561 Enthält u.a.: Verzeichnis der Schiffe der Bergener Bürger; Verzeichnis der durch den Bergensischen Rat bestraften Bauern und Nordfahrer.

Denne kjelda er ei skipsliste som er datert til 1571, skriven av oldermennene til dei lybske Bergensfararane. Sjølve kjelda består av tre dokument på tre sider kvar. Den er ei oversikt over kva personar i Bergen som eigde båtar og skip, som var brukt innanfor handelen i Bergen. Totalt omfattar denne skipslista 58 jekter, 12 nordfararskip, 5 pinker, 3 losbåtar og 11 store farty, som til saman utgjer 89 skip og båtar.

*Danica 0894: Königlich bescheid an die Lübecker Gesandten wegen der Klagen des Kontors gegen die stadt Bergen.*

Dette er ei innbunda bok på 388 sider som er datert til mellom 1568 og 1571. Det er ein kongeleg beskjed til ambassadørane til Lübeck på vegne av klagene frå Kontoret i Bergen by. Den består av 16 store kapittel, som er sydd i hop til å danne ei bok og inneheld:

- Segellation der Bergener Bürgen nach Norden.
- Handel der Stadt Bergen mit den Hansestädten.
- Niederlassung deutscher Kaufgesellen in Bergen.
- Schiffart von Bergen nach Norden durch Engländer, schotten und Holländer.
- Übermassige schiffart der holländer nach Norden.
- Jurisdiktion der Könighen Byvogts und des Kaufmannsrates.
- Wachthaus vor der Kaufmannsstube.
- Verbot des kleinhandels durch Bootsleute.
- Bergelohn der Schiffbrüchigen.
- Befreiund von Bier und Weinakzise.
- Gebrauch des Pfund-Gewichtes.
- Verbot der Butterausfuhr.
- Berichtigung zum Tofholen und so weiter.
- Darin: Handel nach Alborg, Fang und Verpackung des Herings, Verpackung des Hopfens.

## *Avgrensing og metode*

For å gjennomføre dette prosjektet, har eg tatt fleire metodiske grep. Som tidsperiode for dette arbeidet, har eg valt ei utradisjonell linje. Eg vil basere denne teksten på kjelder og tidlegare forskning frå seinmellomalderen og tidleg ny-tid, og slik gå ut over tradisjonelle tidsrammer som skil mellomalderen frå tidleg ny-tid. Ei overskriding av tradisjonell periodisering er ikkje noko nytt innanfor den norske historieforskinga. Arnved Nedkvitne sette i si avhandling frå 1983, *Utenrikshandelen frå det vestafjellske Norge 1100-1600*, den øvre grensa ved 1600. Dette er òg noko som Koren-Wiberg gjorde, då han med boka *Hanseaterne og Bergen* dekkja heile Det hanseatiske kontoret si historie fram til det vart nedlagt i 1760-åra. Den meir tradisjonelle periodiseringa kan ein sjå døme på i dei ulike banda om Bergen bys historie. Her kan ein sjå ei klar deling mellom Knut Helle sitt band 1, som gjekk fram til 1536, og Anders Bjarne Fossen som i band 2 skreiv om perioden frå 1536-1800. Ved å gå ut over ei tradisjonell periodisering meiner eg at eg tydlegare kan jobbe med eit langtidsperspektiv. Slik vil eg kunne sjå hanseatane i den perioden der dei, etter den vanlege oppfatninga blant forskarar, stod på høgda av si makt i Bergen fram mot 1530-talet. I tillegg vil eg kunne sjå utviklinga i dei tiåra fram mot 1600-talet då hansaen skal ha blitt svekka. Slik vil dette arbeidet dreie seg om tidsperioden 1250-1600.

Som tidlegare nemnt kjem emnet for dette prosjektet på sida av den tidlegare forskinga som er gjort med tanke på hanseatane i Noreg. For å få dette fram, har eg vist til kva tidlegare forskning har fokusert på. Gjennom dette arbeidet har eg og sett at det er somme historikarar som har uttalt seg om hanseatar og norsk lokalhandel. Denne hanseatiske deltakinga har tidlegare forskarar gått ut i frå at har vore særskildt aktiv, men det er ingen som har gått empirisk til verks i denne debatten. Gjennom mitt arbeid med emnet, har eg kome fram til at hovudgrunnlaget for å hevde at hanseatane var aktive innanfor denne typen handel, har vore lovstoffet. Det er òg eit av dei materiala som har blitt mest nytta av tidlegare forskning når det kjem til å uttale seg om hanseatane i Noreg generelt. For å kunne finne ut kva grunnlag tidlegare forskning har for å ha det standpunktet det har, vert det viktig for meg å ta for meg lovstoffet, og slik skape mine egne konklusjonar rundt dette. Eg vil difor nytte både kapittel 2 og kapittel 3 for å gå gjennom alle lover og punkt som går på hanseatisk deltaking i norsk lokalhandel i det norske lovstoffet. Slik har eg eit godt utgangspunkt til å kunne diskutere om lovstoffet kan nyttast som kjelde for å uttale seg om emnet. Denne diskusjonen er til stades i kapittel 2, kapittel 3 og kapittel 4. Det fjerde kapittelet tar for seg ei

alternativ tolking som eg har kome fram til i samband med arbeidet eg har gjort med lovgrunnlaget. I samband med lovgrunnlaget inngår trykte kjeldesamlingar som Norges gamle love, Diplomatarium Norvegicum og Norske Rigs-Registranter.

For å tilføre dette emnet noko nytt, er det etter mitt syn sentralt at ein må ta i bruk materiale som tidlegare forskarar ikkje har nytta. Christian Koren-Wiberg skreiv i si oversikt over kjelder ved det tyske arkiv, *Bergenfarer-Dokumenter i tyske arkiver* frå 1921, at «Byerne Lübeck og Bremen sitter som bekjendt inde med et overordentlig rikt materiale til studiet av Bergens historie, et materiale som hittil har været meget lite benyttet av norske videnskapsmænd.»<sup>62</sup> Vidare skriv han at dei arkiva som særleg kan bli framheva i denne samanheng, er «Lübecks statsarkiv, Lübecks handelskammers arkiv (Bergenfarer-arkivet), Bremens statsarkiv og Bremens Schüttings arkiv.»<sup>63</sup> Dette har eg gjort ved at eg våren 2013 reiste til Lübeck, for å samle inn kjelder ved byarkivet der i lag med prof. Geir Atle Ersland. Vi er ikkje dei første som har nytta materiale frå byarkivet i Lübeck for å undersøke hanseatane si historie i Noreg. Ein historikar som har nytta dette materialet er til dømes Johan Schreiner. Han har nytta kjelder frå det hanseatiske byarkivet i Lübeck i si bok *Hanseaterne og Norge i det 16. Århundre*. Etter kvart som eg har forska på dette emnet, har eg sett at det vart naudsynt å avgrense mi undersøking av det nye materiale frå Lübeck til to kjelder. Dette er rekneskapsbøkene med nummera 0711 og 0712. Eg har gjort dette valet for å kunne konsentrere mi undersøking rundt dei reine rekneskapsbøkene, der eg meiner det er størst moglegheit for å kunne gjere funn av hanseatisk lokalhandel. I tillegg har eg funne ut at desse to rekneskapsbøkene ikkje tidlegare har blitt nytta i norsk historieforsking.

I tillegg til mitt eige materiale skal eg i kapittel 5 sjå på ulike norske rekneskapsbøker. Desse rekneskapsbøkene finn ein i dei trykte kjeldesamlingane Olav Engelbriktssons regnskapsbøker og Norske Regnskaber og jordebøger. I samband med desse trykte kjeldene, har eg gjort eit metodisk grep. Begge desse samlingane av rekneskap tar for seg norske forhold og handel med utanlandske kjøpmenn. Eg vil der i mot ikkje gå i djupna på Norske Regnskaber og Jordebøger. Dette er administrasjonsrekneskap for det vestnorske lenet, og den daglege drifta av slottet på Bergenhus. I dette materialet er det tollrekneskap, skatteinnkrevjing, kjøp og sal av varer til slottet sitt behov, lønningslister for det militære mannskapet tilhøyrande slottet, tenarar og så vidare. Grunnen til at eg ikkje vil gå nærare inn

---

62 Koren-Wiberg, 1921: 5-6 «Bergenfarer-Dokumenter i tyske arkiver.»

63 Koren-Wiberg, 1921: 6 «Bergenfarer-Dokumenter i tyske arkiver.»

på denne kjeldesamlinga, er at det er vanskeleg å vurdere i kor stor grad kjeldene her er representative for handelen i Bergen. All handel som vart gjort på vegne av slottet, var underlagt den kongelege forkjøpsretten. Den kongelege forkjøpsretten vil bli gjennomgått i detalj både i det andre og det tredje kapittelet. Kort fortalt hadde kongen gjennom den kongelege forkjøpsretten førsteprioritet på alle varer som kom inn til Bergen i tre dagar. Dette for å sikre at slottet fekk dekka behovet for varer. Eg meiner at handelen som gjekk over slottet hadde ein særleg karakter som del av slottet sin husholdningsadministrasjon både lokalt og for heile lenet. Av denne grunn er ikkje dette representativt for varebyttet ved Bryggen i Bergen ut over innkjøp til eige bruk. Slik vert ikkje denne kjeldesamlinga sentral for mi problemstilling for prosjektet, og heller ikkje sentral å diskutere vidare. Som kjelde til handelen over Bryggen er rekneskapet for erkebisp sin gard i Bergen utan tvil av større verdi. Dette fordi at dette gir innsikt i korleis varebyttet mellom hanseatane på Bryggen og leverandørar av dei norske varene gjekk føre seg. I dette varebyttet var erkebisp truleg den største enkeltaktøren. Slik vil eg i kapittel 5 konsentrere meg om mitt eige kjeldemateriale som eg sjølv har samla inn i Lübeck, og rekneskapsboka til erkebisp Olav Engelbriktsson. Heile prosjektet er slik delt inn i to hovuddelar, der den første delen konsentrerer seg om kjeldemateriale som tidlegare forskning har nytta. Den andre delen vil vere der eg nyttar mitt eige materiale som så langt ikkje har blitt nytta av tidlegare forskning. Ved å gjere det på denne måten, meiner eg at det skal vere grunnlag for å kunne fastsetje kva rolle hanseatane har hatt innanfor norsk lokalhandel.

### *Omgrep og avklaringar*

Når det kjem til sjølve teksten i dette prosjektet, er det fleire ord og uttrykk eg ser det som naudsynt å definere. Eg har allereie definert kva eg har lagt i ordet lokalhandel, gjennom å nytte Knut Helle si liste over den bergenske handelen. I kort inneheld mi tolking av lokalhandel det som Helle kalla mellom- og detaljhandel. Når det kjem til dei tyske kjøpmennene, har eg valt å kalle dei for hanseatar heilt frå byrjinga av tidsperioden for dette prosjektet. Sjølve ordet hanseatar dukkar fyrste gong opp i kjeldene i 1343, i eit stadfestingsbrev frå kong Magnus Eriksson om hanseatane sine privileg i Noreg.<sup>64</sup> Knut Helle skriv at det var vanleg å kalle dei tyske kjøpmennene for hanseatar i tida før dette, men at det

---

64 DN VIII nr 151, her etter NMD nr 83, s. 338.

var brukt i ei meir opprinneleg betydning, i samband med organiserte fellesskap av tyske og andre kjøpmenn i utlandet.<sup>65</sup> I tillegg vil eg i denne samanheng nemne ordet «borgar». Bergen fekk ikkje eit borgarskap før ut på 1500-talet. Eg har likevel valt å nytte omgrepet borgar somme stadar når eg omtalar bergenske kjøpmenn. I tillegg har dette omgrepet blitt nytta ulikt av tidlegare forskarar, då gjerne for å vise til både innbyggjarar og bergenske kjøpmenn.

Andre ord som vert sentrale i lovdelen, er «vintersitjarar», «gjester» og «geseller». Ein vintersitjar er ein utanlandsk kjøpmann som sat i norske byar over vinteren anten som leigebuar hos norske huseigarar eller ved at denne kjøpmannen eigde hus sjølv, og det var særleg tyske handelsmenn som dreiv med denne tradisjonen. Omgrepet gjester går på dei handelsmennene som kom til norske byar i sommarsesongen. Dei kom til byane for å hente varer som vintersitjarane hadde kjøpt opp, og for å forsyne dei med importvarer så dei kunne fortsetje å byte til seg varer. I tillegg kom dei for å drive handel direkte med norske kjøpmenn, produsentar og forbrukarar. Etter at dette var gjort, reiste dei i retur til der dei kom frå.<sup>66</sup> Gesellene på Bryggen var i følgje Knut Helle i nyare tid ei forholdsvis sjølvstendig stilling i handelsstovene. For kvar stove var det ein gesell som fungerte som kjøpmannen si høgre hand. Han var lagforvaltar, førte nordfararkladdane og var formann for dei øvrige arbeidarane i handelsstova. Mellom anna deltok dei saman med husbøndene på nabomøter i gardane, og dei kunne og gå inn som meir sjølvstendige partnerar i selskap med bergensfararar. Slik kunne dei avansere frå gesell, til kjøpmann.<sup>67</sup> Ei anna side ved gesell, er at det i kjeldematerialet ut over mellomalderen dukkar opp «lause geseller». Lause geseller er etter mitt syn tyske kjøpmenn som ikkje hørte til Det tyske kontor. Det var slik tyske kjøpmenn som ikkje hadde noko tilknytning til hansaen. Desse kjøpmennene gjorde mykje av sin handel med borgarar i Bergen. Når det kjem til andre ord og uttrykk som vert brukt, då særleg i kapittel 5, vil eg vise til Vedlegg 1 og ordlista som eg har sett i hop ved å nytte norsk historisk leksikon og registeret til Olav Engelbriktsson sine rekneskapsbøker.

---

65 Helle, 1982: 379

66 Helle, 1982: 380

67 Helle, 1982: 740,741

## Kapittel 2 – Norsk lovgjeving for hanseatane si deltaking i lokalhandel

Hovudproblemstillinga for dette kapittelet er på kva måte norske styresmakter har regulert den bergenske lokalhandelen i perioden frå rundt 1250 til etableringa av Det hanseatiske kontor med tanke på hanseatisk deltaking. I det første kapittelet i dette prosjektet såg vi at problemstillinga eg har valt å undersøke kjem på sida av den tidlegare forskinga som er gjort med hanseatane som emne. I tillegg såg vi i den historiografiske gjennomgangen, at hanseatisk deltaking i lokalhandel er noko som tidlegare forskarar har gått ut i frå at var særskild aktiv, men det er ingen som går empirisk til verks når det kjem til denne debatten. Slik meiner eg at dette er ein debatt som tidlegare ikkje har blitt diskutert på ein tilfredstillande måte. Hovudgrunnlaget for å hevde at hanseatane var aktive innanfor denne typen handel, er lovgrunnlaget. Eg vil difor ta for meg dette lovgrunnlaget og nytte dette for å drøfte i kor stor grad tidlegare forskning har dekking for at det fanst ein lokalhandel med lovstoff som kjelde. I det følgjande vil eg ta for meg lover, privilegium og rettar som spesifikt nemner hanseatane i den bergenske lokalhandelen, og greie ut om kva teoretisk handlingsrom dei hadde i denne perioden. Sentrale spørsmål i denne samanheng vil vere: Var det i det heile tatt reguleringar på denne typen handel i Bergen, og om så tilfelle, kva var desse reguleringane? Kan ein til dømes sjå innskrenkingar eller fridommar i sjølve lovene, og korleis utvikla dette seg over tid?

For at dette ikkje skal bli eit einaste langt samandrag av eit utal lover, har eg valt å dele lovene inn i tre periodar. Den første perioden vil gå frå rundt 1250, og fram til rundt 1300. Grunnen til at eg har valt desse 50 åra som min første periode, vil eg grunngi med at i denne perioden byrjar hanseatane å etablere seg som ei dominerande makt i bergenshandelen. Det er og i desse åra at ein i lovgrunnlaget kan byrje å lese om dei tyske handelsmennene. Difor har eg valt å kalle denne perioden for «etableringsfasen». Den andre perioden eg har valt å ta for meg er tidsrommet frå rundt 1300 og fram mot at Det hanseatiske kontor vart oppretta på 1360-talet. Dette for å sjå om det vart endringar i lovgrunnlaget, og korleis norske styresmakter eventuelt prøvde å avgrense eller fremje hanseatisk deltaking i bergenshandelen etter etableringsfasen. Den siste perioden vert i tida etter det hanseatiske kontoret sin framkomst og fram til slutten av tidsperioden for dette prosjektet. Altså frå 1360-talet og fram til rundt 1600. Denne perioden vil eg ta for meg i det tredje kapittelet. Den endelege konklusjonen på lovgrunnlaget kjem i det tredje kapittelet.

Med tanke på den overordna problemstillinga for dette prosjektet, ser eg det som naudsynt å nemne at eg har gjort visse avgrensingar i arbeidet med lovmaterialet. Føremålet med å nytte lovmaterialet, er å drøfte i kva grad vi kan diskutere om dette materialet kan avgjere om hanseatane var delaktige i lokalhandel. Eg vil difor fokusere på dei lover, skipanar, privilegium og forordningar som nemner utanlandske kjøpmenn i lokalhandelen. Den delen av lovmaterialet som går på eksporthandel og andre aspekt ved den hanseatiske verksemda, vil eg så godt som det let seg gjere halde utanfor denne gjennomgangen.

### *Lovgrunnlaget i den hanseatiske etableringsfasen 1250 til rundt 1300*

I byrjinga av perioden for dette prosjektet er det ikkje mykje i lovgrunnlaget som går på reguleringar av noko slag. Den første avtalen mellom norske styresmakter og tyskarar, er fredsavtalen frå 1250. Dette var ein freds- og handelsavtale mellom kong Håkon Håkonsson og Lübeck. I avtalen vart det slege fast at for framtida skulle norske borgarar og tyske kjøpmenn mottakast gjensidig velvillig og vennskapeleg.<sup>68</sup> Dei skulle ha fri rett til å komme og segle, og behandlast fredeleg både med omsyn til eigedom og person. I tillegg skulle alle kjøpmenn frå Lübeck nyte same privilegium og fridommar som det beste dei hadde hatt i det norske riket på noko tidspunkt.<sup>69</sup> Det var slik ingen avgrensing på hanseatisk handel i Noreg rundt 1250. Den første avgrensinga på handel i Bergen, kjem gjennom landslova til kong Magnus Håkonsson frå rundt 1274. Her er det eit eige kapittel i kjøpebolken som handlar om kongeleg forkjøpsrett. Denne forkjøpsretten går ut på at kongen eller hans ombodsmann har førsterett på alle varer, uansett om det er innanlandske eller utanlandske kjøpmenn som sel desse.<sup>70</sup> Dette for å sikre at kongsgarden skulle ha førsterett på dei varene som kom inn til Bergen.

Bylova frå 1276 vidareførte det som hadde kome fram i landslova. I bylova vart utanlandske kjøpmenn si stilling i Noreg lagt under visse reglar. Alle sjøfarande som segla til Bergen med varer, skulle losse sine varer opp i hus, og ikkje drive kjøp eller sal ombord i skipet, eller andre stadar utanom hus eller torg. Dersom slik handel vart gjort, skulle både kjøpar og seljar betale ei bot til kongen på eit mark sølv. Det var eit unntak frå dette, og det var dersom det

---

68 I fredsavtalen står det «våre borgere», noko som eg tolkar til alle norske som freistar å drive handel med tyske kjøpmenn.

69 DN V nr. 4. Her etter NMD nr 22, s 92, 94

70 L. VIII 9



vart kjøpt av personar frå kongsgarden.<sup>71</sup> I dette høvet med innkjøp til kongsgarden, verkar det som at det ikkje var nokre reguleringar. Dersom utanlandske kjøpmenn lossa av skipet før dei fekk løyve, betydde dette ei halv mark sølv i bot. På same måte førte det til bot dersom ein selde varer utan å respektere den kongelege forkjopsretten. Det vart òg gjort innskrenkingar på den kongelege forkjopsretten. Der det i landslova ikkje er spesifisert eit tidsrom for kor lenge forkjopsretten varte, står det i bylova at «Men han (kongen) skal ha tat det som han vil kjøpe inden tre dager forfaldsløst, ellers kan man usaket sælge til hvem man vil.»<sup>72</sup>

To år seinare, i 1278, vart det gitt ut eit privilegiebrev frå kong Magnus Håkonsson for dei tysktalande kjøpmennene i Noreg. Her vart det gått tilbake på ei rekke punkt i både landslova og bylova, men eg vil her konsentrere meg om dei punkta som gjeld lokalhandel. Det viktige med dette privilegiebrevet, er at det i innleiinga står: «visse immuniteter til de tysktalende kjøpmenn, gjester og tilreisende som pleier å besøke vårt rike med varer.»<sup>73</sup> Dette vil då sei at desse immunitetane gjaldt for tilreisande tyske handelsmenn. Dei tyske handelsmennene som var meir eller mindre fastbuande i Bergen som vintersitjarar, fekk ikkje del i immunitetane. Det neste som er sentralt i dette privilegiebrevet, er at dei fritt kunne kjøpe på brygger, gater og i båtar alle ting som vart kalla for småvarer og skinn. Dette så lenge desse varene ikkje til saman utgjorde meir enn eit tital, og smør dersom det ikkje oversteig ni lauper. Tidsrommet for denne typen handel var mellom Halvardsmessa (15. mai) og Mariamessa (15. august).<sup>74</sup> I tillegg vart og den kongelege forkjopsretten på tre dagar stadfesta, ved at dei tre dagane skulle «regnes fra den tid da de nevnte kjøpmenn meddeler våre ombudsmenn og tjenestemenn at de har slikt til salgs.»<sup>75</sup>

I 1282 vart det av formynderstyret til Eirik Magnusson lagt fram nye vedtekter om handel og varetakstar i Bergen. Her vart det fastsett at utanlandske menn som sit i Bergen over vinteren, og slik ikkje fører inn mjøl, malt eller rug, ikkje skal kjøpe smør, skinnvarer eller skrei mellom korsmessene om vinteren.<sup>76</sup> Dette vil seie i tidsrommet mellom 14. september og 3. mai. I tillegg vart det gjort visse avgrensingar på lokalhandelen i Bergen. Det vart forbod for utanlandske handelsmenn å kjøpe naut i bygdene. Det vart og presisert at ingen skulle kjøpe levande naut og sauer andre stadar enn på torget, og fisk skulle ein berre kjøpe på torget eller

---

71 Bl. VI 16

72 Bl. VI 18

73 DN V nr 10. Her etter NMD nr 30, s 152

74 DN V nr 10. Her etter NMD nr 30, s 152, 154

75 DN V nr 10. Her etter NMD nr 30, s 154

76 NgL III nr 2, NMD nr 34

bryggene. Dette gjaldt for alle innbyggjarane i Bergen. Vidare skulle ikkje folk kjøpe meir enn kva dei trong til eige bruk.<sup>77</sup> Vedtektene frå 1282 er viktige på fleire måtar. Det verkar som at norske styresmakter prøvde å oppmuntre til ei auke i kornimporten, og i tillegg legge hindringar i vegen for utanlandsk konkurranse innanfor handelen i Bergen. Dette kan ha fleire grunnar, men det kan vere at hanseatiske vintersitjarar hadde blitt for aktive innanfor bergensk handel. Dette kan grunngjevast med ein av dei største fordelane ved vintersitjing, moglegheita til oppkjøp av varer gjennom vinteren og tidleg utskipping av desse om våren. Schreiner meinte at ein kunne sjå på 1282 vedtektene som eit forsøk på å verne om ein mellomhandel driven av nordmenn. Då spesielt ved forbodet mot oppkjøp av naut i bygdene, ein handel som nordmenn skulle ha «enerett til».<sup>78</sup> Det kan tenkjast at norske styresmakter allereie i 1282 byrja å ønske at handelen i Bergen burde bli styrt av norske handelsmenn. Formyndarstyret til Eirik Magnusson bestod av bergenske menn som aktivt tok del i byen sitt økonomiske liv.<sup>79</sup> Slik kan ein nasjonal, avgrensande politikk ovanfor framande kjøpmenn i Bergen ha kome av ein tysk dominans som gjekk ut over norske interesser. Eg er einig i denne tolkinga som Schreiner og Helle har argumentert for, men meiner at ein i tillegg bør sjå denne politikken i lys av trekk frå tidlegare lover og avgjersler. Det var ein trend i både landslova og bylova fram til vedtektene frå 1282, at handel skulle samlast på marknad og torg. Ved å følgje denne trenden kan det tenkast at for å styrke Bergen si rolle som handelssentrum, vart ei regulering av handelen i distrikta det neste naturlege steget. Slik er det ikkje nødvendigvis berre ein plagsom tysk dominans som førte til desse vedtektene. Denne debatten er interessant, og eg vil kome tilbake til den seinare i dette kapittelet i kampen om lokalhandelen.

I 1285 kom voldgiftsdommen i Kalmar. Dette var resultatet av forhandlingar mellom Kong Eirik Magnusson og hansaen, etter at vedtektene frå 1282 hadde ført til usemje blant desse.<sup>80</sup> I denne dommen vart det fastsett at alle som kom til Noreg for å drive handel, stod fritt til å kunne kjøpe alle typar salsvarer på same måte som innbyggjarane på dei ulike stadane. Det vart og presisert at handel ikkje berre skal skje med byfolk og byborgarar, men og kan bli gjort med framande og folk på landsbygda. Det hanseatane kjøpte, skulle dei ha fritt leide til å utføre, dersom det ikkje vart sett eit alminneleg forbod mot å utføre varer. Eit slikt eventuelt forbod, skulle og gjelde for dei norske innbyggjarane. Vidare står det at det ikkje skulle vere noko forbod som kunne nekte hansaen eller nordmenn å kunne kjøpe alle typar salsvarer dei

---

77 NgL III nr 2, NMD nr 34

78 Schreiner, 1935: 26

79 Helle, 1982: 381

80 Schreiner, 1935: 27

mått ynskje, frå morgon til kveld.<sup>81</sup> Gjennom denne dommen fekk hansaen rett til fritt kjøp i norske byar, til og med dei av hansaen som ikkje førte inn varer til Noreg. Vintersitjarane fekk slik like rettar som dei kjøpmennene som førte inn varer til Noreg. Sjølv om det står at handelen ikkje er avgrensa til byfolk, og at det òg kan handlast med folk frå landet, står det ikkje noko eksplisitt at forbodet frå 1282 mot oppkjøp av slaktefe i bygdene vart oppheva. Knut Helle meiner det er naturleg å tolke dette til at norske styresmakter fortsatt ønska å samle handelen til norske byar, og gje Bergen ei særstilling i så måte.<sup>82</sup> Arnved Nedkvitne meiner at forbodet mot oppkjøp av slaktefe i bygdene vart oppheva ved Kalmar-dommen. Han er einig med Helle i at det ikkje eksplisitt står noko om ei oppheving av forbodet, men han tolkar det ikkje på same måten. Nedkvitne skriv:

Forbudet mot å kjøpe naut på bygdene oppheves ikke uttrykkelig, men når det presiseres at tyskerne skulle ha lov til å kjøpe fra bønder på like linje med stedets innbyggere, må dette bety at de også hadde samme rett som disse til å dra ut på landet og handle.<sup>83</sup>

Sidan forbodet mot å kjøpe naut på bygdene ikkje vert stadfesta, og det i tillegg vart skrive at det kunne handlast med folk frå landet, må vi gå ut i frå at forbodet frå 1282 ikkje lenger var gjeldande. I tillegg vert det seinare i dommen stadfesta at alle privileg og særrettar som har blitt tildelt hansaen, skulle ha evig kraft og styrke.<sup>84</sup>

Ein gong mellom 1293 og 1294 kom det ei rettarbot frå kong Eirik Magnusson som spesifikt gjaldt for Bergen. I innleiinga til denne rettarbota vert det skrive at den norske kongen har hatt større velvilje til Bergen enn nokon anna kjøpestad i Noreg.<sup>85</sup> Tydelegvis har utanlandske og innanlandske folk i Bergen utnytta dette, for kongen har sett det som naudsynt å gjere innskjerpingar på somme områder. Grunnen til at denne rettarbota vert tatt med i denne samanheng, er grunna punkt 2 i denne bota.

Det forbyr vi også fullkomment, både innenlandske og utenlandske at de lager seg noen sammenslutning eller får i stand noe oppløp eller dikter seg noen lover eller

---

81 NMD nr 36

82 Helle 1982: 382

83 Nedkvitne 1983: 203

84 NMD nr 36

85 NMD nr 40, 182

bestemmelser, fordi det synes oss at dette kan ingen gjøre uten kongen med gode menns råd. Men enhver som gjør det, skal være landrådsmann og ha forbrutt alt han eier og fare utleg.<sup>86</sup>

Dette forbudet er første gong i lovgrunnlaget at ein møter på tidlege former av gilder med tanke på både innanlandske og utanlandske handelsmenn. Det verkar altså som at det ut over etableringsfasen har byrja ein trend av at ulike kjøpmenn organiserte seg sjølve innanfor bybilette i Bergen. Det er truleg at denne samanslåinga kan ha kome for å verne og fremje egne interesser, og slik kunne stå sterkare i bybilette.

Knut Helle skriv at det kan sjå ut som at Kalmar-dommen frå 1285 vart sett på som eit halvt foreløpig forlik, og at dei ulike partane i dommen ikkje var einige i korleis han skulle tolkast.<sup>87</sup> Han meiner at det endelege forliket vart inngått i Tønsberg 6. juli 1294. Dette forliket kom gjennom eit privilegiebrev frå kong Eirik Magnusson for dei tyske byane. I innleiinga til dette brevet står det at det skal «være sann enighet og urokkelig vennskap».<sup>88</sup> Det kan slik tyde på at det var naudsynt med ei klårgjering av kva hanseatane kunne foreta seg. Arnved Nedkvitne meiner at det ikkje er noko i kjeldene som tyder på at det var eit endeleg forlik, og kallar det heller for det siste og mest omfattande av privilegiebrev for hanseatane.<sup>89</sup> I dette brevet er det 18 punkt som nærast kan sjåast på som eit samandrag av tidlegare avtalar mellom hansaen og norske styresmakter. Kalmar-dommen vert stadfesta, og for å sterkare knytte hanseatiske handelsmenn til norske interesser er somme rettar og privilegium utvida. Det som er viktig å understreke før eg byrjar å gå igjennom dei ulike delane av avtalen, er at og desse utvida privilegia er retta mot handelsmenn som besøker Noreg som gjestar.<sup>90</sup>

Det første punktet tar for seg generelle reglar for handel. Når hansaen kom til byar eller marknader skulle dei fritt kunne legge til kai utan å spørje ombodsmannen om lov. Den kongelege forkjøpsretten på tre dagar var fortsatt gjeldande, men ombodsmannen kunne ikkje nekte handelsmennene å føre varene sine i hus etter at dei var meldt inn for han. Når hansaen kom innanfor det området som høyrde til ein by eller marknadsplass, skulle dei selje sine varer der. Dersom dei ikkje var innanfor eit slikt område, stod dei fritt til å føre varene sine

---

86 NMD nr 40, 200

87 Helle, 1982: 382

88 NMD nr 41, 204

89 Nedkvitne 1983: 203

90 NMD nr 41, 204

innanfor og utanfor riket, men ikkje nord for Bergen. Dette kunne berre skje om særleg nåde til dette vart gitt.<sup>91</sup> Det andre punktet i denne avtalen seier at frå kvart skip som kom med korn til byar eller marknadsplassar, skulle gi eit godt pund korn i toll av lasta, som kongens fullmektig skulle velje ut. Det fanst eit unntak til denne tolla, og det var dersom skipet førte inn kveitemjøl. I så tilfelle skulle det ikkje betalast toll.<sup>92</sup> Dei 16 andre punkta i dette privilegiebrevet gjeld offentlege plikter og rettstryggleiken til tyske gjestar. Til dømes skulle hansaen ikkje vere forplikta til å følgje tjuvar eller dødsdømte til rettarstadar. Dei skulle heller ikkje vere forplikta til vektartenester og nattevakter.<sup>93</sup>

Det siste punktet i lovgrunnlaget eg vil ta for meg i etableringsfasen er skipanen til Kong Håkon Magnusson frå 16. Oktober 1299, retta mot kramhandel på bygdene og om samling av handel i byane. Grunnen til denne skipanen er at kongen ikkje ønskte at vanlege folk reiste ut på bygdene for å drive kramhandel. Ein kvar kjøpmann skulle føre sitt gods til byane, og selje det der. Det einaste unntaket frå denne regelen var dersom bøndene handla seg i mellom. Kongen såg så alvorleg på dette, at dersom sysselmennene ikkje følgde opp dette forbodet, ville dei miste sysla.<sup>94</sup>

Kva var så hanseatane sine rettar innanfor norsk lokalhandel i det eg ovanfor definerte som etableringsfasen? Som vi har sett, gav ikkje privilegiebrevet frå 1294 nokre særrettar til hanseatiske gjestar innanfor bergenshandelen. Dei ulike utvida rettane dei fekk, gjekk på offentlege plikter og rettstryggleik, ikkje på handelsverksemda. Den einaste særretten som gjestane hadde i forhold til dei fastbuande vintersitjarane, var frå 1278, og gjaldt retten til oppkjøp i smått utanfor hus og torg i dei tre sommarmånadane. Det var altså ikkje slik at hansaen fekk handelsprivilegia framfor norske kjøpmenn. Det dei fekk var heller like føresetnader for å drive handel som norske handelsmenn.<sup>95</sup>

I og med at det er fleire punkt frå tidlegare avtalar som ikkje blir nemnt i privilegiebrevet frå 1294, vil det vere naturleg å tolke dette slik at det ikkje var naudsynt å gjenta desse punkta, og slik fall dei bort. Med tanke på hanseatane sitt handlingsrom innanfor norsk lokalhandel vil eg kort summere opp dette gjennom etableringsfasen på følgjande vis. I 1250 var det ingen reguleringar på hanseatane sin handel i Bergen. Det var med andre ord fri handel. Dei første

---

91 NMD nr 41, 204

92 NMD nr 41, 204

93 NMD nr 41, 206

94 NgL III nr. 12. Her etter NMD nr 45

95 Helle, 1982: 384

reguleringane som kom, var i landslova og bylova på midten av 1270-talet. Den kongelege forkjøpsretten, vart for første gong nemnt i landslova, og vidare gjentatt i bylova, Kalmar-dommen og privilegiebrevet frå 1294. Etter 1294 var den kongelege forkjøpsretten sett til at han skulle vare i tre dagar etter at varene var meldt inn til ombodsmannen. Varene skulle seinast meldast inn dagen etter at skipet var lagt til kai. Varene som vart kjøpte på grunnlag av denne forkjøpsretten skulle det betalast marknadspris for. I tillegg til forkjøpsretten, gjekk det av bylova fram eit ønske om å samle bergenshandelen i hus og på torg. Ein skulle ikkje drive kjøp og sal av varer frå skip, og ein skulle heller ikkje losse varer frå skipet før ein fekk løyve til dette. I 1278 fekk dei handelsmennene som kom til Bergen med varer rett til fri handel i dei tre sommarmånadane. Dette var ein særrett som fastbuande utanlandske handelsmenn ikkje fekk ta del i. Ønsket om å samle handelen i Bergen, og regulere den til fastsette stadar i byen, kom tydlegare til syne i vedtektene frå 1282. Levande naut og sauer skulle berre handlast med på torget, og fisk var fastsett til torg eller brygge. Dette gjaldt for alle innbyggjarane i Bergen. For vintersitjarane vart det sett opp forbod mot å kjøpe levande naut i bygdene, og for vintersitjarane vart det forbode å kjøpe smør, skinnvarer og skrei om vinteren. Etter Kalmar-dommen i 1285 skulle alle tyske kjøpmenn ha rett til fritt kjøp i norske byar, og slik vart vintersitjarane sitt forbod mot handel i vintermånadane fjerna. Men det verkar fortsett ut i frå lovgrunnlaget at handelen skulle samlast i byane, og slik kan ein argumentere både for og i mot at forbodet for kjøp av slaktefe i bygdene vart oppheva i Kalmar-dommen. Forbodet vart uansett stadfesta gjennom Kong Håkon Magnusson sin skipan mot kramhandel på bygdene og om samling av handelen i byane i 1299. Det vart i rettarbota frå mellom 1293 og 1294 fastsett at det var forbode for både innanlandske og utanlandske å danne gilder. I tillegg vart det og i 1294 forbode for hansaen å segle nord for Bergen, og alle skipslaster med korn skulle, med unntak av kveitemjøl, betale eit godt pund korn i toll.

### *Ekspansjonsfasen rundt 1300 – 1380*

Etter at etableringsfasen for den hanseatiske rolla innanfor bergenshandelen var over, kan ein i lovgrunnlaget byrje å sjå trekk ved ein norsk handelspolitikk som på ulike måtar freista å avgrense den tyske verksemda i Bergen. Dette byrja så smått i 1282, vart vidareført i 1299, og skulle ut over 1300-talet vise seg å bli meir gjeldande. Nedkvitne skriv at åra frå Håkon 5. Magnusson vart krona til konge i 1299 og fram til Håkon 6. Magnusson døydde i 1380, var

den mest aktive perioden i norsk handelslovgjeving.<sup>96</sup> Handelen skulle som nemnt samlast i byane, og detalj- og mellomhandel skulle vernast mot utanlandske handelsmenn. Dette kan ein sjå klare dømer på i nokre udaterte vedtekter om utlendingane sin handel. Schreiner meiner desse vedtektene må ha kome i 1304, medan andre historikarar som P.A. Munch og Gustav Storm har andre synspunkt på når dei vart vedtatt.<sup>97</sup> Eg vil ikkje gå nærare inn på diskusjonen rundt dateringa av desse, anna enn at vedtektene kom tidleg på 1300-talet. Vedtektene har mykje å seie om handel på Vestlandet, og då spesielt lokalhandel. Ingen utenlandsk mann skal i følgje desse vedtektene føre eller sende sitt gods nord for Bergen, til sal andre stadar i heradet eller drive handel på kongen sine skattland. Vidare vert det skrivi at det òg er forbode for alle utanlandske menn å kjøpe korn, malt eller norske varer for å selje dei ut i smått seinare innanfor landet sine grenser. I tillegg vert det og sett forbod mot at utanlandske menn kjøper trelast som sperrer, bord eller rafter, frå andre enn kongen sin gard, eller rådmenn og husbønder i byen.<sup>98</sup> Eit anna viktig punkt var å gjere det vanskelegare for vintersitjarane å delta i detalj- og mellomhandelen. I vedtektene vert desse spesifikt nemnt i samband med alle utanlandske menn. «I samme ordning er også forbudt at noen utenlandske menn, de som sitter her i byen vår, kan kjøpe noen vare som kommer fra andre land for å selge den på annen måte eller selge den ut i smått her.»<sup>99</sup> I ein skipan frå Kong Håkon Magnusson om utførselstoll for utlendingar frå 30. juli 1316 kan ein lese meir om forbodet mot at vintersitjarane tok del i detalj- og mellomhandel. I denne skipanen står det at:

Idelig har det vært klaget for oss at det ikke er tillatt for våre menn å kjøpe eller utføre fra Tyskland annet enn sterkt øl, pyntevarer og andre ting som vår land har lite behov for. Og ikke fører tyskerne noe annet til oss enn stort sett slike ting som før er nevnt, og de vil bare ha det fra vårt land som de synes de har mest behov for, og som vi minst kan unnvære, det vil si skrei og smør.<sup>100</sup>

For at dette skulle bli slutt på, gjorde kongen det ulovleg for handelsmenn å ta skrei eller smør ut av landet dersom dei ikkje først hadde tatt med malt, mjøl eller anna tung vare inn til Noreg.<sup>101</sup> Dette var noko som vedtektene frå 1282 hadde tatt for seg med tanke på vintersitjarane i vintermånadane. Frå og med dei udaterte vedtektene på byrjinga av 1300-

---

96 Nedkvitne, 1983: 205

97 Schreiner, 1935: 50

98 NgL III nr. 53

99 NgL III nr. 53. Her etter NMD nr 60, s 274

100 NgL III s. 118-120. Her etter NMD nr 63, s. 282

101 NgL III s. 118-120. Her etter NMD nr 63, s. 282

talet, og skipanen frå 1316, skulle dette gjelde alle utanlandske handelsmenn, og det verkar særleg å dreie seg om tyske handelsmenn. I tillegg vert det og i skipanen frå 1316 gjort innskrenkingar på sjølve vintersitjinga. Det vert skrive at det ikkje skulle vere vintersitjing ut over det som bylova gav løyve til. Dersom dette vart gjort, ville husa vere forbrotne til kongen.<sup>102</sup> I bylova står det om dette at «utlendinger som eier gaarder i vor by eller leier 12 maaneders leie, de skal være like med bymændene i alle utbud.»<sup>103</sup> Ut frå det som står i bylova, verkar det som at det ikkje var ulovleg med leigeavtalar lengre enn tolv månader. Dei vintersitjarane som eigde hus, er ikkje tatt med i denne samanheng.

I 1317 vart vintersitjinga vidare regulert i kong Håkon Magnusson rettarbot om kjøpestevne i byane. Det vart bestemt at det skulle vere visse vilkår for at utlendingar skulle få drive med handel mellom 14. september og 3. mai. Det er særleg to punkt eg vil dra fram frå denne rettarbota. Det første er at utanlandske kjøpmenn måtte i løpet av åtte dagar ha lossa varene sine på næraste stad, for så å ha selt desse varene i løpet av dei følgjande fjorten dagane etter dette. Der i mot skulle varene berre bli selt i større parti, og til lovbestemte kjøpmenn på norsk side. Til dømes kunne kveitemjøl berre bli selt i sekkar, og andre kornvarer som malt, mjøl, rug korn og kveite skulle seljast i lestar. I tillegg skulle ingen huseigar leige ut hus til utanlandske menn for lenger enn to veker, og maksimalt seks veker til same kjøpmann.<sup>104</sup> Det at utanlandske kjøpmenn berre kunne selje til lovbestemte kjøpmenn er interessant. Dette vil bety at dei ikkje kunne drive sal av varer seg i mellom, og slik kan ein sei at norske styresmakter prøvde å halde utanlandske kjøpmenn borte frå detaljhandelen i vintermånadane. Ein ser slik at det i løpet av dei sytten første åra av 1300-talet, så vart det gått tilbake til ei lovgjeving som kan minne om freistnadane frå 1282.

Schreiner argumenterer for at rettarbøtene frå 1316 og 1317 var utslag av ein bevisst nasjonal politikk, som først og fremst var retta mot hanseatane.<sup>105</sup> I kjeldematerialet er det ikkje noko som fortel om kva hanseatane gjorde etter desse rettarbøtene, men i 1318 gav kong Håkon Magnusson ut ein skipan om utlendingar si liggetid og handel i Tønsberg. Sjølv om denne skipanen er for Tønsberg, ser eg det som unaturleg om desse forholda som vert nemnt i denne skipanen ikkje skulle gjelde for Bergen. Dette er og noko som Schreiner tar for seg, der han skriv «det kan ikke vere noen som helst tvil om at forholdene i Bergen og Oslo samtidig blev

---

102 NgL III s. 118-120. Her etter NMD nr 63, s. 282

103 BI III 6

104 NgL III nr 49, s 121 – 124 og Schreiner, 1935: 56

105 Schreiner, 1935: 56, 57



regulert på helt tilsvarende måte». <sup>106</sup> I skipanen står det skrive at alle utanlandske menn som vil segle til Tønsberg, skal kunne segle til alle tider, både vinter og sommar og fritt selje alle sine varer til bymenn, norske bønder eller kjøpmenn. <sup>107</sup> Det vart slik gått bort frå avgjerda frå året før der all handel skulle gå gjennom ein lovfesta kjøpar i norske byar, og dei utanlandske kjøpmennene hadde rett til å kjøpe alle varer dei måtte ha behov for. I tillegg skulle alle utanlandske handelsmenn kunne opphalde seg så lenge så naudsynt i Noreg for å drive handel. <sup>108</sup> Men det er ikkje noko i skipanen som tilseier at forbodet mot at utanlandske kjøpmenn handla innbyrdes med kvarandre under opphaldet i Noreg vart oppheva. Det vert og skrive i skipanen at «men i alle andre ting, vil vi at det forrige brevet ska stå ved lag, det som vi gjorde om byretten med hensyn til vintersittere». <sup>109</sup>

Sjølv om det er tydeleg ut frå lovverket at det har vore eit ønske om å avgrense hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen på vestlandet, fekk ikkje dette så mykje å seie for utviklinga for hanseatane si handelsverksemd. I 1320 vart avgjerslene frå 1293/1294 om eit forbod mot organisering i gilder hos både innanlandske og utanlandske kjøpmenn, stadfesta av formyrdarstyret til kong Magnus Eriksson. <sup>110</sup> Sidan tyskarane var dei utanlandske handelsmennene som prega bybiletet i Bergen mest, tyder denne gjentakninga av forbodet frå 1293/1294 på at dei fortsette å organisere seg. Dette skulle vise seg å bli gjeldande for resten av perioden fram mot midten av 1300-talet. Etter dei første åra der ein hadde gått tilbake til ei strengare linje innanfor lovgjevinga, vart det fram mot midten av 1300-talet eit tilbaketog til 1294 og den meir imøtekommande lovgjevinga. Det kan virke som at norske styresmakter kom til det punktet at uansett kor mykje ein prøvde å regulere hanseatane sitt virke, så var dei komne for å bli.

I 1331 kom kong Magnus Eriksson si rettarbot om utlendingar sin handel og liggetid i norske kjøpestadar frå 1331. Grunnen til denne rettarbota kom særleg av to grunnar. Den første var klager frå utanlandske kjøpmenn, som gjekk på at dei ikkje lenger kunne gjere innkjøp av varer slik som dei hadde rekna med. Dette fordi store delar av varene vart kjøpt opp om vinteren, og ført ut av landet før kjøpestevna skulle bli haldt etter gammal sedvane. Den andre grunnen var at norske byfolk klaga over at kjøpestadane kvar vinter var fulle av utlendingar

---

106 Schreiner, 1935: 57

107 NgL III s 131-132. Her etter NMD nr 65, s 286, 288

108 NgL III s 131-132. Her etter NMD nr 65, s 286, 288

109 NgL III s 131-132. Her etter NMD nr 65, s 286, 288

110 NgL III, s 149-150

som dreiv med handel. Slik fekk ikkje norske innbyggjarar gjort oppkjøp av varer, og knapt hadde mat i munnen.<sup>111</sup> Av desse grunnane gjekk rettarbota inn for å avgrense vintersitjinga. Alle utanlandske kjøpmenn, uansett kva nasjon dei høyrte til, skulle i sommarmånadane kunne uhindra drive kjøp og sal av varer så lenge dei førte inn nyttige varer til Noreg.<sup>112</sup> Vintersitjinga vart det der i mot slått ned på. I vinterhalvåret skulle det vere forbode for alle utlendingar som ikkje hadde norsk kone, å slå seg ned i Noreg, eller drive med noko form for handel. Dei som kom etter korsmessa på hausten (14. september), skulle likevel få vere i landet til varene vart selde, men ikkje ut over dette.<sup>113</sup> I tillegg vart det bestemt at framande kjøpmenn ikkje skulle drive sal av varer i smått, og at dei ikkje fekk kjøpe varer i bygdene. Slik skulle all omsetjing av varer vere knytta til norske byar.

Schreiner argumenterer for at rettarbota frå 1331 viser til kor makteslaus regjeringa i Noreg hadde blitt med tanke på hanseatane.<sup>114</sup> Dette fordi rettarbota frå 1318 no vart gjentatt, i punktet der hanseatane stod fritt til å handle i Noreg i sommarmånadane så lenge dei førte inn nyttige varer til landet. Den hadde i første omgang blitt sett på av hanseatane som ein siger, men vart i 1331 nytta av norske styresmakter for å verne om norske interesser. Dette meiner han vitnar om kor sterkt tyskarane i mellomtida hadde trengt seg fram.<sup>115</sup> Spesielt punktet om vintersitjing frå 1331 meinte Schreiner at var eit forsøk frå norske myndigheiter for å kunne setje ein stoppar for hanseatane si sterke stilling i Noreg. Som med forsøket på å avgrense hanseatane si stilling innanfor handelen i Bergen i 1282, vart og forordninga frå 1331 eit forsøk som ikkje fekk gjennomslag. Hanseatane reagerte sterkt på forordninga, og det vart strid mellom innbyggjarane i Bergen og hanseatane.<sup>116</sup> Denne striden er grunnen til stadfestingsbrevet frå kong Magnus Eriksson på hanseatane sine privilegia i Noreg frå hausten 1343, som er det siste punktet i lovmedialet frå denne perioden eg vil ta for meg. I dette stadfestingsbrevet er det første gong dei tyske kjøpmennene vert omtala som medlem av den tyske hansaen. Brevet tar for seg fleire aspekt ved handelen i Noreg. Det første punktet som vert nemnt, viser tilbake til tollvedtektene frå 1294. Alle hanseatiske kjøpmenn skulle betale eit godt pund korn av lasta på skipet, så lenge det ikkje var kveitemjøl. Utanom denne toll, skulle hansaen vere fri frå all anna toll ved inn- eller utreise til Noreg. I tillegg vert det i

---

111 NgL III, nr 70: s. 157-158

112 NgL III, nr 70: s. 158

113 NgL III, nr 70: s. 158

114 Schreiner, 1935: 62

115 Schreiner, 1935: 62

116 Schreiner, 1935: 63

brevet skrive, at norske styresmakter tar bort all den toll som har blitt lagt på hanseatisk handel i løpet av den «berømmelige Håkons tid, Norges konge». På same tid vert det stadfesta at hansaen skal betale den gamle tollene som vart pålagt av kong Eirik i 1294, og at alle privilegia, fridommar, rettar og sedvanar som var gitt av kong Erik i 1294 og av tidlegare kongar vart stadfesta med dette brevet sin autoritet.<sup>117</sup>

I første del av det som eg har valt å kalle for ekspansjonsfasen vart det ein meir aggressiv handelspolitikk ovanfor utanlandske kjøpmenn. Framleis skulle handelen samlast i byane og utanlandske handelsmenn skulle ikkje segle nord for Bergen eller til dei norske skattlanda. Dette var noko som hadde vore gjeldande sidan siste halvdel på 1200-talet. Det som der i mot var nytt på byrjinga av 1300-talet, var ei fastare regulering av kva utanlandske kjøpmenn kunne gjere. Det vart sett forbod mot å kjøpe norske varer for så å selje dei ut i smått på eit seinare tidspunkt. I tillegg vart det sett forbod mot at utanlandske handelsmenn som heldt til i Bergen, skulle få kjøpe utanlandske varer for så å selje dei ut i smått. Det verkar slik som at norske styresmakter ønska å stenge for at utanlandske kjøpmenn, og då særleg vintersitjarane, skulle få delta i særleg detaljhandelen i byen.

Med stadfestingsbrevet til kong Magnus Eriksson frå 1343 vart det gått tilbake på dei fleste punkt, ved at alle privileg, fridommar, rettar og sedvaner som tidlegare har blitt gitt til utanlandske handelsmenn, og då særleg hanseatane vart stadfesta med brevet sin autoritet. Skipanen frå 1318 vart ein tilbakegang frå den aggressive handelspolitikken i frå dei første åra av 1300-talet. Men utanlandske handelsmenn skulle fortsett selje alle varer i store kvanta. I stadfestingsbrevet frå 1343 vart privilegiebrevet av 1294 stadfesta. Det vart slik gått tilbake til same praksis som på slutten av ekspansjonsfasen. Slik var det på midten av 1300-talet ikkje noko endringar frå etableringsfasen, men med dei ulike periodane av aggressiv handelspolitikk, kan ein byrje å sjå ein freistnad om at lokalhandelen skulle drivast av nordmenn.

### *Kampen om lokalhandelen*

Ein ser i gjennomgangen av lovgrunnlaget så langt at det er fleire indikasjonar på at hanseatane har vore delaktige i norsk lokalhandel. I følge lovverket var ei slik hanseatisk deltaking lovleg fram til 1300-talet, med somme avgrensingar. Som vi såg i det første

---

<sup>117</sup> DN VIII nr 151. Her etter NMD nr 83, s 338.

kapittelet har tidlegare forskning grunngeve den sentrale stillinga hanseatane fekk innanfor eksporthandelen i Bergen, med eit norsk behov for korn, norsk handelspolitikk, hanseatisk organisasjon og økonomi. Schreiner og fleire forskarar før han argumenterte for at hanseatane pressa vekk ein allereie etablert norsk handelsstand i eksporthandelen. Som tidlegare nemnt har denne tanken om ein norsk handelsstand i eksporthandelen blitt debattert av både Knut Helle og Arnved Nedkvitne, som meinte at ein heller burde sjå på ringverknadane som følgde handelsorganisasjonen til hanseatane. Det er der i mot bevis for at det har vore ein norsk handelsstand som dreiv med eksporthandel, då gjennom tollrullane frå Lynn i England. Den nasjonale handelspolitikken var gjennom både etableringsfasen og ekspansjonsfasen skiftande mellom passiv og aggressiv. I etableringsfasen var det særleg vedtektene frå 1282 som gjekk inn for ein meir aggressiv handelspolitikk, medan den tidlege delen av 1300-talet viste til det same. Når vi ser på lokalhandelen i Bergen, og det som lovgrunnlaget kan fortelje oss om denne, så er det særleg eitt moment som eg vil sjå nærare på. Det er bevis for at det har vore ein etablert norsk handelsstand i Bergen før 1250, og Schreiner argumenterar for at det er desse som var med på å utforme vedtektene frå 1282. Det var på 1200- og 1300-talet ikkje mogleg for ein norsk handelsstand å blande seg inn i eksporthandelen. Denne typen handel hadde hanseatane altfor godt grep om, og dei norske handelsmennene hadde ikkje kontaktar eller kapital til å kunne gjere noko med dette. Lokalhandelen på si side hadde ikkje dei same krava for kapital og organisasjon. For meg verkar det å vere slik at denne bergenske handelsstanden såg på lokalhandelen som ein arena dei kunne etablere seg innanfor. Etter mitt syn er det akkurat dette 1282 vedtektene viser til. Ein norskstyrt handelsstand i Bergen ønska å innføre reguleringar på hanseatane si deltaking i norsk lokalhandel. På denne måten kunne dei sikre seg at denne handelen kunne bli dominert av norske handelsmenn. Problemet var at vedtektene frå 1282 verkar etter mitt syn å ha prøvd å avgrense hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen for raskt. Før dette så var det frå norske styresmakter ført ein meir eller mindre frihandelspolitikk for alle grupper i Bergen. Landslova og bylova kom med små inngrep, men ikkje noko som gjekk inn for radikale endringar. Den aggressive linja som vart gått inn for i 1282 måtte det og bli gått tilbake på allereie tre år etter i 1285. Det same ser vi igjen på 1300-talet då den aggressive politikken med tanke på lokalhandel gjere seg gjeldande. Eg meiner at den hanseatiske deltakinga i norsk lokalhandel, og skiftet mellom passiv og aggressiv handelspolitikk frå norske styresmakter, viser til eit ønske om at somme delar av handelen i Bergen måtte vere norskstyrt. Hanseatane hadde meir eller mindre fullstendig kontroll på eksporthandelen, og det var for norske aktørar ikkje mogleg å blande

seg inn i denne typen av handel. Lokalhandelen vart slik eg ser det ei kampsak for norske handelsmenn, og den skiftande handelspolitikken kan slik vise til at norske styresmakter ønska det same. Av denne grunn måtte hanseatane hindrast i å delta i denne typen handel. Slik vart det ein kamp om lokalhandelen. Denne kampen vert særleg tydeleg i perioden etter at kontoret vart oppretta på 1360-talet, og vil bli vidare diskutert i det tredje kapittelet.

## Kapittel 3 – Lovgrunnlag i seinmellomalder og tidleg ny tid

(rundt 1360-1600)

Medan det forrige kapittelet tok for seg lovgrunnlaget fram mot etableringa av Det hanseatiske kontoret, vil dette kapittelet dreie seg om tida fram mot 1600. Kapittelet vil slik ta opp tråden der det forrige kapittelet slutta. Sidan det i overgangen til tidleg ny tid skjer visse hendingar utanom lokalhandel i Bergen, som blir sentrale innanfor utviklinga av handelen i Bergen, har eg delt dette kapittelet i to delar. Første del skal ta for seg lovgrunnlaget til det som har blitt rekna som slutten på mellomalderen i første halvdel av 1500-talet. Den andre delen skal ta for seg dei ulike hendingane som skjedde i overgangen til tidleg ny tid, og lovgrunnlaget i denne perioden fram mot 1600-talet. I tillegg vil eg her diskutere skiftinga frå kampen om lokalhandel til kamp om eksporthandel. Til slutt i kapittelet vil det kome ein samlande konklusjon om lovgrunnlaget som kjelde til hanseatane si rolle innanfor bergensk lokalhandel, med ei drøfting om korleis kampen om lokalhandel skifta til kampen om eksporthandel.

### *Lovgrunnlaget frå Det hanseatiske kontoret vart etablert og fram til 1600*

Etter at hansaen var fast etablert på Vestlandet, verkar det som at det byrja å bli vanleg praksis at norske handelsmenn ikkje reiste til dei fastsette handelsstadane. I 1384 kom det ein skipan frå kong Olav Håkonsson som gjaldt dei nordafjelske kjøpestadane og trafikken dei i mellom. I denne skipanen står det:

Vi og vårt råd, både biskoper, riddere og flere andre, både lærde og leke, kan i sannhet godt merke det at våre kjøpsteder, Bergen og Trondheim og Vågan og de andre små kjøpestedene som fra gammelt har hatt takmark, forderves og legges øde fordi sjøfarende menn her hos dere ikke seiler med sine handelsvarer til de kjøpstevner som har vært fra gammelt.<sup>118</sup>

---

118 NgL III, s 222-22 . Her etter NMD nr 96, s 364

Skipanen er skriven til alle nord for Stad. Sjøfarande menn i denne samanheng kan tolkast på fleire måtar. Eg meiner at desse sjøfarande mennene kan ha vore handelsmenn, sidan dei seglar med handelsvarer. Utanlandske kjøpmenn er her ikkje tatt med, men denne praksisen passar ikkje inn med det som har vore fastsett i tidlegare lover, og ønsket frå norske styresmakter om å samle handelen i byar. For å oppretthalde dei eldre avgjerdene, vart det sett forbod mot å drive fjordkjøp og værkjøp, og fastsett kva kjøpestader som ulike kjøpmenn skulle reise til for å sikre at kjøpestadane skulle ha framgang i staden for ein tilbakegang.<sup>119</sup> Dette forbodet mot fjordkjøp og værkjøp, ser eg som naturleg at òg skal gjelde for utanlandske kjøpmenn.

Dronning Margrete vidareførte i ei rettarbot frå 1392 kvar det skulle drivast handel. Framleis skal landkjøp og strandkjøp vere slik som det har vore etter lova. Ingen skal kjøpe varer i kjøpestadar utanom på torget, om ein ikkje med kongens nåde har fått løyve til noko anna.<sup>120</sup> Sjølv om det no var nærare hundre år sidan privilegiebrevet frå 1294, kan ein sjå at lovgevinga frå 1392 ikkje har endra innhald. Dei neste åra skulle dette fortsetje. I 1398 vart dei hanseatiske privilegia stadfesta av kong Erik, som dronning Margareta stadfesta seinare same år.<sup>121</sup> I kjeldematerialet kan ein sjå at konflikstar som regel heng i hop med kva byar innanfor hansaen som skal kunne ta del i privilegia til ei kvar tid. I 1398 vert det kunngjort av eit sendebod frå Lübeck at Rostock, Wismar og dei andre mecklenburgske byane og i tillegg Visby, ikkje skal få ta del i dei privilegia som same år vart stadfesta av kong Erik og dronning Margareta.<sup>122</sup> Året etter, i 1399, kom ein valdgiftsdom som gav byane Rostock og Wismar rett til å ta del i dei privilegia som vart stadfesta året før.<sup>123</sup>

Det er ikkje før ut på 1400-talet at ein i lovgrunnlaget igjen kan sjå at det vert naudsynt å regulere lokalhandelen på Vestlandet. I 1425 kom dronning Philippa sitt forbod mot landkjøp omkring Bergen. I dette forbodet nemner ho alle kjøpmenn, innanlandske og utanlandske, frie menn, borgarar, kjøpstadmenn, bønder og alle andre. Landkjøp skal berre gå føre seg etter

---

119 NgL III, s 222-223. Her etter NMD nr 96, s 364

120 NgL 2. R. I, s. 26 punkt 6

«Item landkaup ok strandkaup skulu vera alluleidis epter thui, sem thau fyrra hafa at logum verit, vtan their sem that sierdeilis af konungdomsens nad adruleidis hafa. Skal ok engin kaupa eda selia i kapstadum vtan a retto torge.»

121 NgL 2. R. I. s. 45 punkt 9 og NgL 2. R. I nr 25, s 54

122 NgL 2.R. I. nr. 26

123 NgL 2.R. I. nr. 27

eldre lover og rett, og all handel skal berre skje i Bergen eller andre stadar som er bestemt til dette.<sup>124</sup> Same år vert det og gitt eit forbod frå kong Eirik mot at utlendingar handla med skattlanda.<sup>125</sup> Seinare same år sette han og fram eit forbod mot landkjøp i områda rundt Stavanger, for dei same gruppene som Philippa nemnde i sitt forbod.<sup>126</sup>

I 1444 kom det ei forordning om hansaen sine rettar i Bergen frå kong Christoffer av Bayern. Det er fleire grunnar til at denne forordninga kom dette året. Schreiner meiner at kong Christoffer av Bayern i byrjinga på si regjeringstid følgde ein handelspolitikk som var i tråd med tidlegare handelspolitikk.<sup>127</sup> Han meiner at Christoffer i 1444 i lag med ei rekke norske rådherrar skulle lage eit forslag til ei endeleg ordning av forholdet mellom hanseatane i Bergen og byen sine innbyggjarar. Hansaen hadde, i følgje Schreiner, gått langt ut over dei privilegia og rettar som gjaldt. Meininga med forordninga var å ta bort alle dei rettane som hanseatane etterkvart hadde teke seg til utan noko grunnlag i lover eller fribrev.<sup>128</sup> I tillegg argumenterer Schreiner for at dei som høyrde til Det tyske kontoret hevda dei stod under hanseatisk rett, og ikkje ville bøye seg for avgjersler gjort av norske styresmakter. Dei utgjorde slik ein stat i staten, hevda han.<sup>129</sup> Knut Helle argumenterer for at perioden 1440 – 1455 var «riksrådskonstitusjonalismens stortid i Norden i senmiddelalderen.»<sup>130</sup> Ved å avsetje Erik av Pommeren som konge og utnemne Christoffer av Bayeren til ny konge, og kampen om trona etter Christoffer sin død i 1448, kom det til uttrykk ein kraftig adelsreaksjon mot det sterke unionskongedømet som hadde vore gjennom kalmarunionen. I Norge førte dette til at den nasjonale handelspolitikken i desse åra var særskild aktiv. I byrjinga av perioden 1440 – 1455, vart handelspolitikken formulert på ny. Riksrådet og bymenn i Bergen, med Olav Nilsson som drivkraft prøvde å realisere denne politikken.<sup>131</sup> På byrjinga av 1400-talet vart hanseatane sine handelsrettar stadfesta fleire gonger. Kva var det som gjorde til at den nasjonale handelspolitikken på midten av 1400-talet var så aggressiv? Dette spørsmålet er noko som Geir Atle Ersland kjem inn på i boka *Das Kaufmannshaus*. I denne boka ser han på Det hanseatiske kontoret sine rettslokale og administrasjonshus i Bergen. Han meiner at når det kjem til historieskrivinga om Det hanseatiske kontoret i Bergen, så har framstillinga vore

---

124 NgL 2. R. I nr. 62

125 NgL 2. R. I nr. 63

126 NgL 2. R. I nr. 64

127 Schreiner, 1935: 130

128 Schreiner, 1935: 131

129 Schreiner, 1935: 70

130 Helle, 1982: 782

131 Helle, 1982: 782, 783



prega av at den indre organisasjonen var stabil og tradisjonsbunden, både innanfor handel og det sosiale livet på Bryggen. I tillegg skriv han at det er ei vanleg oppfatning at på eit organisatorisk nivå var det hanseatiske samfunnet i Bergen etablert ved slutten av 1300-talet, og at det i prinsippet fortsette slik til Kontoret vart oppløyst ved midten av 1700-talet.<sup>132</sup> Ersland meiner at denne oppfatninga ikkje er haldbar. For å grunngi dette, dreg han fram ein norsk historikar kalla Yngvar Nielsen. Han skreiv i 1877, at eit nytt hanseatisk kontor vart etablert kort etter 1435, sidan det tidlegare kontoret vart oppløyst då tyskarane forlet Bergen i 1427.<sup>133</sup> Denne tanken om eit nytt kontor meiner Ersland vert støtta av fleire nye administrative nyvinningar ved hansaen, som seinast skjedde på 1440-talet. Ein av desse administrative nyvinningane var ein bygning kalla *Copmansstaven*, som seinare vart kalla for *Das Kaufmannshaus*, på bryggen i Bergen. Det vart oppretta ei sekretærstilling som skulle ivareta tyske interesser ved kontoret. I tillegg vart ordninga med oldermenn utvida med ei anna gruppe, som vart kalla for *Achteinen*.<sup>134</sup> Dette var grep som hansaen gjorde for å styrke dei tyske handelsmennene sine interesser. Det verkar slik å vere gode grunnar for å kunne argumentere for at hansaen gjekk inn for å utbetre og organisere handelssystemet på ny. Forfattaren av *Bergen Fundas* understrekar at det var først då tyskarane kom tilbake til Bergen at ein byrja å kalle det for eit kontor, og at det på denne tida vart vanleg med vintersitjing.<sup>135</sup> Dette «nye» kontoret er noko som eg ser på som viktig for å forstå kvifor den nasjonale handelspolitikken vart så aggressiv på midten av 1400-talet. Med omorganiseringa kunne Det tyske kontor lettare verne om sine interesser, og må slik ha stått sterkare innanfor det bergenske bybiletet. Den aggressive nasjonale handelspolitikken må slik ha kome som ein reaksjon på eit meir samla tysk kontor. På dette grunnlaget må ein sjå forordninga av 1444. Hansaen hadde blitt for sterke innanfor norsk handel og det norske samfunnet, og forordninga skulle gjere noko med dette. I alt har forordninga 28 punkt. I det første punktet vert det skriva at hanseatane ikkje skulle kjøpe fersk fisk og kjøt frå andre stadar enn på torget, slik som det er fastsett i lover og rettarbøter.<sup>136</sup> Når skreien kom til Bergen frå nordlege delar av landet, skulle fisken bli lossa opp i hus eigd av nordmenn.<sup>137</sup> Dette for at fiskevarene skulle kontrollerast før utanlandske kjøpmenn fekk overta dei. Vintersitjarane vart og nemnde i denne forordninga. I punkt 21 står det at hansaen fekk nøye seg med å besøke Bergen mellom

---

132 Ersland, 2011: 25

133 Nielsen, 1877: 204, 227, 231

134 Esland, 2011: 26

135 *Bergen Fundas*, 48-49, 55

136 NgL 2. R. I nr. 130 punkt 1

137 NgL 2. R. I nr. 130 punkt 15

korsmessa på våren 3. mai og korsmessa på hausten 14. september, og slik skulle det bli slutt på den unyttige tyske vinterleiga i Bergen.<sup>138</sup> I tillegg skulle alle utanlandske kjøpmenn betale leidang.<sup>139</sup> Problemet med forordninga vart at dei som stod bak denne òg gjekk inn for å avgrense dei lovfesta rettane som hansaen hadde. Spesielt punkt 21 i forordninga som gjekk på den unyttige tyske vinterleiga i Bergen, tok opp den nasjonale handelspolitikken frå Håkon 5. si tid og frå 1331. Eit slik forbod mot hanseatisk vintersitjing ville bety slutten for Det hanseatiske kontor.

Forordninga frå 1444 førte til motstand frå hansaen si side. Det er kanskje ikkje så rart, sidan avgjerdene frå denne forordninga gjekk inn for å avgrense hansaen si rolle i bergenshandelen til det som Knut Helle kallar «rene sommerfarere som kjøpte fisk og andre norrøne varer av norske kjøpmenn og produsenter i Bergen, og leverte sine importvarer til dem i større partier.»<sup>140</sup> Motstanden frå hansaen førte til at kong Christian 1. i 1455 stadfesta hansabyane sine privileg i Noreg. Her vert det og skrive at alle tidlegare kongebrev i strid med privilegia skulle vere kraftlause.<sup>141</sup> Grunnen skal ha vore at den kongelege utanrikspolitikken i perioden 1455-81 var dominert av eit ønske om å få Sverige tilbake i ein treriksunion. Helle skriv at kong Christian var avhengig av forsyningar, lån og anna støtte frå hansabyane for å få denne politikken til å gå igjennom. Dette skal så ha ført til at han var ettergivande for hanseatiske krav.<sup>142</sup> I resten av kong Christian 1. regjeringstid, er det i lovgrunnlaget ingen klåre avklaringar på hanseatane si stilling innanfor lokalhandelen i Bergen. I 1471 kom det ei generell stadfesting av eldre hanseatiske privileg i Noreg.<sup>143</sup> I 1475 kom det innskrenkingar av hanseatiske handelsrettar i Danmark og Noreg. Det som vart fastsett i kong Christian 1. Forordning for Danmark og Norge om de tyskes handelsrett i desse rika, er tydeleg diktert av forhold i Danmark. Helle ser på det som tvilsamt at det for alvor var tenkt å gjennomføre denne forordninga i Bergen.<sup>144</sup> Sjølv om den strenge nasjonale handelspolitikken frå 1440-talet og utover ikkje gjorde seg gjeldande, er den viktig som eit frampeik på kva den nasjonale handelspolitikken etter kong Christian I. si regjeringstid skulle fokusere på. Det var ein klar vilje blant ulike kongar til å avgrense hansaen si rolle innanfor bergenshandelen. Ein strengare nasjonal handelspolitikk heng i hop med at hansaen si førarstilling i nordeuropeisk handel

---

138 NgL 2. R. I nr. 130 punkt 21

139 NgL 2. R. I nr. 130 punkt 14 og 23

140 Helle, 1982: 785

141 NgL 2. R. II nr. 63

142 Helle, 1982: 786

143 NgL 2. r. II nr. 127

144 Helle, 1982: 786

byrja å slå sprekker. Hansaen sine konkurrentar vart meir og meir synlege, og i det hanseatiske handelsforbundet byrja Lübeck si leiarstilling å bli svekka. No er det ikkje slik at hansaen forsvinn frå handelen i Bergen, men ein byrjar å sjå teikn på at det var andre aktørar som ønska å ta over for hanseatane. Eg meiner at det er i forordninga frå 1444 at ein kan sjå at kampen om lokalhandelen, byrjar å gå over til eit ønske om å blande seg inn i eksporthandelen. Det verkar for meg som om bergenske handelsmenn og hanseatiske konkurrentar, freista å avgrense hanseatane si rolle innanfor eksporthandelen. Dette var einaste moglege måte å kunne blande seg inn i denne typen handel. Forordninga frå 1444 er eit frampeik til kva den nye kampen om handelen i Bergen skulle dreie seg om. Grunnen til at det ikkje var mogleg å gjennomføre dette på midten av 1400-talet var at kong Christian var avhengig av hanseatane for å kunne få gjennomført sitt ønske om å få Sverige attende i treriksunionen. Slik kunne han ikkje gjennomføre ein politikk som ville føre til usemje med hanseatane. I tillegg var hanseatane si stilling i Bergen fortsatt for sterk, og dei hanseatiske konkurrentane var heller ikkje klar for å kunne overta deira stilling. Tida var slik ikkje inne for at dette skiftet var mogleg å gjennomføre, men det viser at det var andre alternativ enn ein eksporthandel styrt av hanseatar. Difor var fortsatt kampen om lokalhandelen gjeldande når ein går over til 1500-talet. Sidan det ikkje var mogleg å bryte inn i eksporthandelen, verkar det som at i alle fall skulle lokalhandelen vere styrt av norske handelsmenn.

I 1509 fekk borgarane i Bergen handelsprivileg av hertug Christian, og den nasjonale handelspolitikken som Christoffer av Bayern prøvde å få igjennom på midten av 1400-talet, vart på ny tatt opp. I dette privilegiebrevet er det tre punkt som omhandlar lokalhandel i Bergen, og dei hadde som mål å sikre borgarane enkelte fordelar innanfor denne. Det første punktet gjeld all handel med bønder og folk utanfor byen. Denne typen handel skulle berre skje på torget. Det andre tar for seg at innfødde har i 14 dagar einerett til å handle med skottar og engelskmenn. Dette betydde at først etter at dei fjorten dagane var omme, kunne kontoret sine kjøpmenn handle med desse kjøpmennene. Til slutt står det at tyskarane ikkje får stå på bryggen med kramkister og sild.<sup>145</sup> Schreiner skriv at føremålet med desse privilegia til dei bergenske borgarane, var meint å skulle framkalle ei radikal endring av beståande forhold. Dette fordi påboda betydde eit direkte inngrep i vante former for varebyte.<sup>146</sup> I praksis fekk ikkje desse privilegia for borgarane i Bergen noko å seie for deira handel i byen. I følgje Schreiner var hanseatane opptekne av å verne om si eiga leiarstilling innanfor all handel i

---

145 NgL 2. r. III nr. 213. Punkt 1, 2, 3

146 Schreiner, 1941: 57

Bergen, og dei gjekk hardhendt til verks mot alle forsøk på å realisere påbodet frå 1509.<sup>147</sup> Det at påboda ikkje gjekk gjennom, kan ein òg sjå døme på i 1512. 27. april dette år stadfesta Kong Hans, med kong Christiern og 16 riksråder sitt samtykke, samtlege privileg for dei vendiske- og andre hansa-byar. Her står det at «med denne bestemmelse at alle derimot stridende brev utstedt av ham eller hans forfedre skal værere døde og maktesløse.»<sup>148</sup> Dette vart vidare utforma då det 26. juli 1513 kom til ein overeinskomst mellom kong Christian 2. og de vendiske hansebyane om kjøpmannen i Bergen. I denne overeinskomsten står det at nordfararar som står i gjeld til ein kjøpmann og likevel sel sine varer til andre, skal stå til rette for riksrådet. I tillegg skal ingen hindre kjøpmennene å få sine «tilgodehavender fra norske såvel som tyske skyldnere».<sup>149</sup> Vidare vert det skrive at tyskarane ikkje mot norsk rett og gammal sedvane, skal føre fisk frå Island til sine eigne byar. Dette kan berre skje om fisken vert ført til England.<sup>150</sup> Dette er eit punkt som 12. august same år vert stadfesta i eit brev til dei hanseatiske råda i Lübeck, Hamburg, Stralsund, Rostock, Wismar og Lüneburg. Der vert det skrive at «dette er til skade for Norges rike og inbyggere, dessuten i strid med privilegiene til de norske og tyske kjøpmennene i Bergen.»<sup>151</sup> Schreiner har sett på denne overeinskomsten som eit utvetydig vitne på eit gjennomgripande skifte i Bergen. Det at hanseatane følte eit behov for ei slik forskrift, viste at tyskarane stod overfor ein motpart som trengte seg inn på deira eige handelsområde.<sup>152</sup> Denne motparten skulle gjere seg gjeldande vidare ut over 1500-talet, og bestod av både norske og andre utanlandske kjøpmenn, som nederlendarar, engelskmenn og tyske handelsmenn (lause geseller) som ikkje hadde noko samband med Det hanseatiske kontor.

I 1528 stadfester og utvider Kong Fredrik I. Bergens privilegier. I denne stadfestinga og utvidinga er det ei rekke detaljerte avgjerder i samsvar med den nasjonale handelspolitikken der kongen gjekk inn for å avgrense utanlandske kjøpmenn sitt virke i Bergen. Han stadfester alle privileg som tidlegare kongar har gitt bergensborgarane. Vidare står det at utanlandske kjøpmenn ikkje skulle nekte å selge mjøl, malt, øl, klede og lerret til bergensborgarar, unntatt i mindre enn heile stykke. Dersom utanlandske kjøpmenn auka prisen på varer for innanlandske kjøparar, skulle høvedsmannen, lagmannen og rådmenn gje dei ei åtvaring. Etter

---

147 Schreiner, 1941: 57

148 NgL 2. r. III nr. 230

149 NgL 2. r. IV nr. 4. Punkt 4, 9

150 NgL 2. r. IV nr. 4. Punkt 8

151 NgL 2. r. IV nr. 5.

152 Schreiner, 1941: 58

tre åtvaringar kunne det så klagast til kongen. Utlendingar som dreiv sal av sølv- eller kramvarer på gata skulle få varene konfiskerte.<sup>153</sup> I tillegg var det fleire punkt i denne avtalen som var direkte retta mot tyskarane. Tyskarar kunne ikkje sjølv hente ved og tømmer i skogane, og dersom dei stod bak bygging av skip og hus i bygdene, skulle det dei hadde bygd konfiskerast. Dersom tyskarar lånte gods til nordmenn som hadde ei formue på mindre enn 15 mark, kunne ikkje tyskarane drive inn kravet rettsleg. Når det kjem til kramvarer, kunne tyskarane berre drive sal av desse innandørs, og berre selje desse til norske borgarar. Om dei heldt sal av slike varer ute på bryggene, skulle høvedsmannen konfiskere desse varene. Det vart og stadfesta at ingen utlending kunne bli norsk borgar utan å ha ei norsk kone.<sup>154</sup> Ei anna side ved denne stadfestinga vende seg mot bergenske handelsmenn. Dei kunne «fare med kjøpmannskap hvor de vil i Norge og annensteds.»<sup>155</sup> I dette privilegiebrevet vart det gått inn for at dei bergenske innbyggerane skulle ha einerett til detaljsal i byen. Utlendingane sin handel skulle avgrensast til sal av varer i stort, og berre til byen sine egne næringsdrivande. Men det verkar som at privilegiebrevet var ein del av ei lenger målsetting. Dette på grunn av hendingar som ikkje hadde noko med lokalhandel å gjere, som skulle vere med på å føre til overgangen frå mellomalder til tidleg moderne tid.

### *Overgangen til tidleg ny tid (1530-talet fram mot 1600)*

Før eg skal gå inn på den siste perioden når det gjeld lovgrunnlaget som har noko å seie for hanseatane si stilling i Bergen, ser eg det som naudsynt å gje ein bakgrunn for somme hendingar på midten av 1500-talet. Desse hendingane er viktige å ha med sidan dei forklarar mykje av det som skjer i lovgjevinga. I reformasjonstida (1536) var det fortsatt hanseatane på Bryggen og Lübeck som dominerte eksporthandelen i Bergen og det nordafjelske Noreg. Ut over midten av 1500-talet skulle det vise seg at Lübeck og kontoret i Bergen møtte sterk konkurranse frå både andre utanlandske kjøpmenn og norske kjøpmenn. Under grevefeiden hadde Lübeck, som på den tida var kontrollert av ei opprørsk gruppe lutheranarar, støtta eit dansk parti leia av grev Kristoffer, som støtta den avsette Kristian 2.<sup>156</sup> Christian 3. vann ein fullstendig siger over hansabyane sine allierte i denne feiden, noko som historikaren Anders

---

153 NgL 2. R. IV nr. 113. Punkt 7, 8, 23, 24

154 NgL 2. R. IV nr. 113. Punkt 12, 13, 14, 16, 20

155 NgL 2. R. IV nr. 113. Punkt 22

156 Ersland, 1999: 146

Bjarne Fossen, meiner kunne få konsekvensar for kontoret si maktstilling i Bergen.<sup>157</sup> Schreiner meiner at følgene av striden vart avgjerande for hanseatane sitt forhold til Noreg.<sup>158</sup> Fleire grupper byrja å gjere seg gjeldande innanfor den norske handelen, då særleg i Bergen, men nokre store konsekvensar for kontoret si maktstilling kan ein ikkje snakke om på 1530-talet. Fundamentet for kontoret sin eksistens var fortsatt importen av korn og øl og byting av desse varene mot tørrfisk frå Nordland.<sup>159</sup> Så lenge kontoret var hovudaktør innanfor kornimporten, ville dei behalde maktstillinga si på Bryggen. Kontoret og hanseatiske kjøpmenn hadde, som vi har sett, eit forbod mot å segle nord for Bergen. Så lenge norske skip kom til Bergen med tørrfisk, som hansaen kunne byte til seg mot korn, var det å segle nord for Bergen heller ikkje naudsynt. For å kunne endre maktgrunnlaget til kontoret og hansaen i Bergen, måtte andre grupper av kjøpmenn trenge inn i tørrfiskhandelen. Dette var nettopp det privilegiebrevet frå 1528 opna for, då det gav norske borgarar rett til å segle kvar dei ville i riket, og drive handel der dei måtte ønske. Freistnaden om å samle handelen i norske byar hadde var noko som òg norske kjøpmenn måtte rette seg etter. Skipanen frå 1384 er eit døme på dette, då kong Olav Håkonsson fastsette kvar nordmenn skulle segle med varene sine, og forbodet mot værkjøp. Med privilegiebrevet frå 1528 kunne norske handelsmenn segle til nordlege delar av Norge, og direkte handle med nordmenn der. I byrjinga verkar denne praksisen å vere for avgrensa til å utgjere noko særleg trussel mot kontoret sin fiskehandel. Det var ikkje før ut på midten av 1500-talet at Kontoret byrja å ta denne praksisen på alvor. Gjennom resten av 1500-talet skulle dette emnet vere det sentrale spørsmålet i forhandlingane mellom Kontoret og bergenske innbyggjarar, og mellom hansabyar og dei dansk-norske styresmaktene.<sup>160</sup> Det er derfor truleg at bergenske kjøpmenn si handelsverksemd med Nordland vart så omfattande, at den utgjorde ein trussel mot det etablerte handelssystemet som Kontoret støtta seg til. I tillegg ser ein at det byrjar ein trend med at andre grupper av kjøpmenn gjorde seg gjeldande innanfor kornimporten. Fossen og Schreiner meiner dette kom av at kontoret ikkje makta å dekke nordlendingane sitt behov for brødkorn på byrjinga av 1540-talet.<sup>161</sup> Eg meiner at kontoret si manglande evne til å forsyne nordmenn med korn ikkje forklarar den nye trenden på 1500-talet på ein tilfredstillande måte. Situasjonen førte til at det vart mogleg for handelsmenn som ikkje hørte til kontoret, og som kunne skaffe korn, kunne

---

157 Fossen, 1979: 14

158 Schreiner, 1941: 100

159 Fossen, 1979: 14

160 Fossen, 1979: 15

161 Fossen, 1979: 16 og Schreiner, 1941: 149

tene gode pengar. Ekstra lønsamt vart det, dersom dei handla direkte med bergenske kjøpmenn, og slik ikkje involverte kontoret med dei avgifter som det ville ha medført.<sup>162</sup> Men at dette kom eine og åleine av at hansaen ikkje kunne føre inn nok korn til Noreg vert for snevert etter mitt syn. Hansaen hadde tidlegare i mellomalderen slite med å forsyne Noreg med nok korn, som til dømes i tida rett etter svartedauden då Tyskland hadde «vært hjemsøkt av misvekst og prisstigning på korn.»<sup>163</sup> Likevel hadde hansaen ikkje blitt trua av andre grupper av kjøpmenn innanfor importhandelen av korn. Kva var det som gjorde til at det på 1500-talet vart mogleg for andre grupper av kjøpmenn å konkurrere med Det hanseatiske kontoret? Både i høg mellomalderen og i sein mellomalderen hadde det i Bergen vore grupper av handelsmenn og handverkarar som hadde trossa Det hanseatiske kontor sin dominans. Men det var først særleg i tiåra etter reformasjonen at denne gruppa for alvor byrja å vekse og fekk økonomisk styrke. Det var og i denne tida at ein kan byrje å kalle denne standen for eit borgarskap. Det var ikkje lenger mogleg for ein person å drive med handel eller handverk utan å ha skaffa seg formell rett til det gjennom å løyse borgarskap, betale borgarskaps pengar og få namnet innført i byen si borgarbok.<sup>164</sup> På 1500-talet førte borgarskapet sin talmessige vekst, indre konsolidering og juridiske avgrensing til ein aukande påverknad i bysamfunnet. I 1536 hadde Bergen ein borgarmester som vart valt av borgarskapet. Gradvis vart byrådet eit organ for det same borgarskapet, som no og i veksande grad hadde fått ei slik stilling at dei kunne utfordre Det tyske kontor.<sup>165</sup> I tillegg vart det i bergenshandelen ein framvekst av lause geseller (tyske handelsmenn utan tilhøyrsløse til Det tyske kontor), hollenderar og engelskmenn som handla med det bergenske borgarskapet. Det tidlegare nemnte borgarskapet i Bergen heldt til på Strandsida av Vågen, medan Det tyske kontoret heldt til på Bryggen. Desse to gruppene av handelsmenn i Bergen stod slik på kvar si side av Vågen, og ein fekk på grunn av dette ei todeling av handelsverksemda i Bergen. Denne soneinndelinga av handelen i Bergen skal vi sjå igjen i lovgrunnlaget. Eg meiner slik at det er på bakgrunn av dette ein må sjå utviklinga av lovgrunnlaget vidare ut over 1500-talet. Det var ikkje berre at Kontoret hadde støtta den tapande sida i Grevefeiden og ei manglande evne til å forsyne innbyggjarane i Noreg med korn, som vart avgjerande for at hansaen byrja å miste grepet om eksporthandelen. Det tyske kontor byrja å komme i den stillinga der dei ikkje lenger hadde det sterke maktgrunnlaget til å trumfe gjennom sine ynskjer innanfor handelen i Bergen på grunn av

---

162 Schreiner, 1941: 149, 187

163 Schreiner, 1935: 76

164 Fossen, 1979: 125, 126

165 Fossen, 1979: 126

konkurransen frå eit stadig veksande borgarskap i Bergen. I tillegg kan ein i siste fasen av lovgjevinga sjå at innbyggjarane i Bergen søkte vern frå kongen mot dei utanlandske handelsmennene.<sup>166</sup> Slik vart det ein konkurranse om den leiande rolla innanfor eksporthandelen i Noreg. Det var innanfor denne handelen rikdommane samla seg, og det var der det nye norske borgarskapet og dei andre utanlandske kjøpmennene hadde eit ønske om å blande seg inn i. Av denne grunn skal vi sjå i lovgrunnlaget at kampen mellom kontoret og dei andre gruppene av kjøpmenn gjeld akkurat denne typen handel. Lokalhandelen var ikkje lenger ei kampsak for dei norske borgarane, som eg tidlegare har argumentert for at byrja allereie i vedtektene frå 1282. Medan kampen om lokalhandelen var sentral fram til 1500-talet, er det ved reformasjonstida klart at det gjekk over til å bli ein kamp om eksporthandelen.

Våren 1541 oppsøkte kontoret sine oldermenn lensherren på Bergenhus, Tord Rodt. Under dette møtet, bad dei lensherren om å forby borgarane i Bergen å drive slike næringar som var skadelege for tyskarane sin handel. Dette var Tord Rodt uvillig til å gjere, sidan borgarane etter hans meining ikkje føretok seg noko som ikkje hadde støtte i kongelege fribrev. Han ville der i mot at partane skulle møtast i Mariakyrkja for eit forhandlingsmøte. Dette møtet førte ingen veg, og hanseatane skulda på ein liten del av dei bergenske borgarane for dette.<sup>167</sup> Etter dette møtet, hadde Tord Rodt og tre fullmektige frå byrådet avlagt eit besøk hos kong Christian 3. Då dei kom tilbake til Bergen, vart det inkalla til eit nytt møte i Mariakyrkja, og det var her fribrevet av 1541 vart lest opp, med kva folk på Bryggen (Kontoret) skulle rette seg etter.<sup>168</sup> Det første brevet hadde ikkje så mykje å seie for kjøpmennene frå Kontoret. Det var særleg det andre brevet, som inneheldt nye privileg for Bergen, som vart sentralt.

Privilegiebrevet frå 16 mai 1541 gjentek omtrent ordrett føreskriftene frå 1528 om hanseatane sin handel med kramvarer i Bergen. I tillegg til at dette skulle gjelde dei kjøpmennene som hørte til Det tyske kontor, skulle dette og gjelde dei tyske handelsmennene som ikkje hørte til kontoret. Desse utanlandske kjøpmennene som ikkje hørte til kontoret, skulle heller ikkje få ta del i vintersitjinga. For alle utanlandske kjøpmenn som ikkje hørte til Kontoret, skulle vintersitjing vere forbode.<sup>169</sup> Det vart og i 1541 sett inn ei avgjerd om at det var ulovleg å drive sal av varer i alen og småvekt. For utanlandske kjøpmenn var det ulovleg å selje kramvarer på gata, og dei skulle heller ikkje stå på bryggen med sine kramvarer og kramkister. I tillegg vart borgarane sin forkjøpsrett på utanlandske varer, som vart nemnt i

---

<sup>166</sup> Schreiner, 1941: 130

<sup>167</sup> Schreiner, 1941: 131

<sup>168</sup> Schreiner, 1941: 132

<sup>169</sup> Paus, 1751: 303, punkt 15



avgjerda frå 1509, stadfesta i 1541, men den vart avgrensa til 8 dagar. Slik skulle borgarane i Bergen kunne skaffe seg det dei trengde frå skottar og engelskmenn, og andre utanlandske handelsmenn som ikkje høyrte til det tyske kontoret, før Kontoret kunne drive handel med desse.<sup>170</sup> Privilegiebrevet opna for at utlendingar som ville bli norske borgarar, kunne bli det. Det var inga ny vedtekt i dette brevet på linje med avgjerda frå 1528 om at ein måtte ha ei norsk kone for å bli ein norsk borgar. Det at dette ikkje er nemnt i brevet frå 1541 må bety at dei som ville, kunne bli borgarar i Bergen, uansett om dei hadde norsk kone eller ikkje.<sup>171</sup> Det som der i mot førte til størst motstand frå kontoret var at Christian 3. gav borgarane i Bergen rett til å kunne segle der dei måtte ønske i det norske riket. Dette hadde aldri før vore skikk og bruk, meinte kontoret sine oldermenn. Men dette punktet hadde òg vore omtalt i 1528. Det at hanseatane i 1541 reagerte så kraftig på noko som dei tydelegvis ikkje hadde tatt notis av før, viser at dei såg på dei bergenske borgarane som større konkurrentar enn tidlegare.<sup>172</sup> I denne samanheng er det verdt å nemne at det i fribrevet ikkje vert vist til nordlandshandelen eller til eit konkurranseforhold mellom borgarar og hanseatar i fiskehandelen. Når det kjem til hovuddelen av handelen i Bergen, eksport av tørrfisk, vert denne forbigått i stillheit. Schreiner meiner at dei dansk-norske styresmaktene ikkje ville at dei bergenske borgarane skulle ta over varebyttet med nordlendingane. Der skulle kontoret behalde sitt gamle førarskap, medan dei bergenske borgarane skulle ha kontroll over lokalhandelen.<sup>173</sup> Med tanke på det eg ser som hovudføremålet med den nasjonale handelspolitikken, freistnaden av å samle handel i byar, meiner eg at dette er heilt i tråd med den handelspolitiske linja. Kontoret sitt hovudføremål var at folk frå nordland kom til Bergen med tørrfisk, folk frå kontoret gav dei korn i byte mot tørrfisken, for så å eksportere denne tørrfisken vidare rundt i Europa. Dersom kontoret mista retten til å drive denne handelen, meiner eg at Bergen som sentrum for handel stod i fare for å bli svekka. Sidan kongen gjekk inn for like rettar for eksporthandel mellom Strandsida og bryggen, vart Bergen delt i to sonar. Ein sone på bryggen med Det hanseatiske kontor, og den andre sonen på Strandsida med det nye bergenske borgarskapet. Kontoret skulle styre fiskehandelen, medan bergenske borgarar skulle styre lokalhandelen i Bergen.

---

170 Paus, 1751: 301, punkt 3, 10, 11 og 18

171 Schreiner, 1941: 133

172 Paus, 1751: 302, punkt 12

173 Schreiner, 1941: 136

Fribrevet av 1541 førte til store motsetnader mellom dei bergenske borgarane og kontoret sine kjøpmenn, og det herska ufred i Bergen.<sup>174</sup> For å drøfte stridsspørsmåla mellom dei ulike partane, kalla Christian 3. inn til møte i Odense, våren 1545. Dette møtet har seinare blitt kalla for Odense-recessen (møtevedtaket), etter forhandlingane i Odense. Det som er viktig med denne recessen, er at den heilt frå den vart vedtatt, var bestemt at den skulle vere eit førebels forlik mellom borgarane i Bergen og Kontoret. Recessen består av 31 punkt som går på ulike delar av bybiletet i Bergen. Eg vil her ikkje ta for meg alle punkta. Det eg vil legge vekt på er dei punkta som går på utviklinga i seinmellomalderen. I det andre punktet i denne recessen vart det slått fast at når det kom til nordlandshandelen, fekk borgarane rett til å delta i denne. På same tid skulle borgarane inntil vidare få drive handel med folket der. Det var nokre føresetnader til dette. Det var berre ti skip årleg som kunne gjere denne reisa, og desse skipa skulle ikkje gjere meir enn ei reise tur/retur årleg. I tillegg skulle ikkje handelsvarene frå dette kunne førast til Nederland eller andre stadar. Varene skulle først førast til Bergen, og berre der kunne dei bli selt vidare til andre kjøpmenn, og først då kunne dei førast ut av landet. Det vart og i same punkt fastsett, då med tanke på kjøpmannen ved Kontoret sine interesser, eit forbod mot at andre enn byen sine eigne borgarar kunne ha økonomiske interesser av denne handelen.<sup>175</sup> Det vart slik ikkje moglegheit for borgarane i Bergen til å nytte andre utanlandske kjøpmenn sin kapital for å gjere reisa mogleg. Denne typen handelen skulle vere styrt av bergenske borgarar. På same måte som borgarane fekk løyve til å ta del i nordlandshandelen, skulle Kontoret få ta del i handel med utanlandske kjøpmenn.<sup>176</sup> Den borgarlege forkjøpsretten frå 1541 på sju dagar på alle utanlandske varer utanom dei som Kontoret sjølv førte inn, fall slik bort. I tillegg vart det gått bort frå avgjerda i 1541 om at ingen utlending fekk drive sal av varer på open gate. I recessen vart det slått fast at skipsmannskap på tyske skuter fekk drive med slik handel ein dag i veka, nærare bestemt kvar onsdag.<sup>177</sup> I samband med dette skulle Kontoret sjølv passe på at den hanseatiske verksemda gjekk føre seg etter norsk lov.<sup>178</sup>

Med Odense-recessen vart det slutt på soneinndelinga som fribrevet frå 1541 la opp til. Både i omsetjinga innanfor byen og bygdene på Vestlandet og i Nordland skulle begge partane ta del i. Ein ser slik eit skifte i riksstyret si haldning til handelen i Bergen. Schreiner meiner at dette

---

174 Schreiner, 1941: 159

175 DNT I s. 651 punkt 2

176 DNT I s. 651 punkt 4

177 DNT I s. 654 punkt 18.

178 DNT I s. 652 punkt 10

kan forklarast med ei aukande forståing for realitetane i Bergen. «Det teoretiske og svært virklighetsfjerne standpunkt fra 1541 blev forlatt til fordel for et mere realitetsbundet syn.»<sup>179</sup> Recessen av 1545 set slik eit skilje for utviklinga av korleis handelen i Bergen skulle gå føre seg. Det vart recessen og ikkje fribrevet frå 1541 som skulle danne utgangspunktet for dei vidare drøftingane av borgarskapet og Det tyske kontor. Sidan det vart gått bort frå fribrevet frå 1541 som drøftingsgrunnlag, meiner eg det viser at Schreiner har rett i si tolking av handelspolitikken. I tillegg kan ein snakke om at recessen gjekk inn for ein gyllen middelveg mellom dei bergenske borgarane og Kontoret. Den eine skulle ikkje få noko på vegne av den andre, og føremålet verkar å skulle vere ei rettferdig fordeling for dei begge. Kontoret fekk lov til å handle med andre utanlandske kjøpmenn, og kvar Onsdag fekk tyske skip lov til å drive sal av kramvarer. På den andre sida fekk dei bergenske borgarane løyve til å ta del i nordlandshandelen.

Det siste punktet eg vil ta for meg i denne delen om lovgrunnlaget er det som skjedde etter recessen frå 1545. Fribrevet frå 1541 og recessen frå 1545 viser til ein nasjonal handelspolitikk som i høg grad var skiftande og uklår. I 1541 vart det gått inn for ei sonedeling av handelen i Bergen, der Kontoret og dei bergenske borgarane skulle ha kvar sine klart avgrensa handelssektorar. Berre fire år etter i 1545 vart det gått bort frå dette, og dei to ulike aktørane skulle dele all handel mellom seg. Denne skiftinga innanfor handelspolitikken var ikkje noko nytt. Dette er det fleire dømer på, til dømes den aggressive handelspolitikken i 1282 og på midten av 1400-talet, som viste seg å ikkje vere mogleg å gjennomføre. Schreiner meiner at det ikkje kan sporast ei tydeleg handelspolitisk linje frå dansk-norske styresmakter, og at forsøka på å realisere handelspolitikken ikkje hadde noko å seie for utviklinga i Bergen. Den skiftande kursen vart slik karakterisert av mangelen på ein klar politikk frå styresmaktene. Det verkar for meg heller å vere slik at dansk-norske styresmakter hadde ein klar føresetnad om at Kontoret si rolle innanfor handelen i Bergen skulle avgrensast. På denne måten skulle handelen med tørrfisk ein gong i framtida vere styrt av norske borgarar. Det som var problemet på midten av 1500-talet, var at borgarskap i Bergen var eit heilt nytt omgrep. Fossen meiner at i denne samanheng så måtte «Byens unge borgerskap få tid til å konsolidere sin posisjon. Det var heller ikke nok at borgerne svært så gjerne *ville* utvide sitt virkefelt, de måtte også kunne *make* det.»<sup>180</sup> Det kan slik tenkast at den skiftande handelspolitikken kom av at kongen meinte det unge borgarskapet i Bergen var for svakt til å ta over rolla til

---

179 Schreiner, 1941: 179

180 Fossen, 1979: 42

Kontoret. I tillegg var det ei reell fare for at dersom Kontoret forsvann frå Bergen, så var det meir sannsynleg at andre utanlandske kjøpmenn tok over Kontoret si rolle enn at borgarskapet i Bergen gjorde det.<sup>181</sup> I denne samanhengen er det truleg at den skiftande handelspolitikken kom som ein reaksjon på at dansknorske styresmakter sitt ønske om ein norskdriven tørrfiskhandel. Av denne grunn måtte borgarskapet i Bergen bli oppmuntra til å ta del i nordlandshandelen. På same tid var ikkje det bergenske borgarskapet sterkt nok til å kunne overta rolla til Kontoret. Slik måtte dette skiftet skje gradvis, nettopp for å gje borgarskapet i Bergen tid til å kunne utvikle seg til å komme i den posisjonen, at dei kunne overta Kontoret si rolle.<sup>182</sup> Etter recessen i 1545 får borgarskapet i Bergen utvida rettar innanfor nordlandshandelen. Kontoret klagar så på dette, og så endar det opp i ein nye avtalar. Fram mot 1600-talet vert det ei gradvis auke for det bergenske borgarskapet innanfor deira deltaking i nordlandshandelen. Det vert her tydeleg at borgarskapet i Bergen på sikt kjem til å ta over rolla som dei hanseatiske kjøpmennene hadde hatt heilt frå 1200-talet. Lovgjevinga frå midten av 1500-talet og fram mot 1600 har ikkje noko å tilføre til den overordna problemstillinga for dette prosjektet. Eg vil slik avslutte min gjennomgang av lovgrunnlaget her.

### *Konklusjon*

Etter gjennomgangen av lovgrunnlaget set vi så igjen med dette: I etableringsfasen var det meir eller mindre frihandel, noko som var ein medverkande faktor til at hanseatane kunne skaffe seg den leiande posisjonen innanfor norsk handel. Dei første reguleringane på hanseatane sin handel gjekk på lokalhandel, og i 1282 har eg argumentert for at kampen om lokalhandelen byrja. Hanseatane si rolle innanfor den norske lokalhandelen måtte avgrensast. Sjølv om det var somme avgrensingar på lokalhandel, var det ikkje ulovleg for hanseatane å drive med lokalhandel i Bergen. Vi må slik gå ut i frå at dei var delaktige i denne handelen gjennom etableringsfasen. I lovgrunnlaget er det desverre ikkje noko som kan hjelpe oss til å forstå i kor stor grad hanseatane aktivt tok del i denne typen handel. Lovgrunnlaget åleine kan slik ikkje gje noko forklaring på den hanseatiske deltakinga. Her må vi nytte andre kjelder for å kunne sei noko om dette. Problemet her er at det ikkje er andre kjelder som omtalar dette emnet frå same perioden. Så når det kjem til etableringsfasen, er det næraste vi kan komme

---

181 Fossen, 1979: 40

182 Fossen, 1979: 42

ein konklusjon at dei har vore delaktige i bergensk lokalhandel, utan at vi kan seie noko meir om i kor stor grad. På slutten av etableringsfasen og i byrjinga av ekspansjonsfasen vart handelspolitikken meir aggressiv, noko som tydleg gav utslag i lovgrunnlaget. Kampen om lokalhandelen, og ønsket om at hanseatane skulle halde seg til eksporthandel, vart sentral utan at dette fekk særleg å seie for den reelle situasjonen. Norske styresmakter prøvde avgrensa hanseatane si deltaking gjennom lover, hanseatane ytte motstand, og så enda det opp i stadfesting av dei hanseatiske privilegia i staden. På grunn av den skiftande handelspolitikken ovanfor hanseatane, som gav utslag i lovene, var det i somme periodar ulovleg for hanseatane å drive med lokalhandel. I andre periodar var det ikkje forbod mot å drive med same typen handel. Det var ikkje før etter framveksten av «det nye kontoret» på 1430-talet at ein kan byrje å snakke om at det vart ført ein samanhengande politikk om å stenge lokalhandelen frå ei hanseatisk deltaking. Denne skulle vare heilt fram til kampen om lokalhandelen gjekk over til å bli ein kamp om eksporthandelen frå midten av 1500-talet. Sjølv om det var ein raud tråd gjennom denne perioden om at lokalhandel skulle vere forbode for hanseatane, var det periodar der dette vart gått tilbake på. Eit særleg godt eksempel på dette er då norske styresmakter frå 1455-81 var avhengige av støtte frå dei hanseatiske byane for å kunne få Sverige tilbake i ein treriksunion. Den strenge nasjonale handelspolitikken og kampen om lokalhandelen fekk skikkeleg fart rundt byrjinga av 1500-talet, og skulle fram mot midten av 1500-talet vende seg mot å bli kampen om eksporthandelen. Lovgrunnlaget gjev slik ingen endelege svar for kor delaktige hanseatane var innanfor lokalhandelen på vestlandet. For å kunne undersøke dette er det naudsynt å ta i bruk andre kjelder.

## Kapittel 4 – Utviklinga i seinmellomalder

Gjennomgangen av lovgrunnlaget og tidlegare forskning rundt hanseatane og lokalhandel, viser til at hanseatane truleg har vore delaktige i norsk lokalhandel. I dette kapittelet skal eg opne for ei alternativ tolking av det same materialet. Kapittelet vil vere delt i to delar. I den fyrste delen vil eg gå inn på bøter og dommar i samband med ulovleg handel mellom hanseatar og nordmenn. Tidlegare forskning, har som eg nemnte i innleiingskapittelet, sett på dommar og bøter som indikasjonar på at det har vore ei hanseatisk deltaking i norsk lokalhandel. Eg vil gjennom mi eiga tolking av lovgrunnlaget og handhevinga av denne argumentere for at det kan ha vore direkte motsett. Etter mitt syn kan det tenkast at sidan lovgrunnlaget er så klårt på at lokalhandel var forbode, kan hanseatane ha retta seg etter dette. Bøter og dommar i samanheng med lokalhandel kan ha vore enkelttilfelle, som vart slått ned på når nokon prøvde seg. Slik kan bøter og dommar vere teikn på at lova vart handheva, og ikkje eit teikn på at dersom nokon braut lova, så var det allmenn praksis at lokalhandel vart drive sjølv om det var forbode. I den andre delen vil eg gå inn på Notov, og kva denne hamna i Karmsundet kan seie om hanseatisk deltaking i handel på vestlandet. I denne hamna har det vore hanseatisk aktivitet, og eg vil sjå om det her kan finnast bevis for lokalhandel. Sidan hamna er lokalisert utanfor Bergen, vil eg sjå om ein kan finne spor av den handelen utanfor Bergen som tidlegare forskarar har argumentert for at hanseatane var ein del av. I tillegg har eg tidlegare nemnt eit vesentleg poeng som eg meiner tidlegare forskarar har oversett. Eg meiner at den aggressive nasjonale handelspolitikken på midten av 1400-talet må ha kome som ein reaksjon på eit meir samla tysk kontor. Det er kjelder som nemner at Kontoret forut for omorganiseringa var plassert i Notov.

### *Handheving av lova*

Som vi har sett i gjennomgangen av lovgrunnlaget i kapittel 2 og så langt i dette kapittelet, viser det til ei gradvis avgrensing av ei hanseatisk deltaking i norsk lokalhandel. Ein kan med andre ord seie at for hanseatane sin del så vart det gradvis forbod mot å drive med lokalhandel. I det følgjande vil eg sjå på ulike dommar og bøter som vart gitt til personar som dreiv med slik handel. Ved å sjå på desse, vil eg gå inn for å tolke lovgrunnlaget på ein anna måte enn kva tidlegare forskning har gjort. Dei ulike stadfestingane og gjentakningane av

forbodet mot ei hanseatisk deltaking i lokalhandel i lovgrunnlaget, har av til dømes Helle blitt sett på som eit teikn på ei hanseatisk deltaking. «Restriksjonene på utlendingers mellom- og detalj-handel viser klart at de i løpet av andre halvdel av 1200-årene hadde skaffet seg fotfeste i denne omsetningsvirksomheten i Bergen.»<sup>183</sup> Dommar og bøter til personar som dreiv slik handel i perioden har gått i hop med denne forskningstradisjonen, og har blitt sett på som bevis for at hanseatane var delaktige i norsk lokalhandel. Helle skriv at:

Når det flere ganger i første halvdel av 1300-årene ble forbudt for utlendinger å spesialisere seg som detaljhandlere i byen og lagt hindringer i veien for deres mellomhandel, tyder det på at de fortsatt på følbare måte søkte å ta del i begge typer omsetning. Av dette har enkelte forskere trukket den slutning at tyskerne i første halvdel av 1300-årene også var i ferd med å overta mellom- og detalj-handelen i Bergen.<sup>184</sup>

Når Knut Helle i denne samanheng viser til «enkelte forskere» er det særleg Schreiner med boka *Hanseaterne og Norges nedgang* frå 1935 som vert nytta som døme av Helle. I det følgjande vil eg argumentere for ei alternativ tolking. Eg meiner at ved å nytte lovgrunnlaget og brot på dette, kan argumentere for det motsette. Kan vi til dømes gå ut i frå at alle partar var kjende med at hanseatane ikkje skulle drive lokalhandel, og at dei gongane der personar har blitt bøtelagde for slik handel, kan sjåast på som at lovene vart handheva av norske styresmakter? Slik kan det tenkast at det ikkje var praksis at hanseatane aktivt tok del i norsk lokalhandel, men heller retta seg etter dei lovene som var gjeldande til ei kvar tid. Dette er òg ei tolking som Helle opnar for i *Bergen bys historie* bind 1.<sup>185</sup> I det første kapittelet av dette prosjektet viste eg til tidlegare forskning sine hovudemne rundt forskning på hanseatane i Noreg. Eit av desse hovudemna, då særleg skissert gjennom Johan Schreiner, var at hansaen knekte ei lovande spire til eit handlande norsk byborgarskap. Helle meiner at det tvert om kan vere at hansaen ei tid la vilkåra betre til rette for ein stand av bergenske kjøpmenn, gjennom auken i volumet av varer dei tilførte den bergenske fjernhandelen.<sup>186</sup> Ei god støtte for ei slik oppfatning er merkestikker (merkelappar) med namn for varer som er funne på Bryggen. Desse merkestikkene er datert til rundt 1200 og fram mot 1350. Namna på desse er dominert av norrøne namn, og det er berre unntaksvis innslag av utanlandske namn, som til dømes dei

---

183 Helle, 1982: 420

184 Helle, 1982: 420

185 Helle, 1982: 422

186 Helle, 1982: 422

tyiske namna Heinrich og Diedrich.<sup>187</sup> Desse bergenske kjøpmennene var med på å forme den nasjonale handelspolitikken, og fatte dei vedtektene som i stor utstrekking var med på å avgrense den hanseatiske deltakinga i lokalhandelen.<sup>188</sup> Det at bergenske kjøpmenn kan ha hatt interesse i å avgrense hanseatane si aktive rolle i lokalhandel, kan òg passe godt med ei nasjonal handheving av lovene. Eg meiner og at den gjennomgåande stadfesting av forbod mot at hanseatane skulle drive lokalhandel kan henge i hop med sjølve definisjonen av eit privilegium, og ikkje nødvendigvis at hanseatane dreiv med denne typen handel. Som eg skreiv i definisjonsdelen av første kapittelet, så er eit privilegium ulike rettar som vart gitt av til dømes ein konge til enkeltpersonar eller enkeltgrupper. Den gjennomgåande stadfesting av forbod og privilegium meiner eg kan henge i hop med at privilegium berre var gjeldande i den enkelte kongen si levetid. Når det vart valt ein ny konge, måtte han så bestemme seg for om han ville fornye eller omformulere privilegia eller forboda. Slik meiner eg at det kan argumenterast for at den gjennomgåande stadfestinga av forbod og privilegium ikkje nødvendigvis kom av at hansaen dreiv med lokalhandel. Det kan tenkjast at det heller kom av normal praksis å stadfeste dei punkta ein ville vidareføre frå tidlege tider.

Eit anna moment ved denne debatten, er at det i det norske samfunnet var ein person med stillinga som *gjaldker*. Ein gjaldker skulle føre oppsyn med at den økonomiske verksemda i byen gjekk føre seg i ordna og lovlege former. Han skulle gripe inn mot brot på lovgjevinga når han sjølv oppdaga dei, eller fekk klager frå andre hald på slik praksis.<sup>189</sup> Gjaldker vert nemnt allereie i bylova til Magnus Lagabøter.<sup>190</sup> Sidan gjaldker ikkje vert nemnt i landslova (i landslova er det ombodsmannen som har same rolla), tolkar eg det slik at gjaldker var ei stilling som vart oppretta ein gong mellom 1274 (landslova) og 1276 (bylova). I perioden som dette kapittelet tar for seg, har gjaldkeren vore ei stilling i rundt hundre år. Eg ser det som naturleg at gjaldkeren gjennom desse åra var klart etablert, og slik var med på å handheve lovverket frå dei norske styresmaktene. Sidan vi i kjeldematerialet ikkje høyrer noko om at gjaldkeren har vore involvert i samband med hanseatisk lokalhandel, kan det tenkjast at hanseatane slik styrte organisasjonen sin etter dei lover og reglar som til ei kvar tid var gjeldande.

---

187 Helle, 1982: 422 (Liestøl, Viking 1963, 6-7, 9; Herteig, Kongers havn, 170, 174; opplysninger fra Ingrid Sannes Johnsen.)

188 Helle, 1982: 420

189 Helle, 1982: 498

190 B1 VIII Kap. 2



Når ein går ut i frå at lokalhandel var forbode, må dommar og bøter som vart gitt til dei som dreiv ulovleg handel, vere teikn på at lovverket vart handheva av norske styresmakter. Slik må ein og gå ut i frå at dommar og bøter er eit teikn på at lovverket fungerte. Tore, ein bonde frå garden Syre på Sør-Karmøy, fekk tre mark i bot for å ha drive handel med tyske skip i havna i 1522.<sup>191</sup> Det vert ikkje nemnt kva hamn dette er, men Frode Fyllingsnes meiner dei mest aktuelle kandidatane må vere Skudneshavn eller Notow.<sup>192</sup> Dette er noko han ikkje utdjuar vidare, så det kan ikkje seiast for sikkert at det er ein av desse, men sikkert er det at Tore hadde handla med eit skip i Karmsundet, for så å ha blitt bøtelagd. Eit anna døme er at byrådet i Bergen i 1560 gav 30 daler i bot til tre kjøpmenn frå Amsterdam fordi dei sat i Bergen over vinteren, og etter klager frå bergenske borgarar skulle ha drive med handel.<sup>193</sup> Det som er slående med dommar og bødelegging når det kjem til ulovleg lokalhandel i mellomalderen, er at dette verkar å vere enkelttilfelle. I tillegg er dei personane som har fått bøter ikkje medlem av hansaen. Dette opnar sjølvstilt for fleire ulike tolkingar. Anten var det slik at hanseatane stod så sterkt at det ikkje var mogleg for norske styresmakter å handheve lova i deira tilfelle. Eller så kan det vere at hanseatane ikkje dreiv med ulovleg lokalhandel. Hanseatane sitt hovudfokus innanfor norsk handel var som nemnt eksporthandel. Dette i lag med eit fråvær av bødelegging for ulovleg lokalhandel, kan vise at hanseatane ikkje dreiv med lokalhandel ut over innkjøp til eige bruk medan dei var i Bergen.

Ein kan og finne døme på handheving av lova i dei unntaka som vart gitt til enkeltpersonar for å drive handel. Johan Schreiner skriv:

Vi får opplyst i 1542 at det hersket svær hungersnød i Nordland fordi de kontorske ikke hadde gitt nordfarerene tilstrekkelig utredning. Meldingen stammer fra en Hamburgskipper som i strid med Bryggens statutter seilte nordenom Bergen og kjøpeslo i fiskeværerne. Dette fikk han lov til av Huitfeldt på det vilkår at eksporten utelukkende omfattet saltfisk, som kontorfolkene ikke handlet med. Tørrfisken hadde han derimot å holde seg borte fra.<sup>194</sup>

---

191 NRJ V s. 24 «købslo met the tyske skib i haffnenn».

192 Fyllingsnes, 2004: 13

193 NRR, I. s. 287, 29. mars 1560 og 2. 297, 23. juli 1560

194 Schreiner, 1941: 149.

Det at skipperen har fått løyve frå Huitfeldt, som var lensherre på Bergenhus festning, til å drive handel nord for Bergen, ser eg på som eit døme på at lova vart handheva av norske styresmakter. Skipperen vart fritatt frå forbodet mot å segle nord for Bergen, og kunne slik segle nordover med eit brev der det stod at han hadde fått løyve frå lensherren på Bergenhus til dette. Dersom lovverket ikkje vart handheva, hadde det ikkje vore naudsynt for skipperen frå Hamburg å søke løyve til dette. Eg ser det av denne grunn som unaturleg om ein skal tolke dette i andre retningar enn, at handelsmennene var inneforstått med at lovverket vart handheva av norske styresmakter.

Ei anna side ved denne tolkinga er at det på midten av 1500-talet vart, som tidlegare nemnt i delen om lovgrunnlaget, ein kamp mellom kjøpmenn frå kontoret og bergenske kjøpmenn på Strandsida av Vågen. I denne kampen om dei utanlandske kjøpmennene sine varer, skulda kontoret dei bergenske kjøpmennene for å drive med ulovleg innblanding i eksporthandel. På motsett side skulda bergenske kjøpmenn kontoret for å drive med ulovleg lokalhandel. Dersom det er hald i desse skuldingane, kva får så dette å seie for mi alternative tolking? I følgje tolkinga mi, så dreiv ikkje hanseatane med lokalhandel. Er det då mogleg at dei rundt midten av 1500-talet så byrja med dette? Etter mitt syn bør ein ikkje legge for mykje i dei ulike skuldingane frå kontoret og dei bergenske kjøpmennene. Det verkar for meg å vere ein del av prosessen rundt å sikre seg mest mogleg rettar gjennom lovgrunnlaget. Ved å stille motparten i dårleg lys, kan det ha vore større sjansar for å få innfridd sine krav. Denne argumentasjonen er noko som Schreiner òg kjem inn på i boka *Hanseatene og Norge i det 16. århundre*. Han meiner at hovudsaka for dei bergenske borgarane var å få «gjort det begripelig for kongen og riksrådene at handelsmennene på Stranden optrådte som beskyttere av det jevne folk i landet mot utlendingers vilkårlighet og lovbrudd.»<sup>195</sup> I denne samanheng er det eg meiner det bergenske borgarskapet må ha dratt fram ulike moment som kunne stille hanseatane i eit dårleg lys. Ei anna side som Schreiner dreg fram i denne debatten er at det verkar å ha vore ei førestilling på 1500-talet, at befolkinga i Noreg ville «hjemløses av en katastrofe om det ble svekket.»<sup>196</sup> Om ein går ut i frå at denne førestillinga fanst på 1500-talet, ville nettopp det å stille hansaen i dårleg lys vere viktig for å få kongen og norske styresmakter med på å gje meir makt til det bergenske borgarskapet. Eg meiner at avgjerda kongen gjorde i 1541, med å gi begge partar like rettar til å handle med dei utanlandske kjøpmennene som ikkje høyrde til kontoret, er med på å vise til at han ikkje velte ei side i

---

195 Schreiner, 1941: 171

196 Schreiner, 1941: 171 «Det» i denne samanheng viser til Det hanseatiske kontor.

denne konflikta. Dersom kongen hadde gitt dei bergenske kjøpmennene fullt medhald i sitt krav, må han ha vore overbevist om at hanseatane dreiv med noko ulovleg. Sidan han valte ein mellomveg, meiner eg det viser til at ein ikkje bør legge for mykje i skuldingane frå det bergenske borgarskapet mot hanseatisk deltaking i lokalhandel.

### *Notov*

Som nemnt tidlegare har mykje av tidlegare forskning rundt hanseatane sitt virke i Noreg, stort sett vore konsentrert om den dominerande posisjonen dei fekk i utanrikshandelen med Bergen som hovudsete. I artikkelen «Notow – hanseatane si hamn på Avaldsnes» av Frode Fyllingsnes frå 2004, argumenterar han for at det har vore eit hanseatisk støttepunkt på Sørvestlandet i mellomalderen kalla Notow. Dette støttepunktet skal ha vore i Karmsundet i Nord-Rogaland. Karmsundet som ligg mellom Karmøy i vest og fastlandet i aust er om lag tre mil langt. Første gong hanseatisk aktivitet dukkar opp ved Karmsundet er under krigshandlingane mellom Danmark/Noreg og hansabyane i 1368. I eit utdrag av kong Håkon 4. Magnusson mot hansabyane, framsett på ei møte på Båhus den 24. juni 1370, skal hanseatane ha brunne kongsgarden på Avaldsnes og andre gardar ved Karmsundet. Etter fredsavtalen skal dei òg ha fjerna eit hus for reisande som drottseten Ogmund Finnson hadde sett opp.<sup>197</sup> Den eldste opplysinga om hanseatisk aktivitet i Notow, er eit testament som høyrer til ein kjøpmann som høyrde til bergenfararane frå Lübeck, Johan van den Berne. Dette testamentet er datert 29. november 1425, der det står: «item to Notow geve ik 2 tunnen teres to dem Buwe.»<sup>198</sup> I dette testamentet vert det ikkje sagt noko om kvar Notow ligg, noko som Fyllingsnes meiner tyder på at Notow var ein kjent stad for hanseatiske handelsmenn på denne tida.<sup>199</sup>

Kva rolle kan så Notow ha hatt for hanseatiske handelsmenn i mellomalderen? Skip som tok seg fram langs den vestlandske kysten i mellomalderen låg som oftast i ro om natta. Av denne grunn må det ha vore ein nokså omfattande kontakt mellom sjøfararar og fastbuande ved kysten.<sup>200</sup> Desse overnattingsstadane eller hamnene hadde fleire ulike funksjonar. Slike funksjonar var til dømes ventehamner, der skip låg i le medan storm og uvêr herja som verst.

---

197 NgL 2.R.I nr. 347, tillegg punkt 7, 8, 27, 28, 34.

198 Bruns, 1900: 56-57, nr 82 «Likeeins gjev eg 2 tønner tjøre til Notow til byggeformål»

199 Fyllingsnes, 2004: 5

200 Fyllingsnes, 2004: 4

Om skipa var skada, kunne dette reparerast, og nye rasjonar og forsyningar av vatn og proviant kunne bli ført om bord.<sup>201</sup> I det forrige kapittelet i viste eg til at det var eit ønske frå norske styresmakter å samle all handel i byar og kjøpestadar gjennom store delar av mellomalderen. Med tanke på den kontinuerlige lovgjevinga rundt dette emnet, er det truleg at handel utanfor kjøpestadane var eit gjennomgåande problem. Nettopp slik handel utanfor byar og kjøpestadar kan tenkast at har funne stad i desse overnattingsstadane eller hamnene. Ei anna rolle som Notow kan ha hatt, kan vere som overvintringsstad. I boka *Die Lübecker Bergenfahrer und ihre Chronistik*, har Friedrich Bruns sett på rekneskapsbøker til bergensfararane i Lübeck. På grunnlag av desse meiner han at hanseatiske kjøpmenn overvintra i Notow. «Unde de copman buten bleff wynterlaghe to Notow unde ok wart vorbaden na theyn to tappende – summa 70 mr.»<sup>202</sup> Sidan folk frå Lübeck har kunna overvintra i Notow, meiner Fyllingsnes det er truleg at staden har hatt ein tilfredstillande infrastruktur som har gjort dette mogleg.<sup>203</sup> Han utdjuar ikkje dette med infrastruktur noko vidare, men dersom overvintring skulle vere mogleg, må det etter mitt syn ha vore ulike krav for dette. Det må ha vore mogleg å kunne skaffe seg matvarer gjennom vinteren. I tillegg må det ha vore husrom som dei tyske kunne leige for vinteren.

Kva teikn kan ein så finne på at hanseatane faktisk har drive ein lokalhandel på Notow og i Karmsundet? For å kunne svare på dette har Fyllingsnes tatt i bruk fleire arkeologiske undersøkingar og utgravingar som har blitt gjennomført i dette sundet. I tidsrommet 1978 til 1980 vart det av Stavanger Sjøfatsmuseum utført marinarkeologiske undersøkingar på Avaldsnes.<sup>204</sup> I desse undersøkingane vart det gjort funn av fleire godt bevarte krukker frå seinmellomalderen som har blitt produsert i den tyske byen Siegburg, som ligg ved elva Sieg, om lag ei mil nordaust for Bonn.<sup>205</sup> I 1998 starta Handelsstadsprosjektet, som var eit delprosjekt innanfor Karmøy kommune sitt Avaldsnesprosjekt, som skulle leite etter handelsstadar frå jernalder/mellomalder i området ved Avaldsnes. I denne undersøkinga vart det klart at det i området fanst eit stort hamneanlegg frå mellomalderen. Volker Demuth, ein tysk arkeolog som no er busett i Noreg og arbeider for Telemark fylkeskommune, vart kalla inn for å avgjere kvar funna skreiv seg frå. Han slo fast at store delar av keramikken i

---

201 Fyllingsnes, 2004: 4

202 Bruns, 1900: 242 «fordi kjøpmennene overvintra i Notow, og fordi det og var forbode å tappe etter klokka 10 – ein sum tilsvarande 70 mark.»

203 Fyllingsnes, 2004: 6

204 Fyllingsnes, 2004: 10

205 Fyllingsnes, 2004: 10

hovudsak stamma frå Nord-Tyskland og Holland. Den hollandske keramikken har truleg kome med hanseatiske skip. Når det kjem til dateringa av keramikken er perioden 1300-1550 godt representert, med hovudvekt på 1400-talet.<sup>206</sup> I tillegg er det ved alle utgravingane i området funne store mengder ballast i form av flintknollar og diverse material som ikkje er av skandinavisk opphav.<sup>207</sup> Denne ballasten tyder på at det har vore tunge varer som har blitt omsette, for så å bli lasta i skip. Å kaste ballast over bord utan å fylle på ny last, gjer lite meining, så logisk sett må det ha vore ein viss handelsaktivitet i området. Sjølv om det arkeologiske materialet som er funne i Karmsundet er vanskeleg å nytte som bevis på ein hanseatisk lokalhandel i området, er det likevel sterke indikasjonar på at det har vore ein handelsaktivitet der. Med tanke på den sterke rolla hansaen hadde innanfor eksporthandel på vestlandet og i Bergen spesielt, er det truleg at dei og har vore aktive i Notow.

Ei anna side ved Notow er at det ut i frå norske styresmakter sine ønske om å samle all handel i byar, burde det føre til at handel i Notow var ulovleg. Dømet med Tore frå Syre viser til dette, men ei avskrift av eit vitnebrev frå den tapte kopiboka til Bergen bispestol kan tyde på ein anna praksis. Brevet er datert til 1440, og fortel at to menn ved namn Svein Bøs og Anders Dan hadde gitt eid på at engelskmenn, ein skippar og nokre kjøpmenn hadde jaga tenarane til biskopen i Bergen bort frå ei kongeleg frihamn.<sup>208</sup> Kvar denne kongelege frihamna låg vert det ikkje sagt noko om. Eit vitnebrev frå 1444 peikar der i mot på at Svein Bøs og Anders Dan heldt til i Karmsundet.<sup>209</sup> Fyllingsnes meiner at ved å kople desse to kjeldene så gjev det ein indikasjon på at den kongelege frihamna kan ha vore i Karmsundet, og at om det på denne tida fanst ei slik hamn sør for Bergen, ville det vere rart om den ikkje låg der.<sup>210</sup> Fyllingsnes tar etter mitt syn for mange forbehold for å kunne konkludere med at Notow har vore ei kongeleg frihamn, og det vert heller ikkje spesifisert kva ei kongeleg frihamn er. Med tanke på at Tore frå Syre fekk bot for å drive handel med eit skip i same området, er det truleg at Notow ikkje har vore fritatt frå norsk lov. Det er med andre ord lite truleg at dette har vore ei hamn fritatt frå norsk lov med tanke på handel.

Ein anna forskar som har sett på Notow, er Geir Atle Ersland. I artikkelen «The Notov harbour and the Kontor in Bergen», undersøker han ei hypotese der det hanseatiske kontoret

---

206 Fyllingsnes, 2004: 10, 11

207 Fyllingsnes, 2004: 12

208 DN XVI nr 131 og Fyllingsnes, 2004: 15

209 DN XVIII nr 63 og Fyllingsnes, 2004: 15

210 Fyllingsnes, 2004: 15

ei stund kan ha vore i Notow.<sup>211</sup> Denne påstanden kjem fram i eit manuskript kalla for *Die Nortsche Saw* (den norske So) frå seint 1500-tal. I dette manuskriptet står det at det hanseatiske kontor var for ei stund plassert i Notow, men då for eit kortare tidsrom sidan piratverksemd gjorde det naudsynt å finne ein sikrare tilhaldsstad i Bergen.<sup>212</sup> I artikkelen stiller Ersland eit interessant spørsmål med tanke på Notow si rolle for hanseatane. «Kan det vere at nokre tyske handelsmenn, etter å ha trekt seg ut frå Bergen i 1427, prøvde å fortsetje handelen frå Notow, og på denne måten prøvde å unngå å miste grepet på handelen i Noreg?»<sup>213</sup> Grunnen til at hanseatane trekte seg ut frå Bergen i 1427, kom av strid mellom Erik av Pommeren og dei vendiske hansabyane i 1426. Dei andre hanseatiske byane heldt seg nøytrale i denne striden, og Kontoret ønska separatfred med norske styresmakter. Erik av Pommeren var uvillig til å godkjenne ein slik separatfred. Slik reiste handelsmennene frå Kontoret i 1427, og kom ikkje tilbake før seks år seinare i 1433.<sup>214</sup> Medan Fyllingsnes i sin artikkel konkluderar med at Notow var eit hanseatisk støttepunkt på vestlandet, er Ersland meir tilbakehalden i si vurdering av hamna. I oktober 1453 møttest den norske erkebiskopen, den dansk-norske kongen og medlem av riksrådet i Notow. I tillegg til dette dukka det opp engelske skip i 1454, og eit skip frå Tyskland fekk sine varer konfiskert i 1430 etter eit forlis i Karmsundet.<sup>215</sup> Dette meiner Ersland viser til at Notow, i staden for å vere ei hanseatisk hamn som Fyllingsnes hevdar, heller kan ha vore ei hamn som vart brukt av alle som segla til Bergen. Når det kjem til påstanden om Det hanseatiske kontor faktisk var i Notow mellom 1427 og 1433 er det ingen skriftlege kjelder til å kunne gje endelege svar på dette. Ersland dreg fram nokre punkt som vi kan sei for sikkert har vore tilfelle når det kjem til Notow. Den hanseatiske kolonien evakuerte Bergen i 1427, og vart gjenopprett i 1433. Etter at hanseatane returnerte til Bergen vart Kontoret organisert på ny, og det stod sterkare etter denne. Det var hanseatiske kjøpmenn til stades i Notow mellom 1427 og 1433, der minst eit skip vart utsett for piratverksemd i 1430. Piratverksemd er òg i følgje Den norske So grunnen til kvifor Kontoret returnerte til Bergen.<sup>216</sup> Ersland meiner at fordi det kan argumenterast for ei reetablering av Kontoret etter 1435, kan det og finnast haldepunkt for at Notov kan ha hatt ei særstilling i perioden då hanseatane evakuerte Bergen mellom 1427 og 1432/33. Han opnar der i mot for at hendingane i Notov i perioden 1427 til 1433 kan ha gitt eit opphav til ei

---

211 Ersland, 2014: 1

212 Den norske So, her etter NM 2, 22

213 Ersland, 2014: 6

214 Schreiner, 1935: 94, 95 og Ersland, 2014: 4, 5, 6

215 Ersland, 2014: 6-8 og Ersland, 2011: 25-31

216 Ersland, 2014: 9 og Ersland, 2011: 25-31

seinare oppfatning om at Det hanseatiske kontoret i Bergen for ei tid hadde tilhaldsstad i Notov.<sup>217</sup>

Ut i frå debatten om Kontoret har vore i Notov, ser vi at Notov har vore ei hamn besøkt av hanseatiske skip, med hanseatiske handelsmenn som har drive handel. Om ein så går ut i frå at det har vore ein lokalhandel i Karmsundet, og at hanseatane har vore delaktig i denne, kva kan denne handelen ha gått ut på? Som tidlegare nemnt var vanlege hanseatiske importvarer til Noreg korn, mjøl, malt, salt, pyntegjenstandar, tekstilar av ulike slag og keramikk. Fyllingsnes meiner at på Karmøy var dei sjølvforsynte med korn, men at salt var noko som dei kunne vere spesielt interesserte i.<sup>218</sup> Når det kjem til kva varer folk frå Karmøy kunne stille med, må ein sjå dette i lys av dei store funna av ballast frå kontinentet. Funna av ballast i området tyder på at det har vore tunge varer i omløp. Dette kan tyde på at det har vore eksporthandel i Notov, men når det kjem til lokalhandel er det vanskeleg å seie noko sikkert. Det er ein notis i *norske herredags-dombøger*, som omhandlar ei klage frå dei fire Karmsundskipreidene til herredagane i Bergen. Klaga gjekk ut på den høge tollen både innanlandske og utanlandske kjøpmenn måtte betale for utføring av hestar.<sup>219</sup> Det kan slik vere at det har blitt handla med hestar i området. I tillegg nemner Fyllingsnes i sin artikkel at det kan ha vore omsett jaktfalkar i Notov, sidan ein falkefangar kalla Cornelius Falckeness vert nemnt i samband med Skudenes falkeleie.<sup>220</sup> Jaktfalkar er då eit typisk eksportprodukt. Det vi då sit igjen med i kjeldematerialet når det kjem til lokalhandel i Notov, er bota til Tore frå Syre og at det kan ha vore omsett hestar der. Ut over dette er det ikkje andre hendingar som fortelje om ein eventuell lokalhandel i Notov.

### *Konklusjon*

Etter å ha gått gjennom det som tidlegare forskning har støtta seg til i debatten om ei hanseatisk deltaking i norsk lokalhandel, kan det argumenterast for at hansaen har vore delaktige i denne typen handel. Eg har der i mot vist at lovgrunnlaget opnar for ei alternativ tolking. I dei periodane der det var ulovleg for hanseatane å drive med lokalhandel, kan bøter og dommar vere teikn på at lova vart handheva frå norske styresmakter. Slik kan desse vere enkelttilfelle

---

217 Ersland, 2014: 9, 10 og Ersland, 2011: 25-31

218 Fyllingsnes, 2004: 13

219 Norske Herredags-Dombøger, række 1, b. 1 s. 178

220 Fyllingsnes, 2004: 14

og slik ikkje dømer på at hansaen dreiv ulovleg lokalhandel, slik som mellom anna Schreiner har hevda. Eg meiner at desse ulike tolkingane av materialet må ein sjå under eitt for å kunne auke forståinga hanseatane si deltaking. Det er der i mot ingen empiri som kan støtte opp om i kor stor grad dei har deltatt. Slik kan vi ikkje med det kjeldematerialet tidlegare forskning har basert seg på få ei oversikt over kor aktivt hanseatane har tatt del i lokalhandelen. Varekvanta og skipslaster er noko som vi til dels har oversikt over når det kjem til eksporthandelen, då gjennom til dømes tollrullane frå Lynn. For å kunne undersøke kor aktivt hanseatane tok del i den bergenske lokalhandelen, må ein slik nytte eit anna materiale enn lovgrunnlaget.

Når det kjem til Notow har det vore hanseatisk aktivitet der, og at det kan tenkast at det har vore drive eksporthandel der, på grunn av dei store mengdene av ballast som er funne der. I lovgrunnlaget var slik handel ikkje ulovleg å drive sør for Bergen. Det var berre nord for Bergen at dette var ulovleg. Ut i frå kjeldematerialet kan det tenkjast at hansaen har drive med lokalhandel i Notow, men det er ikkje noko som kan støtte opp om omfanget av denne handelen. Det kan og tenkast at dersom det vart drive ulovleg lokalhandel, er det mogleg at dette har vore enkelthendingar som bota Tore frå Syre fekk for å kjøpeslå med tyske skip i hamna. For å kunne fortsette mi undersøking om kor delaktige hanseatane var i norsk lokalhandel, vert det slik naudsynt for meg å gå over til andre kjelder enn det tidlegare forskning har fokusert på. For å gjennomføre denne undersøkinga skal eg ta for meg rekneskapsbøker frå biskop Olav Engelbriktsson og kjelder som eg sjølv har plukka ut frå det hanseatiske byarkiv i Lübeck.



## Kapittel 5. Rekneskapsbøker og nytt kjeldemateriale frå byarkivet i Lübeck

I min gjennomgang av lovgrunnlaget frå mellomalderen, konkluderte eg med at dette åleine ikkje er nok for å kunne skape eit bilete av hanseatane si deltaking i norsk lokalhandel. For å kunne sei noko om denne rolla, vert det slik naudsynt å ta i bruk andre kjelder. I det følgjande vil eg ta for meg rekneskapsbøker frå både norske handelsmenn og hanseatar. Dette er kjeldemateriale som tidlegare forskning i liten grad har tatt for seg. Når det kjem til rekneskapsbøkene eg sjølv har plukka frå byarkivet i Lübeck, er dette første gong i norsk historieforskning desse vert nytta. Kan så desse kjeldene vise til noko anna enn konklusjonen eg kom fram til i gjennomgangen av lovgrunnlaget? Er det til dømes mogleg å spore ei hanseatisk deltaking i bergensk lokalhandel ut frå dei ulike rekneskapa? Den første rekneskapssamlinga eg vil sjå nærare på er biskop Olav Engelbriktssons Rekneskapsøker. I denne samanheng hadde det òg vore naturleg å ta med Norske Regneskaber og Jordebøger. Begge desse samlingane av rekneskap tar for seg norske forhold og handel med utanlandske kjøpmenn. Som nemnt i kapittel 1 har valt å utelukke denne kjeldesamlinga. Etter gjennomgangen av Olav Engelbriktssons rekneskapsbok vil eg ta for meg rekneskapsbøkene frå Det tyske kontor ved Bryggen i Bergen som eg sjølv har funne ved byarkivet i Lübeck, og som professor Geir Atle Ersland har fotografert. Ved å ta i bruk rekneskap frå både norsk og tysk side av handelen i Bergen, vonar eg å kunne slå fast om hanseatane var delaktige i norsk lokalhandel.

### *Olav Engelbriktssons Rekneskapsbøker 1532 – 1538*

Medan Norske Regneskaber og Jordebøger ikkje vert sentral for dette prosjektet, er rekneskapet for erkebiskopen sin gard i Bergen av større verdi. Dette fordi at dette gir innsikt i korleis varebyttet mellom hanseatane på Bryggen og leverandørar av dei norske varene gjekk føre seg, i ein handel der erkebiskopen truleg har vore ein av dei største enkeltaktørane. I denne rekneskapen er det ført opp løna til sveinar, mellomrekneskapen med kjøpmennene, og i den siste bolken finn ein inntekts- og utgiftssummane for heile året. Slik inneheld boka ein

fullført rekneskap for 1536, og er for det meste ført i Bergen.<sup>221</sup> Kva kan så denne rekneskapsboka fortelje om lokalhandel i Bergen, og den hanseatiske rolla innanfor denne?

Sidan dette prosjektet dreiar seg om hanseatisk aktivitet, vil eg ikkje gå inn på første del av rekneskapa frå Bergen. Dette fordi desse dreiar seg om norske kjøpmenn sin handel med erkebiskopen. Dei første punkta som eg vil ta for meg i denne boka, byrjar med punkt 17, «Jndtaget af kiøbmenerne anno 36», og vidare fram til og med punkt 26. Desse punktet tar for seg kva varer som er tatt inn av erkebiskopen frå tyske handelsmenn i Bergen. I samanheng med desse punkta står det kva varer dei tyske handelsmennene fekk utlevert av erkebiskopen frå punkt 27 «Vttlewerett kiøbmenerne» og fram til og med punkt 31. Denne praksisen med at tyske handelsmenn gav varer til erkebiskopen kom av handelen med tørrfisk. For at dei tyske handelsmennene skulle få tørrfisk, måtte dei ha varer å byte med. Det er nettopp desse varene som hanseatane brukte til å byte mot tørrfisk som er nedskrive i desse punkta. I tillegg er varene som vart tatt inn eller utlevert ordna etter personane som leverte eller mottok varer. Eg vil fokusere på kva varer den enkelte kjøpmann har gitt til Olav Engelbriktsson, og kva varer kjøpmannen har fått tilbake. Slik kan eg skape eit bilete av kva type handel det vart ført mellom hanseatane og Olav Engelbriktsson. Eg vil byrje denne gjennomgangen med ein tysk handelsmann ved namn Marten Prang.

#### Marten Prang:

I 1536 har Prang levert desse varene til Olav Engelbriktsson:<sup>222</sup>

- 1 stykke malt
- 6 hakeringkadeler
- 12 buntar hyssing
- 5 winder
- 11 buntar merling
- 1 stykke og 0.5 lest mjøl

---

221 OER. s. 13

222 OER punkt 17, s 134 og 135.

- 0.5 lest øl

Det vart ikkje gitt ut varer til Marten Prang. Varene han gav til Olav Engelbriktsson gjekk mot gammal skuld. Den nye skulda har blitt omrekna til å vere ein verdi av 39 våger fisk, 2 tønner laks, og for 20 gylden, 11 tomme tønner.

Johan de Qwode:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>223</sup>

- Ei halv tønne oblat.

- 20 mark myntar.

- Ein ame vin

Frå Olav Engelbriktsson fekk Jan de Qwade utlevert:<sup>224</sup>

- 292 våger fisk.

Hans Køne:

I 1536 leverte han desse varene til Olav Engelbriktsson:<sup>225</sup>

- 2,5 lestar øl.

- 4 pund humle 1 skippund, 7,5 lispund humle.

- 2 stykker sarduk.

- 1 stykke gult wareklede.

- 2 våger hamp.

---

223 OER punkt 18, s 135.

224 OER punkt 27, s. 139.

225 OER punkt 19, s. 135.

- 1 stykke sylfar.
- 0.5 pakke vatmel.
- 4 buntar hamp.
- 10 balke snøre.
- 6 hakeringekadeler.
- 100 alen lerret.
- 1 kabel som vog 31 pund.
- 30 kippe never.

I same punkt står det og at Olav Engelbriktsson skulle vere Hans Køne skyldig 100 smalt våger fisk. Av ein nordmann med namn Anders Oluffzon, vart det gitt 99 våger fisk til Hans Køne på vegne av Olav Engelbriktsson.

Berent Høyer:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>226</sup>

- 4 stykker gule deventer, der kvart stykke er verdt 8 våger fisk.
- 13 sarduker.
- Spiker verdt 4 skilling.
- Seglegarn verdt 1 gylden.
- 12 pund humle.
- 23 pund pepar, der kvart pund er verdt 1 våg fisk.
- 16 stykker tog, som vog 161,5 pund.
- 13,5 pund seglegarn, der kvart pund var verdt 6 skilling.

---

226 OER punkt 20, s. 135.

- 10 alen sylfar.
- 1 stykke deventer.

Varene Høyer fekk utlevert, var:<sup>227</sup>

- 105 våger fisk, levert av Peder Girichsson
- 48 våger fisk
- 87 spekk, der kvart spekk var for 1 pund tog.
- 1 tønne tjære for 6 bergenske gylden.

Jørgen Hessz:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>228</sup>

- 7 stykker og 0.5 lest mjøl.
- 7 stykker og 0.5 lest malt.
- 18 stykker gult wareklede.
- 11 mark og 5 iochimdaler.
- 9 stykker leisk.
- 2 tønner og 4,5 lestar øl.
- 4 tønner mjød.
- 1 tønne skerbeker.
- 1 våg hamp.
- 3 tønner tvebakk.

---

227 OER s. 139.

228 OER punkt 21, s. 136.

- 1 korde fisk.
- 2 tønner salt.
- 1 sekk humle, som vog 1,5 skippund.
- 20 stykker sarduk.
- 4 stykker deventer.
- 400 alen lerret.
- 12 stykker bolsterwer
- 6 stykker sylffar.
- 1 våg voks.
- 2 glaskister.
- 1 hakerlingkadell

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>229</sup>

- 170 våger fisk, gitt av Nils.
- 85 våger fisk, gitt av Christoffer Rualdsson.
- 67 våger fisk, gitt av Jacob på Lodingen.
- 92 våger fisk og 11 tønner laks, gitt av Peder Selensfar.
- 3 tønner laks.
- 19 tønner laks, gitt av Aslack.
- 90 våger og 2 pund fisk.

Til saman: 504 våger, 2 pund fisk, og 33 tønner laks.

---

229 OER punkt 29, s. 139

Rolef Røvekamph:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>230</sup>

- 1 tønne øl.
- 1 stykke malt.
- 3 stykke mjøl.
- 1 stykke Deventer.
- Tre sider flesk.

I tillegg er det ført opp at Roleff Røvekamph skuldar Olav Engelbriktsson åtte våger fisk, og to stykker mjøl.

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>231</sup>

- 59 våger fisk.

Hans Rønick:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>232</sup>

- 3 skippund og 6 lispund humle. Ubetalt frå Olav Engelbriktsson.

Henrich Kals:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>233</sup>

- 4 par støvlar.
- 4 skinnstakker.

---

230 OER punkt 22, s. 137.

231 OER s. 139

232 OER s. 137

233 OER s. 137

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>234</sup>

- 28 gylden.

Rotke Brinckhoff:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>235</sup>

- 2 stykker amsterdamsk.

- 2 stykker leisk.

- 18 sarduker.

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>236</sup>

- 86 våger fisk.

Heinrich van Hasszell.

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>237</sup>

- 2 stykker leisk.

- 2 horneske laken.

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>238</sup>

- 30 våger fisk, der 46 våger for leisk er ubetalt.

Hans Karow:

---

234 OER s. 137

235 OER punkt 23, s. 137.

236 OER punkt 23, s 137.

237 OER s. 137.

238 OER s. 137.



Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>239</sup>

- 4 stykker deventer.

- 100 mark pengar.

Gertth Pijl:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>240</sup>

- 1 sarduk.

- Ti pund mandel.

I tillegg er det ført opp at gammel og ny skuld til Olav Engelbriktsson. Etter dette er han skuldig 27 våger fisk og 16 mark.

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>241</sup>

- 57 våger fisk.

Jasper Sonneskiin:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>242</sup>

- 2 stykker leisk, som er verdt 41 våger fisk. Dette er ubetalt av Engelbriktsson.

Dirick Sconekamp:

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>243</sup>

---

239 OER s. 137.

240 OER s. 137.

241 OER s. 140.

242 OER s. 138.

243 OER s. 138.

- 1 ame vin, som vart betalt med 19 mark av Engelbriktsson.
- 0.5 tønne vin, som er ubetalt av Egenbriktsson.

### Thomes Rappell

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>244</sup>

- 253 alen lerret.
- 17 stykker deventer.
- 3 stykker leisk.
- 6 pund hamp.

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>245</sup>

- 137, 5 våger fisk.

### Jost Breiid

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>246</sup>

- 1 pund humle.
- 1 stykke og 26 alen engelsk klede.

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>247</sup>

- 71 våger og 4 pund fisk.

### Eske Bilde

---

244 OER punkt 25, s. 138.

245 OER punkt 31, s. 140.

246 OER s. 138.

247 OER s. 138.

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>248</sup>

- Eit mark pengar som Engelbriktsson lånte Bilde i Trondheim.

### Kleyne Pawell

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>249</sup>

- 2 mark
- 2 fjerdinge oblat.
- 3 pund kandissukker.
- 1 korg rosiner.
- 28 pund mandel.

Varer frå Olav Engelbriktsson:<sup>250</sup>

- 43 bergenske gylden.
- 20 1/2 deker kalveskinn
- 23 tørre huder

### Jochim Kolck

Varer til Olav Engelbriktsson:<sup>251</sup>

- 2 skippund og 0,5 lispund humle. Dette betalte Olav Engelbriktsson 60 bergenske gylden og 9 skilling for.

---

248 OER punkt 26, s. 138.

249 OER s. 138.

250 OER s. 138, 139.

251 OER s. 139.

Ut i frå gjennomgangen av erkebiskop Olav Engelbriktsson sine rekneskapsbøker, sit vi så igjen med to hovudpunkt. Det første hovudpunktet er at det verkar som at hovudinteressen til hanseatane var eksporthandel med fisk. Grunnen til dette ser vi i at dei store postane av varer som Engelbriktsson leverte til hanseatane, var fisk og pengar. Når det gjeld fisk, gav Engelbriktsson hanseatane 1488,5 våger, 6 pund og 33 tønner laks. Ein våg er ei av dei måleeiningane som var mest stabil gjennom mellomalder og tidleg moderne tid. Den var fastsett til 18,52 kg.<sup>252</sup> Slik har Engelbriktsson i 1536 gitt handelsmenn frå Det tyske kontoret 27567 kg fisk i våger, som grovt rekna vert til 27,5 tonn med fisk. Når det kjem til pengar, har han gitt 131 gylden og 9 skilling. Utanom dette er det berre nokre få nedskrivne varer som Engelbriktsson har gitt til hanseatane som ikkje var eksportvare. Dette er 87 spekk, ei tønne tjøre, 21,5 deker kalveskinn og 23 stykker salta huder som han gav henholdsvis Berent Høyer og Kleyne Pawell. Det verkar slik som at Engelbriktsson ikkje har bidratt til å gi hanseatane varer til vidaresal i lokalhandel, og heller har bidratt til å gje hanseatane eksportvarer. Det andre hovudpunktet er at hanseatane sat med store mengder varierte varer, som dei nytta i handelen med Engelbriktsson for byte til seg fisk. Kom desse varene frå ein utstrekt lokalhandel? Brukte hanseatane lokalhandel som eit middel for å skaffe seg mest mogleg varer til bytehandelen med tørrfisk? Dette er fullt mogleg. For å kunne finne ut av dette må vi ta i bruk dei tidlegaste bevarte rekneskapsbøkene frå kjøpmenn ved Det hanseatiske kontor. Dette for å kunne sjå om desse varene vart tatt inn frå Europa gjennom hanseatiske skip, eller om dei har blitt kjøpt opp i Bergen.

### *Rekneskapsbøkene frå Det hanseatiske kontor*

Rekneskapsbøkene med nummer 0711 og 0712 er som nemnt i kapittel 1 delt i to delar. Den eine tar for seg kva varer dei har sendt frå Bergen, og den andre tar for seg kva varer dei har tatt inn til Bergen. I samband med å finne ut kvar dei store mengdene varierte varer frå Olav Engelbriktsson sine rekneskapsbøker kom i frå, er det dei innføringane som står under inntatt som vert sentrale. Eg har i samband med dette transkribert eit utval sider frå både 0711 og 0712, som viser til kva varer hanseatane har ført inn til Bergen. Desse transkriberte sidene er lagt ved i vedlegg 1. Dette fordi rekneskapsbøkene eg har nytta for argumentasjonen i denne delen av kapittelet ikkje tidlegare har blitt utgjeve. Rekneskapet er sett opp slik at kvar notis er for ein spesifikk dato. I tillegg til dato vert det før gjennomgangen av varene som har blitt

---

<sup>252</sup> Sjå vedlegg 1: Våg

mottatt eller sendt, skrive kven som har vore skipper på skipet. Varene er først oppgitt i kor store kvanta det er snakk om, før summen på vara i pengar vert skrive til slutt. Det er og skrive kor mykje kvar skipper hadde krav på for frakt, og det er og skrive kor mykje det skulle betalast i toll. På kvar side er det og summert opp kor mykje pengar som er brukt eller tent i løpet av den tidsperioden sida dreiar seg om. 0711 handlar om 1624 – 1625 medan 0712 handlar om 1625 – 1626.<sup>253</sup>

### *Varer sendt til Bergen*

Når det kjem til kva varer hanseatane har fått sendt inn til Bergen med skip, er det i hovudsak øl og andre alkoholhaldig drikke som er dei mest importerte varene. Dette er ei vare som i ulike variantar går igjen i stort sett alle notisane om importerte varer i desse rekneskapsbøkene. Det er der i mot innslag av andre typar varer, der korn og ulike variantar av klede er ein stor del av desse. Til dømes kom det 30. april 1624 eit skip styrt av ein skipper med namn Laurs Junge til Bergen med 3 lestar «vatte ber». Som ordlista i vedlegg 1 tilseier, er ein lest 12 tønner. 3 laster vil slik bety at det med det eine skipet vart ført inn 36 tønner øl. I tillegg vart det av same skipet ført inn 2 tønner som kvar inneheldt 100 kaggar krutt.<sup>254</sup> Fjerde mai 1624 i eit skip styrt av ein skipper kalla Gerdt Falckers, var det berre øl som last. Her vart det ført inn 5 lestar tønner med øl, som vil sei 60 tønner med øl. I tillegg vart det tatt inn ein halv lest med halvtønner av øl.<sup>255</sup> Den sjettemai mottok hanseatane frå skipper Hanns Bile ein pakke «leisk» som inneheldt 1700 delar av den nederlandske stofftypen. 26. mai vart det av skipper Kalitz mottatt 6 kister med glas, og to lestar med øl.<sup>256</sup> Same dag vart det tatt inn frå skipet til Pasche Funcke 2 lestar øl, seks heile tønner og 4 halve tønner med «wede» (kveite).<sup>257</sup> Dette er noko som går att i varene som vart tatt inn til Bergen av hanseatane i både 0711 og 0712. I 1625 vart det den 14. mai tatt inn fire lestar «fett behr» frå skipet til skipper Laurs Jungen. Dette var einaste vara som kom med dette skipet.<sup>258</sup> Den 16. mai same år vart det mottatt frå skipper Hanns Bill sitt skip 2 lestar «veds behr» og 6 tønner mjød. Same dag kom vart det av skipper Johann Schonniek sitt skip mottatt 4 lestar «vads behr» og ein pakke

---

253 AHL Bgf. Nr. 0711 og 0712 sjå vedlegg 2 og 3

254 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2

255 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2

256 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2

257 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2

258 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

bastball.<sup>259</sup> Seinare den 16. juni vart det av skipper Louerz Pawelss sitt skip mottatt 28 tønner rug.<sup>260</sup>

Sjølv om alkoholhaldige varer var den mest dominerande vara som hanseatane mottok frå kontinentet, ser ein at dei har mottatt ulike varer frå dei ulike skipa. Det er likevel ikkje det store mangfaldet av varer som vart tatt inn av hanseatane i Bergen som handelen med Olav Engelbriktsson skulle tilseie. Problemet er at det er 90 år mellom rekneskapsbøkene frå Det hanseatiske kontor og rekneskapsbøkene til Olav Engelbriktsson. Det er derfor ikkje mogleg å spore ein samanheng mellom kor store kvanta av varer som vart tatt inn av hanseatane, og som vidare vart brukt i handelen med Olav Engelbriktsson. Det vi der i mot kan sjå, er korleis desse rekneskapa passar overeins. Vi veit på grunnlag av dei hanseatiske rekneskapa at det vart tatt inn store kvanta av øl og andre alkoholhaldige varer. Dette har vi sett i gjennomgangen av Olav Engelbriktsson sine rekneskap, at ofte vart nytta for å byte til seg fisk. Til dømes vart det av Hans Køne levert 2,5 lestar øl til Olav Engelbriktsson i 1536.<sup>261</sup> Jørgen Hessz var og ein som leverte store kvanta med alkoholhaldig drikke til Olav Engelbriktsson, då han gav 4,5 lestar og ei tønne med øl til Olav Engelbriktsson i byte mot tørrfisk. I tillegg gav han fire tønner mjød.<sup>262</sup> Eg ser det som sannsynleg at dei store mengdene med alkoholhaldig drikke og vart nytta på 1600-talet i handelen med tørrfisk. Ein anna type vare som var viktig i handelen med tørrfisk, er i følgje rekneskapsbøkene til Olav Engelbriktsson kornvarer. Til dømes leverte Jørgen Hessz til saman sju stykker og ein halv lest mjøl, og sju stykker og ein halv lest malt til Engelbriktsson.<sup>263</sup> Dette var varer som eg ovanfor har vist vart tatt inn av hanseatane på Bryggen.

Kva så med alle dei ulike typane av klede og stoff som vart nytta av hanseatar i denne handelen? I rekneskapa frå Det hanseatiske kontor er det spesielt leisk som vert nemnt av denne typen varer i samband med det som vart tatt inn. Leisk er som ein kan sjå frå ordlista stoff og klede frå Leyden i Nederland. Det står ikkje noko om kvar hanseatane har fått tak i desse, men ut frå rekneskapa til Det hanseatiske kontor har denne vara blitt ført inn til Bergen av hanseatiske skip på 1600-talet. Kva så med dei andre typane av klede som har blitt nemnt i rekneskapa til Olav Engelbriktsson, som til dømes sylfar, Asterdamsk og Deventer? Sylfar er

---

259 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

260 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

261 OER s. 135 punkt 19

262 OER s. 136 punkt 21

263 OER s. 136 punkt 21

grått naturfarga ullstoff som vart framstilt i Lübeck, medan Amsterdamsk og Deventer er klede frå byane Amsterdam og Deventer i Nederland. Sidan Sylfar vart framstilt i Lübeck, ser eg det som naturleg at hanseatane sjølv har ført desse inn til Bergen, for så å bruke dei i handelen med fisk. Amsterdamsk og Deventer kan ha to moglege forklaringar. Det kan vere at desse har blitt sendt til Bergen i Nederlandske skip, for så å ha blitt kjøpt av hanseatane der. Den andre moglege forklaringa kan henge i hop med leisk. Denne typen klede kom og frå Nederland, men det er fleire stader i rekneskapa frå Det hanseatiske kontor notisar om at hanseatane førte denne vara inn til Bergen. Det kan slik tenkast at hanseatane òg har ført inn Amsterdamsk og Deventer. Det er desverre ingen notis i rekneskapa kvar hanseatane har fått tak i desse typane av klede. Det vi veit er at hanseatane har nytta dei for å skaffe seg tørrfisk frå til dømes Olav Engelbriktsson.

Om ein så legg i hop det store mangfaldet av varer frå Olav Engelbriktsson sine rekneskap og dei varene som vart tatt inn til Bergen av hanseatiske skip, verkar det som at hanseatane for det meste brukte varer frå hanseatiske skip direkte i handel med tørrfisk. I og med at det i dei hanseatiske rekneskapa kun er ført opp varer som vart tatt inn til Bergen av hanseatiske skip, har vi ikkje noko grunnlag for å kunne diskutere om hanseatane dreiv med lokalhandel for å skaffe seg varer til å drive eksporthandel. Det vi veit er at det vart ført inn store kvanta av enkelte typar varer av hanseatiske skip, som til dømes kornvarer og alkoholhaldige drikker. Desse vart mest truleg nytta direkte i eksporthandelen. Når det kjem til det store mangfaldet av varer frå dei hanseatiske kjøpmennene i rekneskapa til Olav Engelbriktsson, vert det litt meir komplisert. Dei hanseatiske rekneskapa viser til at det var ulike varer som vart tatt inn til Bergen av hanseatiske skip. Sidan vi ikkje har bevis for noko anna, må ein rett og slett gå ut i frå at truleg har dei ulike varene som hanseatane nytta i eksporthandelen kome frå hanseatiske skip, sjølv om vi ikkje kan slå dette heilt fast. Det kan tenkast at det til ei viss grad har blitt nytta varer frå bergensk lokalhandel, for å sikre seg mest mogleg fiskevarer frå handelsmenn som til dømes Olav Engelbriktsson. I ein slik praksis, verkar det som at lokalhandel kan ha vore eit supplement til varene som vart tatt inn til Bergen, for å bli nytta i handelen med fisk. Ut i frå kjeldematerialet som er tilgjengelig, kan dette der i mot ikkje bevisast. Det er likevel ein måte til vi kan nytte dei hanseatiske rekneskapa for å sjå om hanseatane aktivt har tatt del i bergensk lokalhandel. Dette er ved å sjå på varene som vart sendt ut frå Bergen.

### *Varer sendt frå Bergen*

Som nemnt er dei hanseatiske rekneskapsbøkene delt inn i to delar, der eine tar for seg varer som vart tatt inn, og der den andre delen tar for seg varer som vart sendt frå Bergen. Frå gjennomgangen av Olav Engelbriktsson sine rekneskapsbøker, såg vi at han gav hanseatane tørrfisk og pengar. Slik burde då delane som tar for seg utskipping av varer frå Det hanseatiske kontor i Bergen stort sett kun innehalde ulike typar fisk. Dersom dette ikkje stemmer overeins, kan så dette vere teikn på at hanseatane har drive med lokalhandel? Eg vil byrje med den første rekneskapsboka 0711.

Den første oppføringa i denne rekneskapsboka er frå 8. mars 1624. Her er det sendt med skipper Rasmuss Bryse 12 tønner tran, 12 tønner kelfpueden, 100 stykker huder og 201 dekar geiteskinn med ei lengde på 5 1/4 alen.<sup>264</sup> Med unntak av tran, så bestod varene med dette skipet av ulike typar skinnvarer. Same dag vart det sendt endå eit skip med varer. Skipper Hinrick Wangenss førte frå Bergen fleire ulike varer. Av åtte varer, er det berre ei fiskevare, 100 våger rundfisk. Utanom denne så er det til dømes 2 pakkar kalvfellar, der kvar pakke inneheldt 120 dekar. Den største vareposten er geiteskinn, der det er 301 1/2 dekar, til ein verdi av 1607 ort.<sup>265</sup> Det går tre ort på kvar riksdal, så geiteskinna åleine var verdt rundt 540 riksdalar. Til samanlikning hadde dei hundre vågane med rundfisk ein verdi på 275 ort, som grovt rekna tilsvara rett over 90 riksdalar. Det verkar slik som at i eksporthandelen, så var ikkje tørrfisken den viktigaste vara. Dette var ein trend som fortsette heilt fram til juni i 1624. I rekneskapet skjer det då eit gradvis skifte i varetypar som vert skipa ut av hanseatane i Bergen. Frå å stort sett dreie seg om ulike typar av skinnvarer med eit par innslag av fiskevarer, går det over til å kun dreie seg om fisk. Denne overgangen ser ein døme på i første notis i rekneskapet frå 1624. Tredje juni vart det frå Det hanseatiske kontor sendt med skipper Peter Jung 31 kippe med geiteskinn, 62 dekar kalvefell, 16 stykker huder og 24 dekar sauefell. Ein ser at det fortsatt var store kvanta med skinnvarer som vart sendt ut. Det som der i mot er slåande med tredje juni, er at den klart største posten er 250 våger rundfisk, til ein verdi av nærare 800 ort.<sup>266</sup> Det at fiskevarer byrjar å ta over for skinnvarer er endå tydlegare i juli. Då er det berre fiskevarer i skipet til Jackup Stockfiss. Den 20. juli vart det sendt ut 12 tønner råskjer, 200 våger rundfisk, ei halv tønne makrel og ei halv tønne sild.<sup>267</sup> Her har altså

---

264 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2

265 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2

266 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2

267 AHL Bgf. Nr. 0711, sjå vedlegg 2



skinnvarene forsvunne heilt frå dei varene som vart utskipa av hanseatane, og fiskevarene har tatt over. Finn vi same trenden i rekneskapet for året etter?

I 0712 ser vi igjen noko av same trenden som i 0711. Det som der i mot er ulikt, er at det er veldig få skip som vert sendt frå Bergen i løpet av våren 1625. Den første oppføringa av varer som vart sendt ut av hanseatane, er frå 29. april då skipper Laurs Kallz førte ut ein pakke kalvfell som inneheldt 79 dekar skinn.<sup>268</sup> Det vart ikkje ført ut noko fisk med dette skipet. Likevel verkar dette som å vere eit enkelttilfelle. Den neste oppføringa i rekneskapet er frå 14. mai, då det med skipper Laurs Jungen sitt skip kun vart sendt ut ei vare, og det var ein halv lest med sild.<sup>269</sup> 23. mai var fisk den klart største vara, med 26 halve tønner torsk. I tillegg vart det ført ut ei tønne med fem vågar saueflesk, og andre diverse varer, men fiskevara verkar å ha vore hovudmålet med utsendinga.<sup>270</sup> Same dag vart det med skipper Johann Schonnick sendt ut ein lest sild og 21 kordar lange. Her var og fisk den viktigaste vara for eksport.<sup>271</sup> Hausten 1625 er det tydeleg at det er kun fisk som vart sendt ut av Bergen. Første september vart det sendt ut 10 heile tønner og 4 halve tønner med tran. 6 tønner råskjær som inneheldt 43 våger og som siste vare 156 våger rundfisk.<sup>272</sup>

Vi ser slik ikkje same trenden i rekneskapet frå 1625 som vi gjorde i rekneskapet frå 1624. Medan det i 1624 var forholdsvis stor aktivitet innanfor utskiping av varer på våren, var det i 1625 kun eit skip som vart sendt frå Bergen før mai månad. I tillegg ser vi ikkje igjen dei store mengdene skinnvarer i utsendingane frå Bergen. I 1625 er fisk den største eksportvara gjennom heile året. Det er somme innslag av andre varer i lastene som gjekk tidlegast på våren, men likevel var fisken dominerande. I 1624 var det ei todeling av eksportvarene frå Bergen. Fram til juni var det skinnvarer som dominerte, medan det etterpå gjekk over til å kun dreie seg om fisk og fiskevarer. Problemet er at vi ikkje har meir enn desse to rekneskapsbøkene tilgjengelig. Slik kan ein ikkje avgjere om dei store kvanta av skinnvarer som vart sendt ut frå Bergen våren 1624 var eit unntak eller ein vanleg trend. Det kan vere at dette var ein trend, og at grunnen til at vi ikkje ser dette igjen på same måte i rekneskapet frå 1625, er fordi det vart sendt så få skip frå Bergen denne våren. Dette er vanskeleg å fastsetje ut i frå desse to rekneskapa. Det som der i mot kan seiast med sikkerheit, er at det i begge

---

268 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

269 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

270 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

271 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

272 AHL Bgf. Nr. 0712, sjå vedlegg 3

rekneskapa har vore innslag av andre varer enn fisk i større og mindre grad på våren både i 1624 og 1625, og at fisk har tatt heilt over innanfor dei utsendte varene i månadskiiftet mellom mai og juni.

### *Konklusjon*

Korleis heng så inntaking og utskipping av varer i hop med ei eventuell hanseatisk deltaking i bergensk lokalhandel? Når det kjem til dei varene som vart tatt inn av hanseatane, verkar det som at desse gjekk direkte inn i handelen med tørrfisk. Sjølv om det store mangfaldet av varer som vart nytta i handelen med fisk, kan tolkast til at hanseatane kan ha supplert dei inntatte varene til Bergen med lokale varer frå Bergen, er det ikkje noko i rekneskapa som beviser ein slik praksis. Utskipinga av varer kan vere sentrale på fleire måtar. Den første måten er korleis fisk vart den viktigaste vara innanfor dei utsende varene frå Bergen ved inngongen til sommaren 1624 og 1625. Ved at det i rekneskapa etter våren, med visse unntak, kun dreier seg om fisk, meiner eg dette viser at eksporthandel med fisk var det hanseatane hadde som hovudinteresse. I og med at Olav Engelbriktsson stort sett kun gav ut fiskevarer, og at det i dei utsende varene frå Bergen viser til det same, verkar det for meg at handelen med fisk hadde førsteprioritet. Ei eventuell hanseatisk deltaking i bergensk lokalhandel verkar slik å ha vore av sekundær art. Den andre måten utskippinga av varer kan sjåast på, er dei store kvanta av skinnvarer som i hovudsak vert nemnt i 1624, men som det og er innslag av i 1625. Har desse kome av utstrekt lokalhandel? Det er ikkje ført opp i rekneskapet av kven og kvar hanseatane har fått tak i desse varene. Skinnvarer vert berre nemnt ved eit tilfelle i Olav Engelbriktsson sine rekneskapsbøker, då ved skinnvarene Kleyne Pawell mottok for dei ulike varene han gav Engelbriktsson. Vi veit at hanseatane har fått tak i desse skinnvarene, då mest truleg i Bergen, for så å sende dei ut av Bergen med skip. Det kan tenkjast at dei har kome av ei involvering i lokalhandel, og at skinnvarer var ei viktig inntektskjelde på våren. Dette er det då ingen kjelder som kan bygge opp om, og slik kan det ikkje slåast fast i kor stor grad desse varene kan ha kome av utstrekt lokalhandel. Dersom skinnvarene har vore eit resultat av lokalhandel, må det då ha vore slik at lokalhandel var meir sentral gjennom vinteren og våren, og vart fortrent av eksporthandel med fisk på sommaren og hausten. Ut frå dei hanseatiske rekneskapa verkar det som at høgsesongen for fiskevarer var frå rundt mai og ut over hausten. Det var i denne perioden at utskippinga av varer frå Bergen viser til kun ulike fiskevarer innanfor dei ulike skipa som vart sendt på vegne av hanseatane.

## Kapittel 6 – Avslutning og konklusjon

Innleiingsvis presenterte eg hovudproblemstillinga for dette arbeidet i form av eit todelt spørsmål.

- Kva rolle hadde hanseatane innanfor bergensk lokalhandel mellom 1250 og fram til rundt 1600?
- Kan det tilgjengelege kjeldematerialet fortelje noko om kor viktig ei eventuell hanseatisk deltaking i denne handelen var for hanseatane?

Med dette arbeidet har eg freista etter å ta eit oppgjær med tidlegare forskning og deira syn på hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen. I det følgjande vil eg dra fram dei viktigaste funna eg har gjort i denne samanheng gjennom analysen og argumentasjonen min rundt emnet. Dette vil eg gjere ved å først diskutere lovmaterialet som grunnlag for å uttale seg om emnet i lag med tidlegare forskning. Det andre eg skal gjere er å ta for meg kva vi så kan sei om hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen på grunnlag av dette arbeidet.

### *Lovmaterialet som grunnlag for å uttale seg om hanseatar og deltaking i lokalhandel*

Eg tok for meg lovmaterialet og nytta dette for å drøfte i kor stor grad tidlegare forskning har dekking for at det fanst ein lokalhandel med lovmaterialet som kjelde. For å undersøke dette tok eg for meg alle punkt innanfor dette materialet som tok for seg hanseatar og lokalhandel i perioden 1250-1600. I denne gjennomgangen prøvde eg å finne ut det teoretiske handlingsrommet hanseatane hadde i denne perioden. Var det til dømes som tidlegare forskning har hevda ulovleg for hanseatane å delta i lokalhandelen i Bergen? I lovgrunnlaget skiftar det mellom periodar der det var ulovleg for hanseatane å drive med lokalhandel, og periodar der det ikkje var forbod mot å drive same type handel. Dette skiftet meiner eg heng i hop med kampen om lokalhandelen, og freistnaden om å ha ein norskdriven lokalhandel i Bergen. Eksporthandelen hadde hanseatane fått eit så godt grep om, og nordmennene hadde verken kontaktar og kapital, og var heller ikkje organiserte i slik grad at dei kunne fungere som eit alternativ til den hanseatiske handelsorganisasjonen. Av denne grunn vart

lokalhandelen ein arena, som eg meiner norske styresmakter såg at nordmenn kunne ta del i. Sjølv om eg meiner at denne skiftande handelspolitikken byrja allereie med vedtektene frå 1282, var det ikkje før ved framveksten av «det nye Kontoret» på 1430-talet at ein kan byrje å snakke om ein samanhengande politikk om å stenge lokalhandelen frå ei hanseatisk deltaking. Vidare ut over 1500-talet utvikla denne kampen om lokalhandelen seg til å bli ein kamp om eksporthandelen, sjølv om dette ikkje fekk mykje å seie for den reelle situasjonen i Bergen. Det hanseatiske kontor fortsette å drive oppkjøp av tørrfisk heilt fram til midten av 1700-talet.

Lovmaterialet beviser ikkje at hanseatane dreiv med lokalhandel, men det utelukkar det heller ikkje. Det er der i mot ikkje mogleg å finne ut i kor stor grad hanseatane har drive med lokalhandel ut i frå dette materialet. Mi alternative tolking om at det er mogleg at hanseatane ikkje dreiv med lokalhandel, meiner eg er like plausibel som at dei dreiv med lokalhandel. I tillegg har eg sett på Notov, ei hamn der vi veit at det har blitt drive handel, men det er her ikkje bevis for at hanseatane har drive med lokalhandel. At hanseatane dreiv med ulovleg lokalhandel, som både Fossen og Schreiner argumenterte for, meiner eg må bli gått bort frå. Ein kan ikkje argumentere for at dersom nokon har bråte lova, så betyr dette at det er allmenn praksis. Dei høva eg har funne i kjeldematerialet som går på ulovleg handel og bøter i samband med dette, verkar å ha vore enkelttilfeller, og ikkje ein del av ein praksis. I tillegg er det eit spesifikt høve der ein hanseatisk skipper fekk fritak frå lova til å segle nord for Bergen med varer. Dersom det var allmenn praksis å drive med ulovleg handel, kvifor skulle då denne skipperen i det heile tatt søke om fritak frå forbodet om å segle nord for Bergen? Lovmaterialet åleine er slik etter mitt syn ikkje ei kjelde som kan nyttast til å uttale seg om hanseatane si deltaking i lokalhandelen i Bergen. For å kunne få ei forståing av kor delaktige hanseatane var i denne typen handel, og om dei i det heile tatt var det, må det supplerast med andre typar kjelder.

### *Kjeldemateriale frå Lübeck*

Som nemnt ovanfor, er det lite informasjon i lov materialet som kan nyttast i samband med hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen. Dette fordi det kan tolkast i begge retningar. Heilt sidan eg starta dette arbeidet med emnet, har det vore klart for meg at for å kunne tilføre noko nytt til denne diskusjonen, var det fundamentalt å finne nytt kjeldemateriale. Ved å nytte rekneskapsbøkene frå Det hanseatiske kontor i samband med

erkebisp Olav Engelbriktsson sine rekneskapsbøker, meiner eg at eg har kome fram til ein konklusjon som kan nyansere hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen. Varene hanseatane tok inn til Bergen med skip verkar å ha vore nytta direkte i eksporthandelen med fisk. Det var eit større mangfald av varer frå hanseatane i rekneskapet til Engelbriktsson, enn kva det var i innførte varer frå rekneskapa til Kontoret. Dette kan sjølvstyk tyde på at det har vore ei viss innblanding av hanseatar i norsk lokalhandel, og at dei har supplert inntatte varer med varer skaffa frå lokalhandel i Bergen. I tillegg er det mogleg at hanseatane kan ha selt varer dei har ført inn til Bergen lokalt, for å skaffe seg andre varer som så har blitt nytta i handelen med Engelbriktsson. Problemet her er at rekneskapet til Engelbriktsson er datert 90 år tidlegare enn kva rekneskapa til Kontoret. Det er slik ikkje mogleg å få ei oversikt i varekvanta som har blitt tatt inn til Bergen av hanseatar, og varer som vart nytta i handelen med Engelbriktsson. Dersom det hadde vore mogleg å gjere ei slik undersøking, er det mogleg at det kunne gi eit grovt overslag over kor store varekvanta hanseatane kan ha supplert med bergenske varer, eller bytta i andre varer. Slik kunne det, sjølv om det ikkje var spesifisert av kven hanseatane kjøpte desse varene, argumenterast for at delar av varene som vart nytta i eksporthandelen kom frå lokalhandel. Når det så ikkje er mogleg å gjere denne undersøkinga, vil konklusjonen bli alt etter som ein sjølv vil tolke materialet. Store delar av varene som ein ser i rekneskapa til hanseatane over varer som vart tatt inn til Bergen, ser ein att i rekneskapet til Engelbriktsson. Spesielt alkoholhaldige drikkevarer og kornvarer verkar å ha blitt direkte nytta i handelen med fisk, grunna dei store mengdene av desse varene som vert nemnde av Engelbriktsson. Eg tolkar dette slik at mesteparten av varene som vart tatt inn av hanseatane til Bergen må ha blitt nytta direkte i handelen med fisk, på same tid som eg opnar for at desse varene kan ha blitt supplert med varer frå lokalhandel i Bergen.

Eit anna moment i dette, er dei utsende varene frå Bergen i dei hanseatiske rekneskapa. Etter mitt syn var handelen med fisk hovudfokus for hanseatane. Dette fordi fiskevarer er det som går igjen i stort sett alle skipslaster som vart sendt frå Bergen av hanseatane. Det er eit unntak til dette. I rekneskapet frå 1624 såg eg at fram til høgsesongen for fiskevarer byrja rundt mai/juni, var det ulike skinnvarer som dominerte dei utsende varene. Rekneskapet frå Olav Engelbriktsson viser at han ved eit tilfelle gav skinnvarer i retur for varene han mottok av Kleyne Pawell. Det var innslag av skinnvarer i rekneskapet for våren 1625 i dei utsende varene, men det var ikkje den same trenden med at skinnvarer tok over for fisk om våren som i rekneskapet frå 1624. Rekneskapet til Engelbriktsson opnar for at hanseatane kan ha mottatt skinnvarer direkte frå han, men sidan det berre har skjedd ved eit høve kan ein ikkje

konkludere med at dette var praksis. Det er heller ikkje nokon oppføringar i dei hanseatiske rekneskapa som tar for seg kvar dei har fått tak i dei ulike varene. I tillegg er det ikkje mogleg ut i frå dei to bevarte rekneskapa frå 1624 og 1625 å avgjere om det store innslaget av skinnvarer våren 1624 var vanleg. Dette fordi det berre viser varekvanta over ein periode på to år, der rekneskapa ikkje viser til den same trenden. Det vi kan få ut av dette, er at skinnvarer var ein sentral del av varene som vart utskipa frå Bergen på våren. Handelen med skinnvarer kan slik ha vore eit alternativ til eksporthandelen med fisk, i dei periodane der det ikkje har vore same mengda av fisk i Bergen som på sommar og haust. Om desse skinnvarene kjem frå utstrekt lokalhandel, er det ikkje mogleg å avgjere ut i frå det kjeldematerialet som dette arbeidet har tatt for seg. Det er mogleg at desse varene kjem frå lokalhandel, men det er like fullt mogleg at dei har vore ein del av eksporthandelen, og at Engelbriktsson kan ha nytta skinnvarer som betaling i periodar der han ikkje hadde fisk tilgjengeleg.

Hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen står slik og vippar mellom to ulike tolkingar. På eine sida er det tolkinga som tidlegare forskning har kome fram til, at hanseatane var særskild delaktige i bergensk lokalhandel. På den andre sida er mi tolking om at det kan argumenterast for at hanseatane si rolle innanfor lokalhandelen i Bergen kan ha vore i stor grad knytta opp mot oppkjøp av varer til eige bruk. Eg meiner at ut i frå kjeldegrunnlaget til denne debatten, er det ikkje mogleg å avgjere kva tolking som er mest rett. Det er der i mot ikkje klare bevis i kjeldematerialet for at hanseatane har drive med lokalhandel, og slik meiner eg at begge tolkingar må sjåast under eitt for å kunne uttale seg om emnet. I samanheng med dette meiner eg at det må gjerast ei vidare undersøking av kjeldematerialet ved arkivet i Lübeck. Før ein får fleire kjelder som handlar om dette emnet, kan ein ikkje med sikkerheit argumentere for kor delaktige hanseatane var i bergensk lokalhandel, og kor viktig ein slik handel var for hanseatane. Uansett kor viktig denne handelen kan ha vore for hanseatane, var eksporthandelen med tørrfisk sjølve fundamentet for hanseatane sin eksistens i Bergen.

## Abstract

The purpose of this dissertation was to study the hanseatic involvement in the norwegian local trade, with the city of Bergen as the base for my analysis. Earlier research around the subject, has shown a lack of interest for this particular side of the hanseatic organization. The research and the debate regarding the hansa in Norway, has so far been focusing on three main subjects by Norwegian historians. The first subject is whether or not there was an already established Norwegian trade organisation in Bergen before the hansa arrived. The second is what consequences the hansa brought to the Norwegian export trade. The third subject for discussion has been how it was possible for the hansa to achieve the leading role within the Norwegian export trade.

Even though local trade and the hansa has not been a part of the main research around the hanseatic organisation, Norwegian historians still have opinions regarding the hanseatic involvement in the local trade in Bergen. They believe that the hansa was very involved in the local trade in Bergen, and Anders Bjarne Fossen argues that they were so involved in local trade, that it was as important to them as the export trade with fish. This without giving a proper reason to why, and by showing to the law material, which in my opinion is not showing this at all. My understanding is that the law material leads to two different interpretations, where the earlier research have decided on one of them. This is the interpretation that the hansa was involved in the local trade in Bergen. I have shown the other possible interpretation, that it might be that the hansa was not involved in local trade at all, other than buying different merchandise for own consumption and use.

It was clear to me from the beginning that to contribute with something new to this debate, I would have to use source material which earlier research have not used. I decided upon two accounting books from the hanseatic archive in Lübeck. By using these together with the accountant books from archbishop Olav Engelbriktsson, I found no proof of a hanseatic involvement in Norwegian local trade. On the other hand, I found no definite proof of the hansa not being involved in local trade. As of such, the debate has not gotten a final answer, and it is up to the individual person to decide what interpretation is the most fitting.

After I finished this dissertation, it is clear to me that if we are ever going to find a definite answer to wheather or not the hansa was involved in local trade in Bergen, there will have to be found new documents and sources to help explain this. In this context, the different

archives in Germany, like the archive in Lübeck, are going to have to play a vital role. There is at this time, in my opinion, not a broad enough spectrum of sources to give a final answer to what role the hansa had in the local trade in Bergen.



## Litteratur og kjelder

AHL = Archiv der Hansestadt Lübeck.

*Bergen Fundas.* 1957. Utg. Sørli, M. Bergen.

Bgf = Bergenfahrer = Findbücher 9, AHL.

Bl = Den nyere By-lov eller Bjarkø-ret. *NgL II* s. 185-290.

Blom, G. A. 1972. «Norge» i red. V. Dybdahl *Det nordiske syn på forbindelsene mellem Hansastæderne og Norden*, [2. Opplag] Århus.

Bruns, F. 1900. *Die Lübecker Bergenfahrer und ihre Chronistik.* Berlin.

Bugge, A. 1899. *Studier over de norske byers selvstyre og handel før hanseaternes tid.* Kristiania.

Burkhardt, M. 2006. «Das Hansekontor in Bergen im Spätmittelalter – Organisation und struktur.» In *HGB II 2006.* s. 21 – 70.

Burkhardt, M. 2009. *Das Hansekontor in Bergen im Spätmittelalter – Handel-Kaufleute-Netzwerke.* Köln, Weimar, Wien.

Den norske So 1584. I: *Norske magasin. Skrifter angaaende Norge og forfattede efter Reformationen.* B. 2, s. 1-50 og Tillæg s. 51-120. Utg. N. Nicolaysen. Christiania 1868.

DNT = Danmark-Norges Traktater (med dertil hørende Aktstykker), utg. Laursen, L. Bd. I-X, København 1907-1933.

Dollinger, P. 1981. *Die Hanse.* Stuttgart.

DN = Diplomatarium Norvegicum, utg. Lange, C. C. A., Unger, C. R., m. fl. I-XXI, Christiania 1849 – Oslo 1976. Dokumentasjonsprosjektet UIO  
[http://www.dokpro.uio.no/dipl\\_norv/diplom\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html)

Ersland, G. A. 2011. «Das Kaufmannshaus. Det hanseatiske kontorets rettslokale og administrasjonshus i Bergen.» I *Det hanseatiske museums skrifter nr. 30.* Bergen

Ersland, G.A. og Sandvik. H. 1999. *Norsk historie 1300-1625. Eit rike tek form.* Oslo.

Ersland, G. A. 2012. «Torget i Bergen frå opphavet og til 1733». I *Gamle Bergen årbok 2012*. Bergen.

Ersland, G. A. 2014. «The Notov harbour and the Kontor in Bergen». Bergen.

Externa Danica = AHL Altes Senatsarchiv Externa Danica

Fossen, A. B. 1979. *Bergen bys historie* band 2. Bergen.

Fyllingsnes, F. 2004. «Notow – hanseatane si hamn på Avaldsnes.» I *Heimen vol. 1 2004*, (3-21). Trondheim.

HGB = Hansische Geschichtsblätter II 2006. s. 21 – 70.

Helle, K. 1982. *Bergen bys historie* band 1. Bergen.

Imsen, S. 2002. *Norges nedgang*. Oslo.

Johnsen, O. A. 1924. *Norgesveldets undergang*. Oslo.

Koren-Wiberg, C. 1908. Bidrag til *Bergensk Kulturhistorie*. Bergen.

Koren-Wiberg, C. 1921. *Bergensk Kulturhistorie*. Bergen.

Koren-Wiberg, C. 1921. «Bergenfarer-Dokumenter i tyske arkiver» i *Det hanseatiske museums skrifter Nr. 4 1921*, Bergen.

L = Den nyere Lands-Lov, udgiven af Kong Magnus Haakonssøn. NgL II, 1-178.

Lunden, K. 1967. «Hanseatane i norsk økonomi i seinmellomalderen.» I *Historisk tidsskrift*. Band 46. 1967. Oslo. S. 97 – 129.

Nedkvitne, A. 1983. *Utanrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100 – 1600*. Uttrykt dr. Avhandling. Universitetet i Bergen.

NgL = Norges gamle Love, I-V. Utg. Av Keyser, R. Munch, P. A. Storm, G. Hertzberg, E. Christiania 1846-95. Rekke I-III. Utg. Av Taranger, A. Blom, G. A. Christiania 1912 – Oslo 1966. Webbok, Digitalarkivet/ Universitetet i Bergen. <http://da2.uib.no/cgi-win/webbok.exe>

NHL = Norsk historisk leksikon 1500 – 1850. Red. Fladby, R. Imsen, S. Winge, H. 2. oppl. Oslo. 1974.

Nielsen, Y. 1877. *Bergen fra de ældste Tider og indtil Nutiden*. Christiania.

NM = *Norske Magasin 1 – 3*. Utg. Nicolaysen, N. Christiania 1858 – 1870.

NMD = *Norske middelalderdokumenter i utvalg ved Bagge, S. Smedsdal, S. H. og Helle, K.* Bergen, Oslo, Tromsø. 1973.

*Norske Herredags-Dombøger, række I, b. 1: Dombog for 1578*. Utg. E.A. Thomle. Christiania: Det Norske Historiske Kildeskriftfond, 1893.

NRJ = *Norske regnskaber og Jordebøger fra det 16de aarhundrede*. Utg. Huitfeldt-Kaas, H. J. og Johnsen, A. O. Band I-V. Christiania 1887 – Oslo 1972.

NRR = *Norske Rigs-registranter*, utg. Lange, C. C. A. m. Fl. I-XII, Christiania 1861-91. Webbok Digitalarkivet/ Universitetet i Bergen. <http://da2.uib.no/cgi-win/webbok.exe>

OER = *Olav Engelbriktssons Rekneskapsbøker 1532 – 1538*. Utg. Seip, J. A. 1935. Oslo.

Paus, H. 1751 *Gamle kongelige forordninger og privilegier*. København.

Schreiner, J. 1935. *Hanseatene og Norges nedgang*. Oslo.

Schreiner, J. 1941. *Hanseaterne og Norge i det 16. Århundre*, Oslo.

Steen, S. 1970. *Bergen byen mellom fjellene*. Bergen.

## Vedlegg 1:

### *Omgrep og måleiningar frå dei ulike rekneskapa*

I samband med gjennomgangen av rekneskapa, såg eg det som naudsynt å definere og avklare ulike omgrep som vart nytta i desse, i samband med ulike varer og varekvanta. I denne definisjonsdelen, har eg basert dei fleste desse definisjonane og omgrepa etter *Norsk historisk leksikon*. Andre ord har blitt definert ut i frå i sakregisteret den trykte utgåva av Olav Engelbriktssons rekneskapsbøker. Desse er merka med notar. Eg har valt å sette opp lista alfabetisk, og alle orda er ordna etter kva dei står under i leksikonet eller i rekneskapet. Slik vil det bli lettare å forstå dei ulike oppføringane i dei ulike rekneskapa, og slik lettare å følgje argumentasjonen min rundt dette.

**Alen:** Lengdemål som varierer mellom 47,4 centimeter og 55,3 centimeter.

**Amme** (ahme, ame): Mål for brennevin og øl. Før 1700 var det vanleg å rekne 1 amme som 160 potter, noko som betyr at 1 amme = 154,88 liter.

**Amsterdams:** Klede frå Amsterdam.

**Balk** (balke): Eit uvisst kvantum (lengde eller vekt) nytta i samband med snøre, hyssing eller merling.

**Berg:** Bergefisk. Kan vere det same som plattfisk, ei form for klippfisk. Den vart tilverka av torsk, flekt og salta, for så å bli tørka på fjæresteinar eller berg til den vart hard.

**Bolster** (Bolsterwer): sengedyne, i regelen underdyne. Kan og nyttast i samanheng med sengetrekk.

**Deker:** et tal av 10, nytta særleg i samband med huder og skinn av husdyr.

**Deventer:** Klede frå byen Deventer i Nederland.

**Hakeringkadeler** (Håkjerringdeler): Deler av fisken håkjerring.<sup>273</sup>

---

273 OER. s. 186, 187

**Kippe:** Kvantum for never, ved eller kuhuder. Usikkert kor stort eller lite det var, men kanskje det var ei passeleg transportmengde.

**Leidsk** (leisk): Klede frå Leyden i Nederland.

**Lest:** Rom og varemål for vareslag som kom i større kvanta. Asgaut Steinnes meiner det var ulike mål i mellomalderen for dette. Det mest vanlege var at ein lest = 12 tønner med tran, korn, mjøl og fisk.

**Merling:** Tynn totråda line, særleg nytta til å vikle om tauverk for å forhindre skamfiling, eller som belegg på tauenden.

**Pakke:** Mål for lerret og klede, av svært varierende storleik. Ein pakke kunne til dømes innehalde alt frå 12 til 90 stykker.

**Rundfisk:** Oftast torsk som er sløya, der hovudet er brote av ovanfor nakken. Mesteparten av skreien frå Lofotfisket vart tilverka som rundfisk.

**Råskjær:** tørrfisk, som oftast laga utanfor vintersesongen.

**Sarduk:** Grovt, sterkt tøy av halvt lin og halvt ull. Ofte brukt som fôr i klede og til undertøy.

**Stykke:** Mål for mjøl, malt, tekstil og vin. For kornprodukt var eit stykke ei og ei halv tønne med tysk mjøl eller to og ei halv tønne med tysk malt. Når det kjem til tekstil, så varierer det frå stofftypar. Eit stykke kan vere mellom ti og ein halv alen, til 64 alen.

**Sylfar** (silfar): Grått naturfarga ullstoff framstilt i Lübeck.

**Tvebakk:** Kavring, noko som er baka to gonger.

**Tønne:** Mål for ulike varer, som til dømes smør, fisk, øl, malt og kornvarer. Det er store variasjonar innanfor denne måleininga rundt om kring i landet og i forhold til kva varer det var snakk om. Kunne variere mellom 115 liter – 195 liter.

**Vinding** (windinger): Snøre eller reip.<sup>274</sup>

**Våg:** Måleining for vekt, då særleg i samband med fisk. 1 våg = 18,52 kilogram.

**Zegen:** Geiteskinn

## Vedlegg 2:

### Transkribering av 0711: (eit utval sider)

#### *Inntatt side 2:*

Anno 1624 Den 12 January In der namen Gottes Empfangen be Sch. Hinrick Wangenss Schip  
voulgett

6 3/4 last tunne ber de Last a 68 ort Hiruan 1 tunne ber Ledicst de aff getagen 2 sk, 4 ort, 4 p.

= 417 ort, 11 sk.

2 Pundt tunne Steue a

= 2 ort

90 Stuck van Achten a 2 ort 4 sk.

= 258 ort, 12 sk.

10 R. Daler, a 3 ort

= 30 ort.

Am Denschen gelde

= 23 ort

vom einen ersamen kopman, bergen Auerss Herr Engloeng

= 426 ort, 11 sk.

Van den sch: Lict den vaskell

= 80 ort

den sch: de fracht yss

= 70 ort, 11 sk.

Der 16 Martzy var Gerdt Wellings genamen und Empfangen 400 Ry. Daler welches myn herr  
14 dage da sich vedder Erleicht hefft a ort

= 1200 ort

Der 17 dio, Myst den Schryuer updest schlodt vegen der Empkangen tect gude Aner  
geschalgen, blovst dieses 1624 Jahr. Sameyn herr: Schaldbetalen 1709 Rick dall 6 s, 9 3/5 p.

= 5127 ort, 6 sk, 9 3/5 p.

Latris diss side

= 7564 ort, 14 sk, 9 2/5 p.

*Inntatt side 3:*

Anno 1624 Der 30 Aprily, ynden namen Gottess, Ennglang by Schipp Laurs Junge

3 last vatte ber schalen Kosten 116 ort = 348 ort  
2 graue tunn darynne 100 kage krudt. De kagge schall kosten 36 s.= 225 ort  
6 dosyne tass hacken, dat stuck schall kosten 36 s. = 166 ort 8 s.

Der 4 May by s: Gerdt Folckers Empfangen vouolgett

5 last tunne ber a 73 ort 2 sk = 365 ort  
1/2 last 1/2 tunne ber = 36 ort, 8 s.  
Wan den Schipp empfang = 100 ort  
Da fracht = 50 ort, 6 s.

Als 6 deo by s: Hanss Bile Empfang

5 1/2 last ber a 73 ort getagen a 5 ort 3 1/2 s. = 396 ort, 3 s. 6 p.  
7 halue tunne ber = 20 ort  
1 packen Leicen a 1700 und 4 keg dat 100 schall Kostet 18 1/2 ort= 318 ort  
1 darynne stuck Leicen a 35 all da all a 5 1/2 ort 2 s. = 12 ort  
1 stuck a 33 1/2 all, 5 1/2 s = 11 ort, 6 s. 3 p.  
1 dosyne graue hode a = 9 ort  
1/2 dosyne suart hode a 6 ort = 3 ort  
3 dosyne hode Eande a 6 ort = 3 ort  
4 dosyne blaue hode a 5 1/2 ort = 22 ort  
1 budell myt gelde a = 235 ort, 3 s.  
Van dem schip Empfang = 100 ort  
de fracht yss = 56 ort  
  
Latuess dieses = 2370 ort, 13 s. 3 p.

*Inntatt side 4:*

Anno 1624 Der 25 Maius jeden waren Gottess Empfangen by sch. Jungen Bulder

1 1/2 last ber a 73 ort = 109 ort, 9 s.

1/2 last 1/2 tunnen ber a = 36 ort, 8 s.

De fracht yss = 18 ort, 2 s.

Der 26 May by sch. Lagess Kalitz Empfang

6 kisten myt glass a 18 ort = 108 ort

2 last wadt ber, schall kosten 116 ort = 217 ort

wan den sch. Empfang = 200 ort

de fracht yss = 24 ort

Dio by sch: Pasche Funcke empfangen

2 last wedt ber a 116 ort = 232 ort

6 halle 4 halue wede kosten = 144 ort

wan den sch. Empfangen = 150 ort

de fracht = 24 ort, 11 s. 6 p.

Der 28 May by sch. Detlef Rommen Empfang

2 laste ber a 73 ort = 146 ort

wan den sch: empfangen = 100 ort

da frach ys = 18 ort, 4 s.

Latris dieses = 1639 ort, 8 s.



*Utsendt side 1:*

Anno 1624 Der 8 Martzy inden namen Gottess, gescheppet sch. Rasmuss Bryse (?) dem Rosstock vuolget:

12 tunnen trane a 22 ort	= 264 ort
12 tunnen Kelpueden	= 108 ort
100 stuck hude a 3 alen	= 300 ort
201 decker Zegen Lengudt a 5 1/4 alen	= 1055 ort 4 sk.
Tho tolle	= 4 1/2 R. Dall

Der 8 Dio by sch. Hinrick Wangenss,

100 Wage Kurdtfish yn talle 1944

Kostett de wag 44 sk.	= 275 ort
Hituor tho stouven	= 4 sk.
2 Packen Kalffell a 120 decker	= 180 ort
18 Uadem Basten touen, a 1 sk.	= 1 ort 2 sk.
8 spannen kosten	= 1 ort
201 decker Zegen lengudt a 5 1/4 alen	= 1055 ort 4 sk.
100 1/2 decker Zegen lengudt a 5 1/2 alen	= 552 ort 12 sk
20 kip shapfell a 50 decker a 3 alen	= 15 ort
hir tho 1/2 dosine fischnore	= 14 sk.
1/2 tunne dosch und tholle tho samme	= 52 ort

Der 6. Martzy by Detsclott, Lut Peter Mass Duytunge, betalett 50 ort

4 kalffel, so de Voningen am Kumst Na Lubechs, an mynen her: geschepet:

a 1/2 Ry. Dall, 2 sk	= 90 ort 9 sk. 7 1/5 p.
----------------------	-------------------------

Dio Eynen Ersamen Kopman, dises von tho thalagett, und gegruen = 40 ort

Latris dise side = 4139 ort, 7 sk, 7 1/2 p.

*Utsendt side 2:*

Anno 1624 Der 19. Martzy hebbe vy de Maschop gerekent, und hebbe tho Kodn haun, und  
Buveratzy gegeuen = 30 ort

Der 23 dio vy Rostock, By sch. Laers Kaogen geschepet vouelgen

300 stuck hude a = 900 ort

150 decker Zegen, Lengudt a 5 1/4 alen = 787 ort 8 sk.

51 decker Zegen, lengudt a 5 1/2 alen = 280 ort 8 sk

50 decker Schapfell a 3 ort = 150 ort

140 decker Kalffell a 24 sk. = 210 ort

29 tunnen gemen Spueden a 7 ort = 203 ort

4 tunnen Kelfepueden a 9 ort = 36 ort

tho den Packen vor un Kosten = 2 ort 2 sk.

Tho tholle = 36 ort

Der 6 Mayus, in namen Gottess gescheppet Ly. Sch. Laueress Junge

1 kip kalffell a 70 decker a 1/2 R. Dall = 105 ort

180 stuck hude, 20 stuck a 2 ort 12 sk. = 55 ort

25 stuck a 2 ort 14 sk. = 69 ort, 6 sk.

140 stuck a 3 ort = 405 ort

tho den Packen, Vor un Kosten = 1 ort, 1 sk.

Tho tholle 4 1/2 Ry. Dall	= 13 ort 14 sk.
Latris Dise Side	= 3284 ort, 13 sk.
<i>Utsendt side 4:</i>	
Anno 1624 Den 3 Junius inden Nahmen Gottess, gescheperet By. Sch Peter Jung	
250 wag Rundtfisch, de weg 3 ort 3 sk	= 796 ort, 17 sk.
16 stuck hude	= 52 ort, 8 sk.
31 Kip Zegen a 46 1/2 decker Hiruan 5 1/2 decker 5 ort 12 sk	= 37 ort, 8 sk.
40 decker a 5 ort	= 240 ort
62 decker Kalffell, 29 s.	= 112 ort 5 sk.
24 decker Schapfell 1 Ry. Dall	= 72 ort, 9 sk, 7 1/5 p.
Voeden fisch tho stounen	= 10 sk.
1 Wag 2 P. Drogen Lass a 10 ort	= 16 ort, 11 sk, 8 p.
1/4 Lass a	= 4 ort, 8 sk.
Den Schipper vegen dass jungenss	= 2 ort 8 sk.
Noch den jungen, vorstecket	= 4 ort, 8 sk.
Tolle 1 3 1/2 Ryc daler	= 40 ort, 8 sk
Den 20 July By S: Jackup Stockfiss	
12 tunne Rotsts weg 87 1/2 weg a 3 ort 6 sk	= 294 ort 12 sk.
200 wag Rundtfisch, yn tall 3460 weg a 3 ort 3 sk	= 637 ort 8 sk.
1/2 tunne Mackrelen a	= 6 ort
1/2 tunne Flickherrings	= 3 ort
tolle 7 Rydall	= 21 ort
Latris dise side	= 2343 ort, 7 s. 3 p.

### Vedlegg 3:

#### **Transkribering av 0712: (eit utval av sider)**

##### *Inntatt side 7:*

Anno 1625 als 30 Marty also ich fann Lübeck bin gesegelt haff mey mein herr midt gedchem  
ein hundert Reches dalle = 300 ort.

Noch 50 ort Lubesche am danesche ordem.

Als 25 Aprill utschipper Pasche Knucken sinn schipp Empfangen als folget.

3 last Helle tunen behr a 84 ort = 252 ort

anem dem schipp empfangen = 50 ort

Als 26 Aprill utschipper Laurs Kallz sin schipp Empfangen als folget.

5 hele lest tunnen behr a 84 ort = 420 ort

1 halue lest tunnen behr = 84 ort

2 hene adre tunen Derinne 50 kage krudt

ein ieder Kag. Kost 2 ort = 100 ort

noch hir in Etwass grutt

wenn dem schinner Empfangen = 100 ort

De fracht is als = 63 ort

Als 14 Mayus utschipper Laurs Jungen sin schipp Empfangen als folget.

4 lest fett behr in ieder lest 132 ort = 528 ort

Wann dem schipper empfangen fracht als = 40 ort

Summa dis sidh = 1924 ort

*Inntatt side 8:*

Anno 1625 als 16 Mayus utschipper Hannss Bill sin schipp Empfangen als folget:

2 lest veds behr a 132 ort = 264 ort

6 tun medde a 18 ort = 108 ort

7 tunen gelfkede grutt a Laurs Kallz

noch etwass grutt sindt 10 1/2 gemetten tunen

ein ieder tun 8 ort 8 skilling = 89 ort 4 skilling

ein andell derinnen ein hundert Riches daller = 300 ort

wann dem schipper Empfangen = 60 ort

Als 16 mayus utschipper Johann Schonniek sinn schipp empfangen als folget.

4 lest vads behr a 132 ort = 528 ort

1 Packen bastball kost = 400 ort

1 andell derinnem 70 stuckfen achten annde 30 Riches deller = 300 ort

van dem Schipper Empfangen de fracht is als = 43 ort

Als 16 juny utschipper Louerz Pawelss sin schipp empfangen als folget.

28 tun Rogg a 8 ort 12 sk = 245 ort

Dem schipper de fracht als pfenning = 20 ort 2 skilling 6

Als 17 jiuny utschipper Hinrick Fentter sin schipp empfangen als folget.

3 lest tunen behr a 84 ort = 240 ort

hireint sindt 2 tunen anddich a 12 ort = 1 ort 8 skilling

dem schipper de fracht betallet als = 30 ort 8 skilling

Summa dis sidt = 589 ort 8 skilling

*Utsendt side 1:*

Hier fölget Allet ich am meiner Herren Dierrick Grauenstedd nach Lübeck gescheppet hebbe.

Anno 1625 als 29 Aprill hebbe ich in Schipper Laurs Kallz sinn schipp gescheppet als folget:

einem Packenn Kalffell derinnen sin 79 decker ein ieder deker Kost 30 skilling Lubsck 148 ort 2 skilling = 148 ort, 2 s.

20 hundert kipp hold kost = 12 ort

tho tollen gegeben als = 6 ort

Als 14 Mayus in schiper Laur Jungen sinn schipp gescheppet als folget:

1/2 last herrink a 9 ort 8 skilling = 57 ort

tho tollen gegeben = 12 s.

Als 23 Mayus gescheppet in Hanss Dell sinn Schipp Also folget erstlich

26 halue tune Dosck a 12 ort = 156 ort

1 Hemborger tun derinne 5 wager daorbtschepflesche ein

ieder veye 4 1/2 = 22 ort 8 s.

8 twolfter dellenn = 22 ort, 8 s.

2 twolfter spernn a 2 ort = 4 ort

1/4 Frischenn Lesst a 12 ort = 12 ort

tho tollenn gegeben als = 7 ort

Anno 1625 Als 23 Mayus in schipper Johan Schonnick sin schipp gescheppet als folget:

1 lest herrinck a 9 ort 8 skilling	= 114 ort
23 twolfter dellnn a 2 ort 10 s.	= 60 ort
21 lange kordenn ein ieder korde 4 s.	= 5 ort, 4 s.
vor 3 deller kipp holdt	= 6 ort
tho tollen gegeben	= 9 ort
Summa dis sidht	= 446 ort 6 skilling

*Utsendt side 2*

Als 3 Augusty in schipper Laurs Kallz sin schipp gescheppet als folget.

2 lest dosch a 9 ort	= 216 ort
14 halue tune traan a 24 ort 9 skilling	= 257 ort, 14 s, 6 p.
19 tune Rodtscher de wecht 129 wage	= 387 ort
11 tune Reff	= 184 ort 4 s.
1 tunn Reff	= 7 ort
1/2 tune lasks	= 9 ort 12 s.
4 tune Kelfspurnn	= 34 ort
1 Kipp Ruchenn	= 7 ort, 4 s.
1 klenen kipp midt less	= 7 ort
1 kipp Reff derinnen is	= 13 ort, 12 s.
24 Moldtseck	= 15 ort
2 Rundtfisch wagen	= 2 ort, 8 s.
1/2 tune Makreller	= 6 ort, 8 s.
320 vage Rundtfisch a 3 ort	= 960 ort
1/2 tun hollender tveback	= 6 ort 6 s.
1/4 frische botter	= 12 ort 12 s.
1 tunne flick herrinck	= 2 ort 3 s.

tho tollen gegeben = 53 ort 4 s.

Summa dis sidht = 2377 ort 3 s. 6 p.

*Utsendt side 3*

Anno 1625 by 1. September in Pesche Fenckenn sin schipp gescheppet als volget

10 helle 4 halue tune trane a 2 ort = 288 ort

6 thunne Rodtscher de wagenn in alse 43 = 138 ort

156 wage Rundfisch a 3 ort = 468 ort

tho tollenn gegeben als 11 R.D 1/2 ort = 33 ort, 6 s.

By 10 September in Cleus Jungen sinn schipp gescheppet Alse volget

6 helle 4 halue tun trane a 24 ort = 192 ort

18 tun Rodtscher de wage in alls 131 = 395 ort

210 wage Rundtfisch a 3 ort = 630 ort

tho tollenn gegebenn 13 R. Dall 1 ort = 39 ort, 12 s.

By 18 September in Hanss Steckenn sin schipp geschepp als volget Erstlich

4 helle tunne trane a 24 ort = 96 ort

24 tune Rodtscher de wage in allt 177 = 531 ort, 8 s.

6 tune dosch = 54 ort

200 wage Rundtfisch a 3 ort = 600 ort

1/2 tun Redtfisch = 2 ort, 8 s.

1 Mischingesche Lucht a 24 = 24 ort

tho tollenn gegebenn 10 R. Daller = 30 ort

Summa dise Sidt = 3514 ort, 12 s.



